



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

AORG350

Masteroppgåve

VÅR 2017

Etikk, takk?

**Integreringa av etikk i Statens
pensjonsfond utland**

Ragnhild Bjørvik Fugle

Samandrag

Denne oppgåva undersøker av førekomsten og framveksten av etiske omsyn blant investorar. Etikk vert forstått som ein ikkje-monetær norm, som i dag har fått eit stort nedslagsfelt gjennom konkrete strategiar og investeringspraksisar på den globale finansmarknaden. Oppgåva ser vidare på korleis slike omsyn vert innover, spreidd, legitimert og potensielt svekkja, innanfor rammene av det som tradisjonelt har vore monetære og finansielt-orienterte aktivitetar. Undersøkingssubjektet er den norske offentlege investeringseiningen Statens pensjonsfond utland (SPU). SPU kan sjåast som eit særskilt unikt tilfelle i det varierte landskapet av eksisterande investortypar, både målt i pengeverdiar, men også i fondets bruk av etiske praksisar. Sett i samanheng med temaet har denne observasjonen munna ut i følgjande todelte problemstilling: *Korleis har etikk vorte integrert i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland? I kva grad har det skjedd ei desintegrering av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland?*

Oppgåva gjev ei deskriptiv framstilling av fondets gradvise integrering av etikk, frå ei frårådande haldning dei fyrste åra, til ei særskilt tilrådande haldning til dei etablerte etiske praksisane dei siste åra. Analysen tilseier at oppfatninga av etikkens og dei etiske praksisanes kompleksitet har vore det viktigaste hinderet for spreinga av etikk i fondsforvaltninga. Samstundes har etikk byrja å ta regelmessige former gjennom ei auka vektlegging av etikkens kompatibility med eksisterande normer og målsetjingar innad i forvaltningsorgana. Avslutningsvis konkluderer oppgåva med at etiske omsyn ikkje ser ut til å vere svekkja i SPU, men heller tilnærma fullstendig integrert inn i fondsforvaltninga, om ein ser på utviklinga den seinare tida. Oppgåva vurderer også denne inkluderinga til å vere særskilt saktegåande, og at dette skuldast eigenskapar ved SPU sjølv, og den konteksten fondet har vorte forma innanfor. Såleis kan dette vere eit bidrag til å forstå noko av den unike plasseringa SPU no har fått blant dagens investorar.

Forord

Arbeidet med masteroppgåva har vore motivert av mange og svært lærerike år på universitetet i Bergen. Såleis skuldar eg ein takk til alle forelesingar, forelesarar og medstudentar frå fleire studieretningar for inspirasjon til denne oppgåva. Nokre konkrete aktørar står likevel ut.

Fyrst, ein stor takk til forskingsgruppa PGI, både tidlegare og noverande medlemmar, som har vist eit særskilt engasjement for dette og andre sitt arbeid. I tillegg har gruppa i sin heilskap vore motiverande til å undersøke tema som ein sjølv har stor interesse for. Takk for kommentarar, tilbakemeldingar og interessante diskusjonar over tre semester.

Ein stor takk må også rettast til rettleiar over tre semester, Thor Øivind Jensen, som har vist ei særskilt begeistring for temaa som denne oppgåva er innom. Takk også for å ha leia oppgåva på den rette vegen, når teoriar og metodologiar har vorte for uhandterlege og abstrakte.

Takk også til informanten som bidrog med opplysende og interessant informasjon i undersøkinga.

Til slutt, ein stor takk til Bjarne, for all tålmod og moralsk støtte.

Ragnhild Bjørvik Fugle

Bergen, 01.06.17

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| <u>1.0 Introduksjon</u> | 10 |
| 1.1 Tema..... | 10 |
| 1.2 Oppgåvas føremål..... | 10 |
| 1.3 Problemstilling..... | 12 |
| 1.3.1 Problemstillingas avgrensing..... | 14 |
| 1.3.1.1 Empirisk avgrensing..... | 14 |
| 1.3.1.2 Teoretisk avgrensing..... | 17 |
| 1.4 Oppgåvas struktur..... | 18 |
| <u>2.0. Bakgrunn</u> | 19 |
| 2.1 Innleiing..... | 19 |
| 2.2 Etikk og investering..... | 19 |
| 2.2.1 Etikk og investering: Ei normativ tilnærming..... | 20 |
| 2.2.2 Etikk og investering: Ei instrumentell tilnærming..... | 22 |
| 2.2.3 Etikk og investering: Ei deskriptiv tilnærming..... | 25 |
| 2.2.4 Oppgåvas tilnærming..... | 27 |
| 2.3 Nasjonale investeringsfond..... | 28 |
| 2.4 Nasjonalt investeringsfond i Noreg..... | 31 |
| 2.4.1 Organisering av Statens pensjonsfond utland..... | 33 |
| 2.4.1.1 Retningslinjer for observasjon og utelukking..... | 35 |
| 2.4.1.2 Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland..... | 35 |
| 2.4.1.3 Aktivt eigarskap..... | 36 |
| <u>3.0 Teori</u> | 37 |
| 3.1 Innleiing..... | 37 |
| 3.2 Institusjonell teori..... | 37 |
| 3.2.1 Formulering av hypoteser..... | 38 |
| 3.2.2 Kultur, institusjon og organisasjon..... | 39 |
| 3.2.3 Klassisk institusjonell teori og ny-institusjonell teori..... | 41 |
| 3.2.4 Historisk institusjonalisme..... | 43 |
| 3.3 Institusjonalisering..... | 44 |
| 3.3.1 Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva: Framdrift..... | 45 |
| 3.3.1.1 Relasjon..... | 46 |
| 3.3.2 Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva: Stabilitet..... | 47 |
| 3.3.2.1 Modus..... | 47 |

| | | |
|------------|--|----|
| 3.3.3 | Konsekvensar av institusjonaliseringsprosessen..... | 48 |
| 3.4 | Deinstitusjonalisering..... | 48 |
| 3.5 | Analytisk tilnærming..... | 49 |
| 3.5.1 | Utforming av variablar..... | 50 |
| <u>4.0</u> | <u>Metode</u> | 52 |
| 4.1 | Innleiing..... | 52 |
| 4.2 | Problemstilling..... | 52 |
| 4.2.1 | Langsgåande design..... | 53 |
| 4.2.2 | Casestudie..... | 54 |
| 4.2.2.1 | Utveljing av case..... | 54 |
| 4.3 | Metode og data..... | 56 |
| 4.4 | Kvantitativ dokumentanalyse..... | 58 |
| 4.4.1 | Datagrunnlag..... | 58 |
| 4.4.1.1 | Eigenskapar ved datagrunnlaget..... | 59 |
| 4.4.2 | Einingar, variablar og variabelverdier..... | 60 |
| 4.4.2.1 | Utforming av variablar: Regjeringa sin database..... | 61 |
| 4.4.2.2 | Utforming av variablar: NBIM sin database..... | 62 |
| 4.4.3 | Koding og intersubjektivitetstest..... | 63 |
| 4.4.4 | Frekvensfordeling..... | 64 |
| 4.5 | Kvalitativ dokumentanalyse..... | 64 |
| 4.5.1 | Datautveljing..... | 64 |
| 4.6 | Kvalitativt intervju..... | 65 |
| 4.6.1 | Ethiske vurderingar..... | 65 |
| 4.7 | Validitet og reliabilitet..... | 66 |
| 4.7.1 | Validitet og reliabilitet i kvantitativ metode..... | 66 |
| 4.7.2 | Validitet og reliabilitet i kvalitative metodar..... | 67 |
| 4.7.3 | Triangulering..... | 68 |
| 4.8 | Generaliserbarheit..... | 69 |
| <u>5.0</u> | <u>Funn</u> | 71 |
| 5.1 | Innleiing..... | 71 |
| 5.2 | Sortering av dokument..... | 71 |
| 5.3 | Koding av dokument..... | 73 |
| 5.3.1 | V2: Dokumenttype..... | 73 |
| 5.3.2 | V3: Opphav..... | 75 |

| | |
|--|-----|
| 5.3.3 V4: Indirekte og direkte omtale..... | 76 |
| 5.3.4 V5: Omfang..... | 77 |
| 5.3.5 V6: Haldning..... | 78 |
| 5.3.6 V7: Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning..... | 79 |
| 5.4 Hovudfunn..... | 80 |
| 5.4.1 Periode 1: 1996 til 2000..... | 81 |
| 5.4.1.1 Direkte og indirekte omtale..... | 84 |
| 5.4.1.2 Omfang..... | 84 |
| 5.4.1.3 Haldning..... | 85 |
| 5.4.1.4 Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning..... | 85 |
| 5.4.2 Periode 2: 2001 til 2005..... | 87 |
| 5.4.2.1 Direkte og indirekte omtale..... | 90 |
| 5.4.2.2 Omfang..... | 91 |
| 5.4.2.3 Haldning..... | 91 |
| 5.4.2.4 Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning..... | 91 |
| 5.4.3 Periode 3: 2006 til 2010..... | 93 |
| 5.4.3.1 Direkte og indirekte omtale..... | 95 |
| 5.4.3.2 Omfang..... | 95 |
| 5.4.3.3 Haldning..... | 95 |
| 5.4.3.4 Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning..... | 96 |
| 5.4.4 Periode 4: 2011 til 2016..... | 96 |
| 5.4.4.1. Direkte og indirekte omtale..... | 97 |
| 5.4.4.2 Omfang..... | 98 |
| 5.4.4.3 Haldning..... | 98 |
| 5.4.4.4 Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning..... | 98 |
| <u>6.0 Analyse.....</u> | 100 |
| 6.1 Innleiing..... | 100 |
| 6.2 Institusjonelle trekk ved Statens pensjonsfond utland..... | 102 |
| 6.3 Institusjonalisering av etikk i Statens pensjonsfond utland..... | 103 |
| 6.3.1 Innovasjon..... | 103 |
| 6.3.2 Spreiing..... | 104 |
| 6.3.2.1 Relasjon..... | 108 |
| 6.3.3 Legitimering..... | 109 |
| 6.3.3.1 Modus..... | 110 |

| | |
|--|------------|
| 6.3.4 Oppsummering av institusjonaliseringsprosessen..... | 112 |
| 6.4 Aktør og struktur..... | 112 |
| 6.4.1 Aktør..... | 113 |
| 6.4.2 Struktur..... | 116 |
| 6.4.3 Oppsummering aktør og struktur..... | 118 |
| 6.5 Deinstitutionisering av etikk i Statens pensjonsfond utland..... | 119 |
| 6.6 Oppsummering av analysa..... | 122 |
| 6.6.1 Langsgående tilnærming | 123 |
| 6.6.2 Institusjonell kontekst..... | 124 |
| <u>7.0. Konklusjon.....</u> | <u>126</u> |
| 7.1 Innleiing..... | 126 |
| 7.2 Oppgåvas bidrag..... | 127 |
| 7.3 Vidare utvikling..... | 128 |
| 7.4 Framtidig forskning..... | 128 |
| Kjelder..... | 129 |
| Vedlegg..... | 139 |
| Vedlegg 1: Kodebok..... | 139 |
| Vedlegg 2: Intervjuguide..... | 140 |
| Vedlegg 3: Førespurnad om intervju..... | 142 |

Tabellar og figurar

Kapittel 2:

Tabell 2.1: Investeringsmoglegheiter etter grad av CSR og profit.....23

Tabell 2.2: Oversikt over nasjonale investeringsfond.....29

Figur 2.1: Strukturen kring Statens pensjonsfond utland.....34

Kapittel 3:

Figur 3.1: Grad av formalisering av sosiale praksisar.....40

Figur 3.2: Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva.....45

Kapittel 4:

Tabell 4.1: Datagrunnlag.....59

Kapittel 5:

Tabell 5.1: Resultat av sortering.....71

Figur 5.1: Antal dokument over år (V1).....72

Tabell 5.2: Antal dokument etter dokumenttype (V2).....74

Tabell 5.3: Antal dokument etter opphav (V3).....75

Figur 5.2: Indirekte eller direkte omtale (V4) over år.....76

Figur 5.3: Omfang (V5) over år.....77

Figur 5.4: Haldning (V6) over år.....79

Tabell 5.4: Antal dokument fordelt over fire tidsperiodar.....80

Forkortingar

| | |
|---------|--|
| CSR | Corporate Social Responsibility |
| ESG | Enviromental, Social and Governance |
| EUROSIF | European Sustainable Investment Forum |
| FN | Dei sameinte nasjonane |
| NBIM | Norges Bank Investment Management |
| NORSIF | Norsk Forum for Ansvarlige og Bærekraftige Investeringer |
| NOU | Norges Offentlige Utredninger |
| OECD | Organisation for Economic Co-operation and Development |
| SPU | Statens pensjonsfond utland |
| SRI | Socially Responsible Investment |
| SWFI | Sovereign Wealth Fund Institute |

1.0 Introduksjon

1.1 Tema

Denne oppgåva undersøker tilførsla av verdivurderingar til monetære aktivitetar, hos ein av verdas største fondsforvaltarar. Å tillegge finansiell forvaltning ein slik etisk dimensjon, ein norm eller ei vurdering er ein aktivitet som veks globalt. Denne veksten kan både tilskrivas ein høgare forekomst av ulike spesialiserte, sosiale investorar, men også storleiken på selskapa som har byrja å introdusere sosiale praksisar¹ til sine aktivitetar (Sparkes og Cowton 2004:54). Samstundes er også verdivurderingar i tradisjonelt finansielt-orienterte aktivitetar ein kontroversiell aktivitet. I økonomisk teori har ein til dømes lenge diskutert i kva grad slike omsyn bør eksistere, sidan inkludering av ikkje-finansielle omsyn betyr at ein kan forvente at verksemdar tek på seg ytterligere ansvarsoppgåver, i tillegg til ansvaret for avkasting (Kitzmueller og Shimshack 2012:52). Det same gjeld den juridiske fagtradisjonen. Her har ein kjent diskusjon handla om kven verksemdar bør stå til ansvar for, enten det er aksjonæranane, eller alle “stakeholders” (Ho 2010:71), som har ei interesse i verksemda sine aktivitetar. Grunnane til at ein inkluderer slike omsyn, og korleis ein gjer det, er dermed noko som vert diskutert ytterligere i denne oppgåva.

Førekomsten og framveksten av etikk vert undersøkt innanfor forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU). SPU er verdas største nasjonale investeringsfond (SWFI 2017), og fondet er dermed ein betydeleg investor globalt, med eigarskap til kring 1,3 prosent av verdas aksjar (NBIM 2016:26). Nasjonalt er også fondet svært viktig. SPU vart etablert i Noreg for å fungere som ein buffer til framtidige statsbudsjett (NOU 2016:20, s. 15), og utgjør dermed no ein enorm økonomisk reserve til kommande generasjonar. I SPU har også etikk vore eit breitt diskutert tema. I fondsforvaltninga si fyrste vurdering uttalte ein at bruk av eigarrettane i etiske eller sosiale spørsmål var “[...] neppe en ønskelig framgangsmåte for petroleumsfondets vedkommende” (Meld. St. 1 (1997-1998)). 19 år seinare slo ein fast at; “Hensyn til styring av selskaper, miljø og samfunnsforhold er integrert i forvaltningen” (Meld. St. 23 (2015-2016):64). I løpet av desse åra har det derfor føregått ei vesentleg endring i forvaltninga sitt syn på slike etiske praksisar. Å undersøke tilførsla av etikk til forvaltninga av SPU over desse åra er derfor hovudtemaet for denne oppgåva.

1.2 Oppgåvas føremål

¹Sparkes og Cowton (2004) nyttar betegnelsen Socially Responsible Investment (SRI) i sin artikkel. Ei avklaring av dei mange omgrepa som sirkulerer kring slike investeringar vert presentert i kapittel 2.

Masteroppgåva kan grunnjevast ut frå empiriske, metodiske og teoretiske omsyn. Fyrst kan oppgåva vere eit empirisk bidrag til å undersøke eit felt med relativt få referansepunkt. Sjølv om stadig fleire og større investorar inkluderer sosiale praksisar i sine aktivitetar (Sparkes og Cowton 2004:54), og diskusjonar kring investering med omsyn til ytterligare “stakeholders” er innom fleire fagtradisjonar, så vert empiriske undersøkingar av investorar fyrst og fremst forankra i finansielle og økonomiske analyser, og i investeringsindustrien sjølv (Kurtz 2012:17). Undersøkingar av etikkens potensielle lønsamheit er dermed svært vanleg (Cowton 1999a:104). Empiri kring etiske investorar kjem også frå nasjonale og internasjonale forum, nettverk og organisasjonar, slik som Norsk Forum for Ansvarlige og Bærekraftige Investeringar (Norsif) og European Sustainable Investment Forum (Eurosif), der ein fyrst og fremst kartlegg investeringanes omfang og rekkjevidde. Eurosif publiserer til dømes rapportar som dokumenterer europeiske investorar si tilslutning til ulike sosiale praksisar (Eurosif 2016). Ein kan dermed seie at det er den økonomiske fagtradisjonen, investorar og slike organisasjonar som står for det meste av empirien kring etiske investeringar. På feltet kring nasjonale investeringsfond er det også etterlyst fleire undersøkingar, særskilt sidan ein ser at fonda utgjer ein stadig større del av den globale aksjemarknaden. Undersøkingar av effekten av slike fond er til dømes etterlyst (Rose 2008:148). Feltet kring Statens pensjonsfond utland (SPU) er også avgrensa, sjølv om ein kan finne interessante undersøkingar av nasjonale investeringsfond, som også omfattar det norske SPU (Blackburn et al. 2008; Backer 2009; Lyons 2007). Fondet sine aktivitetar vert derimot utførleg dokumentert av forvaltarane sjølve, i tillegg til eksterne forvaltarar. I tillegg finansierer forvaltninga forskning på felt innanfor fondets verkeområde (NBM 2016:59). Dette utelukkar likevel ikkje behovet for ei ytterligare undersøking av fondet, og ut frå ein annan empirisk ståstad. Til saman er feltet kring etikk og Statens pensjonsfond utland dermed ei empirisk grunngeving for denne oppgåva.

Ei metodisk grunngeving knyt seg til observasjonen av at feltet er prega av økonomiske undersøkingar, som hovudsakleg nyttar seg av matematiske og statistiske teknikkar. Cowton (1999a) nemner simuleringsanalyser, der ein set saman konstruerte porteføljer med og utan etiske kriterier, og samanliknar prestasjonen frå desse, ved hjelp av retrospektive data. I tillegg har ein også empiriske analyser, som undersøker faktiske etiske fond og investorar si finansielle prestering (Cowton 1999a:104). Dette er dermed to vanlege metodiske tilnærmingar til etikk og etisk investering. Ei undersøking av etikk som avviker frå slike prestasjonsbaserte analyser er dermed oppgåva sitt bidrag til det metodiske landskapet på feltet.

Temaet kan også grunnjevast ut frå teoretiske omsyn. Fyrst kan oppgåva vere eit bidrag til å forstå etikk ut frå ein annan teoretisk ståstad, enn den ståstaden som pregar dette feltet. Lewis og Cullis (1990) karakteriserer til dømes den økonomiske fagtradisjonen sin innfallsvinkel til etisk investering som økonomisk determinisme (Lewis og Cullis 1990:398), som dermed indikerer at den økonomiske fagtradisjonen har eit distinkt syn på korleis førekomsten av etiske omsyn på finansmarknaden skal eller bør forklarast. Kombinert med observasjonen av at den økonomiske fagtradisjonen står for den største andelen av analysene på feltet, så kan ein dermed sjå verdien av undersøkingar som avviker frå denne teoretiske ståstaden. Vidare kan også det å sjå inkludering av etikk over tid vere eit ytterligare bidrag til det teoretiske feltet. Mange teoriar siktar til dømes til korleis endringsprosessar skjer som følgje av at praksisar vert legitimert, eller adaptert inn i ein organisasjon, men lite på kvifor det spenn over gitte tidsrom, eller tek ei viss tid. Å inkludere tidsdimensjonen er derfor noko som kan gje ei ytterligare forståing av slike endringsprosessar (Lawrence, Winn og Jennings 2001:625; Mahoney og Thelen 2010:2). I tillegg er det også få studiar som ser på moglege nedprioriteringar av praksisar i organisasjonar, der ulike praksisar svekkjast over tid (Dacin og Dacin 2008:327). Å nytte seg av eit teoretisk utgangspunkt som skil seg frå dei overnemnte forholda er dermed oppgåva sitt teoretiske bidrag til feltet.

1.3 Problemstilling

Problemstillinga representerer ei vidare spesifisering av temaet for oppgåva. Problemstillinga bør vere relevant, mogleg å undersøke, samt fagleg interessant (Ringdal 2001:20-21). Ei kort utgreiing kring den valde problemstillinga, samt dei avgrensingane som problemstillinga presenterer, vert dermed diskutert i dei kommande avsnitta.

Temaet vart presentert som eit møte med kontrasterande diskusjonar frå ulike fagtradisjonar. Felles for desse diskusjonane er likevel ei stadfesting av at etiske omsyn har blitt introdusert til finansmarknaden, og at etikk dermed representerer ein distinkt norm eller aktivitet, samanlikna med finansielle vurderingar av investeringar. Uavhengig av om etiske omsyn bør eller ikkje bør eksistere kan ein dermed seie at fenomenet “etikk” impliserer ei rekkje interessante problemstillingar, som dermed kan observerast blant dagens investorar og marknadsaktørar. Eit særskilt interessant aspekt ved etiske normer eller praksisar er til dømes måten det vert introdusert på hos investoren. Leisinger (2009) skildrar suksessfull inkludering av såkalla “corporate responsibility” hos private verksemdar som ein prosess som krev endring på eit overordna og eit personleg nivå. Sjølv om verksemda startar med “gode” intensjonar, krev det likevel ei redefinering av verksemda sine overordna målsetjingar, og

deretter ei omsetjing av dette til faktiske handlingar (Leisinger 2009:31). Ein introduksjon av ytterligare omsyn kan dermed sjåast som ein omveltande prosess som endrar grunnleggjande haldningar, gjeldande normer og faktiske aktivitetar hos tradisjonelt finansielt-orienterte aktørar. Vidare viser det at grunnlaget for slike preferansar også kan sjåast som konstruert, og at det dermed ikkje er gitt, men kan endrast og stabiliserast over tid (Harrison og Mikler 2014:4). Den fyrste intensjonen til denne oppgåva vert derfor å undersøke ein slik endringsprosess, i form av introduksjonen av etikk til investeringseiningen Statens pensjonsfond utland (SPU). Dette kan formulerast som følgjande problemstilling: *Korleis har etikk vorte integrert i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland?*

Motivasjonen til å undersøke dette nærare er derfor for å kunne avdekkje korleis denne prosessen har funne stad. Ei slik undersøking er høgst relevant, særskilt i tilfellet med SPU. Financial Times reknar til dømes at fondet si ekskludering av selskap frå investeringsporteføljen, basert på etiske kriterier, er blant den mest omfattande i verda, samanlikna med andre fondsforvaltarar (Milne [Financial Times] 2013). Slik aktivitet vert kalla ekskludering, eller “screening”, og er den mest utbredte sosiale praksisen blant investorar i Europa (Eurosif 2016:56). Fondets nokså ekstensive bruk av slike praksisar skjer dermed knapt 20 år etter at ein uttalte at etiske og sosiale omsyn i eigarspørsmål var “[...] neppe en ønskelig framgangsmåte for petroleumsfondets vedkommende” (Meld. St. 1 (1997-1998)). Synet på etikk og etiske praksisar har dermed gjennomgått ei nokså betydeleg haldningsendring innad i SPU i løpet av desse åra. Vidare har det også funne stad omfattande diskusjonar kring SPU og etikk, heilt i frå dei fyrste åra frå då fondet var satt i operativ drift. I det heile har grensene for fondet sitt etiske ansvar vorte hyppig debattert, også i norsk offentlegheit². Spørsmålet vert derfor korleis ein kan undersøke dette nærare, og dermed det andre punktet til Ringdal (2001). Ein mogleg innfallsvinkel kan vere å sjå introduksjonen av etikk ut frå tilslutninga til etikk i fondsforvaltninga. Rogers (2002) seier til dømes at introduksjonen, og den vidare spreinga av ein praksis, vert determinert av korleis den vert oppfatta innad i organisasjonen (Rogers 2002:990). Såleis vil ei undersøking av omtalen av etikk i innad i den formelle fondsforvaltninga kunne gje indikasjonar på kva som har dreve integreringsprosessen framover. Dette er også eit fagleg interessant moment, som representerer det siste punktet hos Ringdal (2001). Her tek ein steget vidare frå dei normative diskusjonane kring etiske investeringspraksisar, og til ei empirisk skildring av ein investor sine skiftande haldningar til slike omsyn og aktivitetar. Dette er noko som tillegger temaet ei deskriptiv forståing, som dermed skil seg frå kategoriske eller hypotetiske forståingar

2Sjå RORG sine ressursider (RORG-samarbeidet 2017) for ei detaljert oversikt.

(Donaldson og Preston 1995:71-72), som er to andre forklaringar på kvifor slike etiske eller sosiale praksisar oppstår.

I tillegg til å observere at etikk har vorte tilført til fondsforvaltninga, så kan ein også sjå tendensar til at dei noverande etiske praksisane vert mindre omtalt, og dermed at det finn stad færre diskusjonar kring etikk i fondsforvaltninga. Desse tendensane vert utdjupa i den empiriske framstillinga seinare i denne oppgåva, men ein kan seie at slike nedadgåande omtaler også kan sjåast som ei mogleg nedprioritering av etiske omsyn i Statens pensjonsfond utland. Å sjå etter ein potensiell desintegreringsprosess av etikk er derfor oppgåvas andre intensjon, og vert formulert som følgjande problemstilling: *I kva grad har det skjedd ei desintegrering av etikk i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland?*

1.3.1 Problemstillingas avgrensing

Ei undersøking av ein viss storleik fordrar ei rekkje avgrensingar. Fyrst kan ein seie at problemstillinga bør fungere som ei rettesnor for undersøkinga (Grønmo 2004:75), og at dei mest overordna avgrensingane då må basere seg på den gitte spørsmålsformuleringa. Den todelte problemstillinga presentert ovanfor indikerer dermed fleire empiriske og teoretiske avgrensingar. Dette vert diskutert i dei kommande avsnitta.

1.3.1.1 Empirisk avgrensing

Sidan uttrykket “etikk” i problemstillinga vert sett i samanheng med investeringseiningen Statens pensjonsfond utland, så kan ein seie at oppgåva skal sjå på etikk i tilknytning til investorar og investeringsaktivitetar. Ei empirisk avgrensing av feltet kring etikk og investering har derfor vore naudsynt. Fyrst kan ein seie at oppgåva har ekskludert vektlegginga av dei monetære eller profittsøkande omsyna, som vert inkludert i ei vid forståing av slike aktivitetar, slik som hos Kurtz (2008:251). Undersøkingar av etikkens potensielle lønsamheit er ei svært vanleg problemstilling (Cowton 1999a:104), der mange av undersøkingane prøver å påvise i kva grad etiske omsyn verker inn på den finansielle avkastninga. Denne oppgåva vil derimot isolere etikk som ein særskilt type motivasjon, som ein eigen norm eller som ei spesiell verdivurdering, som dermed skil seg frå profittmaksimerande omsyn. Dette vert då ei meir snever forståing av etiske investeringsaktivitetar. Etikk vert i denne oppgåva dermed sett som ein ikkje-monetær motivasjon, slik som hos Lewis og Cullis (1990:397). Denne ikkje-monetære motivasjonen vil då sjåast i samanheng med forvaltninga av pengeverdiar, og meir spesifikt, i forvaltninga av SPU, i denne oppgåva. Aktivitetar som er finansielt drivne, og som ein dermed ser i

samanheng med finansielle intensiv (Lewis og Cullis 1990:406), fell derfor ikkje under betegnelsen “etikk” ut frå denne avgrensinga. Skiljet mellom finansielle investorar, etiske investorar, samt meir hybride versjonar av desse, vert diskutert ytterligare i kapittel 2 om bakgrunnen for temaet i denne oppgåva.

Vidare tek oppgåva ikkje sikte på å gjere ei normativ vurdering av etiske investeringspraksisar. Såkalla “stakeholder”-teori, som kan seiast å ha ei rekkje fellestrekk med etisk investering, har til dømes vore dominert av normative ståstadar sidan starten av (Dodd 1932, referert i Donaldson og Preston 1995:71). Slike fenomen har dermed lenge vore knytt opp til vurderingar av kva som er “riktige” pengeplasseringar. Oppgåva vil derfor innta ei overordna empirisk og deskriptiv tilnærming til fenomenet, som då vert bakgrunnen for ordlyden om *korleis* etikk er tilført fondet, og *graden av* desintegrering av etikk frå fondet, i formuleringa i problemstillinga.

Når det gjeld undersøkingsobjektet i denne oppgåva, Statens pensjonsfond utland (SPU), er det også gjort ei rekkje empiriske avgrensingar. Fyrst har det vore naudsynt å avgrense kva som skulle utgjere formuleringa “forvaltninga av Statens pensjonsfond utland” i problemstillinga. Bakgrunnen for denne noko uklære formuleringa er grunna i at fondet i seg sjølv ikkje er ein eigen juridisk eining, men tilknytt ei rekkje offentlege og private organ, norske og internasjonale organisasjonar og nasjonale og globale nettverk. Alle desse aktørane kunne dermed gjeve interessante innspel til korleis fondet vert og har vorte forvalta. Denne oppgåva har derimot valt å konsentrere seg om to aktørar, som kan seiast å stå for den formelle handteringa av fondet sine verdiar; regjeringsapparatet og Norges Bank Investment Management (NBIM). Medan regjeringa, og herunder Finansdepartementet, er tildelt mandatet til å forvalte fondet, er Norges Bank dei som mottek innskotet til fondet (Statens pensjonsfond-loven 2005:§2). Den underliggende einingen til Norges Bank, NBIM³, er vidare dei som sit med det operative ansvaret knytt til fondets investeringar (NBIM 1998b:1). Regjeringa som eigar og NBIM som operasjonell forvaltar er dermed truleg dei med mest innverknad på fondet sine forvaltningsmessige aktivitetar, og er då valt ut som undersøkingsobjekta i denne oppgåva.

Ved sidan av regjeringsapparatet og NBIM er også Stortinget ein sær viktig aktør. Stortinget er, i kraft av å vere den lovgjevande makta, dei som har gjeve Finansdepartementet mandat til å forvalte fondet. Vidare er også Stortinget den mest sentrale arenaen for politiske debattar og diskusjonar kring fondet si utvikling. Stortinget er derfor også eit interessant og relevant undersøkingsobjekt for å belyse problemstillinga, men ikkje noko som denne

³Tidlegare kalla Norges Bank Kapitalforvaltning.

oppgåva eksplisitt omfattar. Denne empiriske avgrensinga er grunna i motivasjonen til å sjå SPU ut frå dei to organa som fyller rolla som formelle og utøvande forvaltarar av fondet sine pengeverdiar, og for då å kunne handtere SPU som ein investor som potensielt inkluderer etiske normer i sine aktivitetar. Likevel kan ein seie at Stortinget sine vedtak også vert implisitt dekkja i denne oppgåva. For det fyrste har vedtak i Stortinget vorte utførleg omtalt i Finansdepartementet sine dokument. Som ansvarleg departement er Stortinget sine diskusjonar og vedtak truleg dei viktigaste overordna føringane for fondet si utvikling, og noko departementet må førehalde seg til, og som dermed er gjenfunne i mykje av den dokumentasjonen som er gjennomgått i undersøkinga. Denne dynamikken mellom Storting og regjering går også andre vegen. Regjeringa sine forslag til politikkutforming er til dømes det som legg grunnlag for vedtak i Stortinget, noko som dermed utløyser ytterligere dokumentasjon innad i regjeringa. Dette kjem også i tillegg til det overordna rapporteringsansvaret som følgjer frå regjeringa til Stortinget. At prosessane i Stortinget også har vorte gjenfunne i dokumentasjonen frå regjeringa er dermed eit forhold som denne oppgåva har tatt i betraktning, og tillagt ein meir implisitt funksjon i datainnsamlinga og analysa. Likevel skal ein ikkje underslå dei diskusjonane og prosessane i Stortinget som denne oppgåva ikkje har famna om, men oppgåva har dermed hatt ei empirisk avgrensing gjeldande dei utøvande organa kring fondet. I problemstillinga utgjer då regjeringa og NBIM formuleringa “forvaltninga av Statens pensjonsfond utland”.

Vidare har oppgåva inkludert heile regjeringsapparatet i undersøkinga. Dette er derfor tale om ei utviding, eller manglande avgrensing av undersøkingsobjekta, sidan Finansdepartementet aleine er dei står med det formelle eigaransvaret knytt til fondet. Grunngevinga for denne manglande avgrensinga kjem frå ein observasjon av at fleire andre departement enn det ansvarlege Finansdepartementet har uttalt seg om etikk i SPU, over dei åra som er studert. Ein kan derfor hevde at dette er eit interessant moment i seg sjølv, men noko som også gjer til at ein kan sjå heile regjeringa som ein utøvande og aktiv politikkutformar, og då som ein del av fondsforvaltninga. Empirisk inneberer dette at ein kan handtere ulike regjeringskonstellasjonar som har vore samansett i løpet av desse åra, under eitt. Variasjonar mellom departementa, men også ulike regjeringar i sin heilskap, er derfor noko som vert tillagt vekt i den empiriske framstillinga seinare i denne oppgåva.

Til slutt har oppgåva avgrensa feltet til å gjelde dei statlege forvaltningsorganane, og dermed utelukka nasjonale og internasjonale organisasjonar, forum og nettverk. Når det gjeld interesseorganisasjonane kan desse seiast å ha hatt ei sentral rolle i prosessen med å tilføre etiske omsyn til fondet. I 2003 presenterte organisasjonar som Framtiden i Våre Hender,

Amnesty International og Norsk Folkehjelp til dømes eit eige forslag til korleis ein kunne operasjonalisere etiske omsyn, i form av etiske retningslinjer (RORG-samarbeidet 2015). Dette var i tida etter at regjeringa fastslo at dei sjølv ikkje hadde funne måtar å operasjonalisere dette på (Meld. St. 2 (1998-1999)). Forslaget var dermed eit betydeleg innspel til den vidare prosessen med å tilføre etikk til fondet. I tillegg har ein også nasjonale og internasjonale forum som Norsif, Eurosif, International Forum for Sovereign Wealth Funds, samt retningslinjer som UN Principles for Responsible Investment, OECD Guidelines for Multinational Enterprises og The Santiago Principles, for å nemne nokon av dei nettverka og retningslinjene som SPU tek del i. Som nemnt har oppgåva avgrensa seg til den statlege fondsforvaltninga, og dermed ikkje teke med desse organisasjonane og foruma i undersøkinga. Dette er grunna i motivasjonen til å sjå på endringsprosessar innad i SPU si fondsforvaltning. NBIM, samt heile regjeringsapparatet, vert då den gjeldande avgrensinga av SPU si forvaltning i denne oppgåva.

1.3.1.2 Teoretisk avgrensing

Temaet for oppgåva rører ved ei rekkje teoretiske diskusjonar på fleire fagfelt, men er særskilt knytt opp mot diskusjonar i den økonomiske fagtradisjonen. Dette er fyrst og fremst grunna i økonomisk teori og økonomiprofesjonen si tunge tilstadeværing på investeringsmarknaden. Her har analysene fyrst og fremst sitt opphav i finans og økonomi (Kurtz 2012:17). Sjølv har denne oppgåva ingen ambisjonar om å vere ei tverrfagleg undersøking, der ein inkluderer teoriar på tvers av fagtradisjonar. Det er likevel verdifullt å gjere kort greie for andre teoretiske diskusjonar, og samstundes vere godt forankra i eigen fagtradisjon, sidan dette kan bidra til å få eit meir heilskapleg bilete av eit komplekst samfunnsfenomen (Grønmo 2004:52). Sjølv om oppgåva er kort innom andre fagtradisjonar har den dermed ingen ambisjonar som liknar ei tverrfagleg tilnærming.

Problemstillinga indikerer vidare teoretiske avgrensingar knytt til forklaringar av endringsprosessar innad i organisasjonar. Her siktar problemstillinga til at oppgåva skal sjå på prosessen med å tilføre etikk til SPU, med formuleringa “integrert”. Dette indikerer dermed ei vektlegging av tida frå etikk vart diskutert i forvaltninga, noko som i høg grad ekskluderer perioden før etikk vart eit diskusjonstema. Vidare er også prosessen med å desintegre etikk avgrensa til å undersøke graden av desintegrering, noko som antyder at desintegreringa ikkje nødvendigvis har funne stad. Sistnemnte avgrensing handlar derfor om at ein truleg ikkje kan identifisere klare endringsprosessar med svekkelse av etikk over den tidsperioden som er studert, og at ein derfor burde hatt eit lengre tidsperspektiv eller fleire operative år å førehalde

seg til om dette skulle vorte realisert. Å sjå etter antydningar til desintegrering er dermed intensjonen og den gjeldande avgrensinga i denne andre delen av problemstillinga.

1.4 Oppgåvas struktur

Oppgåva er inndelt i sju kapittel. Forutan om dette introduksjonskapittelet inneheld oppgåva fyrst ei avklaring av bakgrunnen for oppgåva sitt tema. Kapittel 2 vil derfor greie ut om sentrale diskusjonar kring etikk, og korleis ein kan sjå etikk og investering ut frå ulike perspektiv og empiriske ståstadar. Kapittelet vil også vere kort innom sentrale avklaringar knytt til nasjonale investeringsfond og Statens pensjonsfond utland. Vidare vil kapittel 3 gjere greie for det teoretiske rammeverket som skal nyttast i oppgåva. Her greiar kapittelet ut om institusjonell teori, og utforming av hypoteser, før det gradvis spesifiserar kva teoretiske forklaringar som vert nytta i denne oppgåva. Kapittelet vert avslutta med ei operasjonalisering av teoriane, i form av formulering av variablar. Kapittel 4 ser på metoden og dei metodiske vala som er gjort i oppgåva. Kapittelet greiar ut om kvantitativ dokumentanalyse, kvalitativ dokumentanalyse og kvalitativt intervju, som er dei tre metodane som er nytta i denne oppgåva. Avslutningsvis diskuterer kapittelet oppgåvas validitet, reliabilitet og generaliserbarheit. Kapittel 5 presenterer funna frå undersøkinga. Dette følgjer fyrst ein overordna struktur, som avklarar dei viktigaste indikasjonane frå den kvantitative dokumentanalysa. Deretter vert hovudfunna presentert i ei kronologisk framstilling, som følgjer fondets historie gjennom 21 operative år. Kapittel 6 set desse funna opp mot teorien, og står for analysen av undersøkinga. Dette kapittelet vert strukturert etter forsøket på å stadfeste eller avvise hypotesene frå teoridelen. Kapittel 7 avsluttar med ein oppsummerande konklusjon av oppgåva, og diskuterer oppgåva sitt empiriske, metodiske og teoretiske bidrag. Kapittelet er også kort innom nyare utvikling og moglegheiter for vidare forskning kring det overordna temaet i denne oppgåva.

2.0 Bakgrunn

2.1 Innleiing

Den kommande delen skal greie ut om bakgrunnen for sentrale omgrep og tema som rører ved problemstillinga⁴. Aller fyrst er det viktig å avklare uttrykket “etikk”, og korleis dette relaterar seg forvaltninga av pengeverdiar, som vert sett i samanheng med omgrepet “investering”. I del to tek kapittelet føre seg uttrykk som knyt seg til Statens pensjonsfond utland (SPU) og deira verksamheit. Sidan SPU er undersøkingseiningen i denne oppgåva, og dermed noko som oppgåva har føretatt ei inngåande undersøking kring, så vil ikkje dette bakgrunnskapittelet gå djupt inn på alle dei praksisane og verktøya som fondet er eller har vore i besittelse av. Dette gjev derimot kapittel 5 og 6 om funn og analyse ei detaljert utgreiing kring. Avklaring av nasjonale investeringsfond, bakgrunnen for opprettinga av det norske fondet, samt dets noverande struktur og organisasjonsmodell, vert det som oppgåva legg mest vekt på i denne andre delen av kapittelet.

2.2 Etikk og investering

“Etikk” siktar til vurderingar av standardar eller prinsipp for menneskleg åtferd (Soppe 2000:15, referert i Schäfer 2012:5). ”Investering” inneberer ei tileigning av finansielle verdiar, der ein investor har eigarskap til desse verdiane (Black, Hashimzade og Myles 2012:221). Investering må også sjåast i lys av såkalla “flow”, som inneberer å inkludere tidsdimensjonen (ibid :160), og då ei påpeiking av at verdiane vil variere over tid. Om ein set desse omgrepa saman får ein fenomenet “etisk investering”, som kan forståast som ein aktivitet der ein tileignar seg finansielle verdiar, som varierer over tid, og der investoren vurderar denne tileigninga ut frå prinsipielle eller standardiserte antakelsar om menneskets ferdemåtar. Dette er ei nokså vid og generell avklaring. Ei vidare spesifisering er derfor naudsynt, men noko som også inneberer eit møte med kontrasterande diskusjonar i frå fleire og ulike fagtradisjonar. Desse diskusjonane har gjerne strekt seg over lengre tidsrom, og vorte vurdert ut frå ulike teoretiske og empiriske ståadar⁵. For å avklare dette feltet vert den kommande utgreiinga derfor delt inn i ei normativ, ei instrumentell og ei deskriptiv framstilling. Dette er basert på Donaldson og Preston (1995), som diskuterer såkalla “stakeholder-teori”, som har ei rekkje fellestrekk med etisk investering. Inndelinga er også basert på Renneboog, Horst og Zhang (2008), som stiller spørsmål ved i kva grad, kvifor og korleis ein kan utføre sosialt ansvarlege investeringar.

⁴Delar av kapittelet er basert på mi eiga innleverte oppgåve i AORG323 våren 2016.

⁵Sjå til dømes Schäfer (2012).

Diskusjonar kring etikk har truleg vore mest framtreddande frå den normative ståstaden. Spørsmål om kva føremålet til verksemder og investorar skal eller bør vere er dermed noko denne ståstaden hovudsakleg har vore sentrert kring. I tillegg har også normative vurderingar av slike aktivitetar prega dette feltet frå starten av (Dodd 1932, referert i Donaldson og Preston 1995:71), noko som betyr at denne ståstaden også kan tillegkast ein viss historisk verdi. Frå ein instrumentell ståstad er etiske investeringspraksisar forklart ut frå praksisanes innverknad på avkastinga. Tilnærminga ser dermed auka lønsamheit som ein mogleg motivasjon for investorane, i spørsmål om kvifor etiske investeringar finn stad. Eit slikt perspektiv er nyttig sidan dei fleste analysene av etikk tek utgangspunkt i ei slik instrumentell forståing, der undersøkingane ser etikk i samheng med moglege finansielle insentiv (Lewis og Cullis 1990:406). Til slutt kan ein sjå etikk ut frå ein deskriptiv ståstad. I Donaldson og Preston (1995:71) ser ein denne tilnærminga som nyttig for å kunne forklare tidlegare, noverande og framtidige tilstandar for verksemder og interessentar, innanfor stakeholder-teori. Det mest nyttige ved denne tilnærminga er då å kunne gjere greie for korleis etiske omsyn vert operasjonalisert og praktisert på marknaden i dag.

2.2.1 Etikk og investering: Ei normativ tilnærming

Ein tidleg kombinasjon av etikk og investering kan truleg finnast heilt tilbake på 1700-talet. Enkelte reknar John Wesley sine åtvaringar mot å profitere på slavehandel, pengespel og alkohol som starten på ein meir verdilada diskusjon kring kjøp og sal. Det handla om "the importance of the right use of money" (Sparkes 2002:46), og dermed viktigheita av kva ein vurderte som "riktig" bruk av pengane sine. Seinare var kvekarane ei sentral gruppe i rolla som opposisjon mot slaveindustrien. Enkelte delar av aktivismen gjekk ut på å avvike investeringar i slavehandelen, samt føreta inngåande undersøkingar av korleis handelssystemet og investeringane føregjekk. Desse tidlege antydningane til verdivurderingar i spørsmål om pengeplasseringar var dermed fyrst forankra i tru og religion. Seinare fann det stad meir sekulære tilnærmingar til etiske investeringar. Motstanden mot vietnamkrigen og apartheid-systemet i Sør-Afrika, der investorar selte seg målretta ut av ulike selskap, er døme på aktivisme som opererte utanfor dei etablerte religiøse organisasjonane (Eccles 2011:21-22). Likevel var fellesnemnaren for desse tilnærmingane ei alternativ grunngeving for investeringane. Her var det moralske utfallet det overordna føremålet, sjølv om dette kunne føre med seg potensielle skadeverknadar på dei økonomiske sidene ved pengeplasseringane (Sparkes 2001, referert i Eccles 2011:22).

Etisk investering vart i desse tilfella dermed knytt opp mot spørsmål av normativ karakter. Etikk var ein motivasjon, eit omsyn eller ei vurdering som tilla investeringane ein ytterligare, verdilada dimensjon. Ein kan dermed seie at dette var investeringar med ønska sosiale eigenskapar eller karakteristikkar (Lewis og Cullis 1990:397). Den normative diskusjonen kring etikk og etiske investeringar handlar derfor om i kva grad investorar kan eller bør forfekte slike ytterligare målsetjingar. Slike diskusjonar rører dermed også ved ytterligare og breiare debattar kring i kva grad økonomien, og vitskapen generelt, bør vere fri frå verdivurderingar (Boulding 1969:1). Utan å gå vidare inn på slike djupare og meir grunnleggjande, epistemologiske diskusjonar kan ein seie at dei spesifikke, normative vurderingane kring tilførsla av sosiale omsyn til finansielle aktivitetar hovudsakleg delar seg i to ståadar; “shareholder”- og “stakeholder”-perspektivet (Baker og Nofsinger 2012:1). I fyrstnemnte er Milton Friedman truleg den mest kjende representanten for sida som seier at verksemdar sitt hovudføremål er knytt til maksimering av verksemdene sine finansielle verdiar (Friedman 1970, referert i Kitzmueller og Shimshack 2012:52). Marknaden vert dermed sett som ein arena som bør tilstrebe å vere fri frå slike verdivurderingar, slik at investorar får rom til å forfølgje sine finansielle mål, utan slike ytre beskrankningar. I ein perfekt marknad oppnår ein derfor ei fullstendig effektiv ressursfordeling, såkalla Pareto-optimalisering, som dermed også resulterer i ei sosial maksimering (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1730). I den juridiske fagtradisjonen tilsvarar dette Adolph Berle, som seier at verksemdar sin sentrale relasjon ligg i forholdet til sine eigarar. Verksemdene er dermed forplikta til å maksimere desse eigarane sine verdiar (Berle 1931, referert i Ho 2010:71). Favoriseringa av “shareholders” er derfor knytt til eigarane sine juridiske rettar som medfølgjer eigarskapet i verksamheita, men også eigarane sin funksjon som nødvendige forsørgarar av likvide midlar til verdiskapinga i verksamheita (Schäfer 2012:10).

På den andre sida i diskusjonen i den økonomiske fagtradisjonen påpeiker ein at aktørar som forfølgjer mål om profitt også kan komme i konflikt med kvarandre, noko som kan resultere i såkalla eksternalitetar, der den eine aktøren si nytte vert kompromittert (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1730). Denne ståstaden seier derfor at verksemdar også bør ta omsyn til konsekvensane av sine handlingar, sjølv om det kan gå på bekostning av avkastinga (Kitzmueller og Shimshack 2012:52). Ei sentral oppfatning innanfor denne ståstaden er Richard E. Freeman sin teori om at verksemdar har ei rekkje “stakeholders”, som representerer alle dei aktørane som vert påverka av verksemda si utvikling (Baker og Nofsinger 2012:1). I den juridiske fagtradisjonen representerer dette Merrick Dodd, som seier at verksemdar bør stå til ansvar for alle sine berørte partar, og der eigarane berre vert ein av

mange interessentar. Dette utvida synet på kven verksemder står til ansvar for kan til dømes omfatte tilsette, konsumentar, men også samfunnet for øvrig (Dodd 1932, referert i Ho 2010:71).

I dag har oppfatninga om at verksemder har slike ytterligere “stakeholders” fått eit sterkt fotfeste på feltet. I følgje Ho (2010:72) er dette den leiande ståstaden innanfor selskapsrett i store delar av verda, med unntak av USA, der eigarrelasjonen framleis står sterkt. Kitzmueller og Shimshack (2012) observerer dette som eit skifte i den økonomiske fagtradisjonen. I ein diskusjon kring sosiale praksisar frå verksemdssida, såkalla “Corporate Social Responsibility” (CSR), ser forfattarane at feltet går frå å sjå i kva grad slike praksisar bør eksistere, til å sjå på kvifor det eksisterer (Kitzmueller og Shimshack 2012:52). Slike ytterligere sosiale omsyn er dermed no plassert som eit fenomen som har ei viss normativ forankring, der verksemder og investorar sine aktivitetar kan og bør sjåast i samanheng med dets berørte partar. Investorane vert dermed aktørar med ytterligere sosiale forventingar til investeringane (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1730). Om ein føl Kitzmueller og Shimshack (2012) vil det vere nærliggande å sjå vidare på kvifor slike sosiale eller etiske vurderingar eksisterer. Ein viktig grunn kan vere at investorar har sett at etiske omsyn lar seg kombinere med omsyn til avkastning. Dette tek oss vidare til ei instrumentell tilnærming til fenomenet.

2.2.2 Etikk og investering: Ei instrumentell tilnærming

Graden av lønsamheit hos etiske investorar er ei svært vanleg problemstilling, i undersøkingar av etisk investering (Cowton 1999a:104). I ei slik økonomisk-deterministisk tilnærming ser ein etter finansielle insentiv for etisk investering (Lewis og Cullis 1990:406). For å nærme seg ei slik instrumentell forståing må ein fyrst gjere eit viktig distinksjon. Denne går mellom finansielle investorar, som vert drive av motivasjonen for økonomisk vinst, og etiske investorar, som vert drive ut frå sosiale eller etiske kriterier (Syse 2011:212). Om ein finansiell investor forsøker å inkludere sosiale målsetjingar i ei investering vil dette gje ulike hypotetiske investeringsmoglegheiter, avhengig av kva motivasjon ein legg størst vekt på. Eit forsøk på å illustrere dette finn ein i Kurtz (2008). Her presenterer forfattaren ein tabell dimensjonert etter moglegheiter for at investeringane har høg CSR, i form av høg måloppnåing knytt til dei sosiale utfalla ved investeringane, og høg profitt, i form av høg finansiell avkastning frå investeringane. Tabellen angjev då korleis ein investor som tek begge omsyna i betraktning skal agere i dei ulike tilfella.

Tabell 2.1: Investeringsmoglegheiter etter grad av CSR og profitt

| | Låg profitt | Høg profitt |
|---------|----------------|-----------------|
| Låg CSR | Aldri invester | ? |
| Høg CSR | ? | Alltid invester |

Kjelde: Kurtz 2008:274 (Eiga oversetting)

Slik som tabell 2.1 syner har låg CSR og låg profitt ingen hensiktsmessige utfall; verken sosiale eller økonomiske aspekt vert forfekta av ei slik investering. I tilfellet med høg CSR og høg profitt har ein derimot oppfylt både mål om etikk og profitt, og ein bør derfor alltid investere. Dilemmaa vil derimot oppstå i dei to resterande tilfella (Kurtz 2008:274-275). Om ein investerer i tilfellet med høg CSR og låg profitt vil ein vektlegge dei etiske eller sosiale aspekta ved investeringa, men då risikere å tape avkasting. Dette er dermed i tråd med dei faktiske og tidlege etiske investorane sine moralske eller religiøst-motiverte investeringar. Med investering i tilfellet med høg profitt og låg CSR vil ein vektlegge den potensielle profitten som investeringa kan medføre. Dette karakteriserer Cowton (1999a:99) som “mainstream investment”, og dermed slik ein stor del av investering føregår.

For å kunne maksimere både sosiale og økonomiske mål i same investering, slik at ein går over i tilfellet med “alltid invester” i modellen til Kurtz (2008), må ein derfor tilstrebe etiske investeringar som er like eller meir lønsame samanlikna med konvensjonell investering. Ei rekkje undersøkingar derfor forsøkt å påvise graden av lønsamheit hos etiske investorar. I følgje Eccles (2011:25) er det ingen konkluderande funn på dette feltet, men heller sprikande funn, som både konkluderer med at sosiale omsyn gjev høgare, lågare og lik avkasting samanlikna med ordinære investeringar. At etiske omsyn kan gje betre avkasting enn vanleg investeringsaktivitet kan forklarast ut frå fleire faktorar. Ei mogleg forklaring er at marknaden reagerer negativt på verksemder med uetisk eller usosial åtferd. Dette var tilfelle i dømet med motstanden mot apartheid-systemet i Sør-Afrika, sidan seinare undersøkingar har vist at investorar som selte seg ut av Sør-afrikanske selskap også tente meir pengar (Domini og Kinder 1984, referert i Lewis og Cullis 1990:404). Andre undersøkingar har kome fram til at etiske omsyn reduserer avkastinga. Eitt døme på dette er utseljing frå varekategoriar som tradisjonelt har hatt særskilt negative konnotasjonar knytt til seg, såkalla ”sin-stocks”. Ekskludering av selskap som produserer tobakk er til dømes sett som ein vanleg praksis for etiske investorar (Kurtz 2008:250). Samstundes har aksjar i tobakkselskap gjeve god avkasting på marknaden (Hong og Kacperczyk 2006, referert i Kurtz 2012:270). Dette er dermed døme på det motsette, at inkludering av etiske omsyn kan bety redusert avkasting.

Det er derfor sprikande funn knytt til kva slike omsyn har å seie for avkastinga. Feltet er også prega av manglande metaanalyser av denne forskinga (Eccles 2011:25).

Til trass for at maksimering av avkasting og måloppnåing innanfor sosiale kategoriar er den ultimate kombinasjonen for tilhengjarar av etisk investering, så er det ikkje sikkert at dette lar seg gjere, i følgje Kurtz (2012). Om investorar søkjer seg mot sosiale eller etiske investeringar, og samstundes forventar å oppnå maksimal profitt frå desse investeringane, så må også marknaden feile i å forutsjå dette. Såleis har tilhengjarar av ei instrumentell tilnærming til etiske investeringar ei utfordring i at marknaden forventar at sosiale aksjar vil prestere betre enn indeksen. For at sosiale omsyn skal kunne kombinerast med profittmaksimering må investorane derfor overgå desse forventingane, for at dei i neste rekkje skal kunne evne å “beat the market” (Kurtz 2008:254). Renneboog, Horst og Zhang (2008) legg til at verksemdar eller investorar som degraderer omsynet til profitt også risikerer å verte erstatta av konkurrerande aktørar. Dette er sidan marknaden i hovudsak lønner profitable verksemdar (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1730). Såleis kan etiske omsyn innebere ein større risiko for investorane, og samstundes vere noko som kan gje større plass til uetiske investorar på marknaden, om gjentekne forsøk på etiske investeringar vert erstatta med ein aukande andel av investorar utan slike etiske vurderingar.

Medan undersøkingar av etikkens potensielle lønsamheit framleis utgjer den største delen av analysene på feltet, så er ikkje utsikter auka profitt nødvendigvis den einaste forklaringa. Lewis og Cullis (1990) påpeiker at etiske omsyn har hatt ei merkbar auke i omfang blant investorar. Sidan etiske omsyn i dei fleste tilfelle betyr auka forvaltningsutgifter, i form av behov for nærare tilsyn med investeringsporteføljen (Lewis og Cullis 1990:406), så kan ein slutte at eit instrumentelt perspektiv aleine ikkje forklarar kvifor investorar i stadig større grad forfeiktar etiske målsetjingar. Ei anna forklaring kan finnast i endringar i nasjonale reguleringar. Her kan veksten kring etiske praksisar sjåast i lys av fleire nasjonale vedtak som har støtta opp under eit større sosialt fokus blant investorar. Storbritannia, Belgia, Sverige, Tyskland og Italia har til dømes vedteke lover som sikrar at pensjonsfond må offentleggjere informasjon knytt til deira effekt på sosiale, etiske og miljømessige faktorar. Frankrike har gjort slik rapportering pliktig for alle børsnoterte selskap (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1727-1728). Ein kan også forklare slike utviklingstrekk ut frå investorane sjølve, gjennom ei utvikling i retning av meir komplekse relasjonar mellom stat og marknad. Her kan eit auka fokus på samfunnsansvar sjåast som eit uttrykk for ei politisering av marknaden, der samfunnsansvar i større grad vert prosessert gjennom marknadsmekanismane (Jensen 2010:92). Etisk investering kan dermed vere eit mogleg

uttrykk for ei slik ansvarleggjering blant marknadsaktørane. Meir statleg merksemd, men også auka medvit blant investorane sjølve, er dermed forhold som gjer at ein kan forvente at bruk av slike praksisar vil auke ytterligare (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1740). Korleis slik merksemd og medvit får utløp på marknaden, og dermed korleis etikk vert operasjonalisert av investorane, er eit vidare og nærliggande spørsmål. Ein kan derfor sjå nærare på kva etiske omsyn faktisk inneberer, og nytte seg av ei deskriptiv tilnærming til desse investorane sine aktivitetar.

2.2.3 Etikk og investering: Ei deskriptiv tilnærming

Utseljinga frå sør-afrikanske selskap, ekskludering av “sin-stocks” og opponering mot slavehandelen er alle kjende enkelt døme på etiske investeringar⁶. Slike investeringar er likevel ikkje alltid så lette å observere. Distinksjonen mellom finansielle og etiske investorar i det forrige avsnittet kan til dømes vanskelig finnast på marknaden i dag. Syse (2011) argumenterer for at desse to investortypane sjeldan førekjem i røynda, men at dei oftast opptre som mellomformer. Ein finansielt motivert investor vil i dei fleste tilfelle ha eit minimum av innspel av etikk i sine vurderingar, særskilt når det er fare for lovbrøt eller dårleg omdøme for verksemda ein er investert i. På den andre sida vil etisk-orienterte investorar også ha innspel av finansielle motivasjonar, sidan ei allokering av ein pengesum utan eit finansielt endemål i grunn berre er eit forbruk av pengar (Syse 2011:212).

Sjølv om dei fleste investorar dermed kan seiast å balansere etiske og finansielle omsyn, så kan ein likevel observere nokre distinkte etiske investortypar, som dermed har eit meir synleg innspel av etikk i investeringsaktivitetane. Desse kan identifiserast ut frå kva saksfelt dei investerer på, men også ut frå kva strategi dei nyttar for å fremje desse saksfelte.

⁶“Etisk investering” er berre eitt av mange namn som vert nytta på desse praksisane. Norsif brukar til dømes uttrykket “ansvarlig investering” og “bærekraftig investering”, medan Eurosif nyttar “Socially Responsible investment”. Ei av dei større utgivelsane på feltet brukar det forkorta “Responsible Investment” (Vandekerckhove et al. 2011). I denne oppgåva er derimot “etisk investering” valt som ein samla betegnelse på alle dei praksisane som vert diskutert. Dette er mellom anna nytta i Lewis og Cullis (1990), Cowton og Haase (2008) og Cowton (1999a). Norges Bank Investment Management brukar også samlebetegnelsen “etikk” på spørsmål av “[...] sosial og miljømessig karakter” (NBIM 2007:40) i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, og det er dermed det mest hensiktmessige uttrykket å bruke i omtalen av deira aktivitetar seinare i denne oppgåva. Ei påpeiking av at “etikk” er valt som betegnelse er ei naudsynt presisering. Dette er sidan merkelappar på slike praksisar ofte vert utsett for kritiske kommentarar. Ein vanleg kritikk er at ein implisitt karaktersierer konvensjonell, finansiell investering som “uetisk”, når ein nyttar “etisk” som betegnelse på ikkje-finansielle investeringspraksisar (Cowton 1999a:100). Denne oppgåva si tilnærming til denne kritikken er i tråd med Cowton (1999a), som seier at dei fleste kjende tituleringar på slike aktivitetar risikerer å havne i denne fallgruva. Dette gjeld til dømes “sosiale” versus “usosiale” investeringar, “ansvarlege” versus “uansvarlege” investeringar, og liknande betegnelse. For å møte denne kritikken må ein derfor sørge for ei presis framstilling av kva som meinast med “etikk”, for deretter å kunne diskutere praksisane, på lik linje med andre diskusjonar som nyttar andre betegnelse på feltet. Tilnærminga til Cowton inneberer derfor å sjå verdien av å nytte eit uttrykk som siktar til konkrete praksisar, og dermed utan å tillegge dette ytterligare, normative vurderingar (Cowton 1999a:100).

Om ein ser på kva saksområde ein etisk investor kan vektlegge er “ESG” eitt av dei mest nytta uttrykka. ESG står for Enviromental, Social og Governance, som kan oversetjast til fokus på miljø, selskapsstyring og samfunnsmessige faktorar (Norsif 2017). Sakenes innhald og omfang innanfor ESG-kategoriane varierar sterkt, men kan gjenkjennast i ulike spesialiserte praksisar, slik som investeringar retta mot fornybar energi, energieffektivisering, vasskraft eller landbruk. I følgje Eurosif er slike investeringar ofte refleksjonar av kva som er leiande trendar internasjonalt, innanfor ulike politikkområder (Eurosif 2016:18). Eit anna døme er normbasert ekskludering, som ser potensielle investeringsobjekt ut frå dei leiande retningslinjene globalt, slik som OECD sine Guidelines for Multinational Enterprises og FN sin Global Compact. Å sjå investeringane ut frå globale normer er særskilt vanleg blant norske investorar, i følgje Eurosif (2016:20).

Etiske omsyn kan også sjåast ut frå kva strategi ein nyttar seg av. I teorien er dette ofte knytt til Hirschman (1970:76-78) sin kjende diskusjon av ulike aktørar sine moglege reaksjonar på dysfunksjonell åtferd blant verksemder, såkalla “exit”, “voice” og “loyalty”. “Exit” vert ein utgang av verksemda, “voice” vert ein respons til verksemda medan “loyalty” er å halde seg i verksemda, og potensielt påverke innanfrå. Empirisk delar ein gjerne inn slik som Budde (2008), Renneboog, Horst og Zhang (2008) og Kurtz (2008), som delar ulike sosiale investeringsaktivitetar inn i tre hovudtypar av observerbare strategiar; ekskludering, proaktiv investering og aksjonæraktivisme.

I følgje tal frå Eurosif er ekskludering, også kalla “screening”, den desidert mest nytta strategien blant europeiske investorar (Eurosif 2016:56). Ved å nytte seg av ekskludering vil ein vere selektiv i investeringane. Ekskluderinga kan enten vere positiv, som vil seie å oppsøke selskap som oppfattast som særskilt sosialt ansvarlege, eller negativ, som tyder at ein ekskluderer selskap frå det universet ein har moglegheit til å investere i (Renneboog, Horst og Zhang 2008:1728). Ekskluderinga skjer gjennom ei systematisk utveljing, basert på retningslinjer som er bestemt på førehand (Kurtz 2008:251). Ein kjent type av negativ ekskludering er utseljing frå “sin-stocks”, som omfattar aksjar i selskap som produserer tobakk, alkohol eller aktivitetar knytt til pengespel (Cowton 1999a:100). Ekskludering frå våpenproduserande selskap er derimot den vanlegaste negative ekskluderinga i Europa (Eurosif 2016:26). Ein mindre utbreitt, men synleg praksis innanfor positiv ekskludering, er såkalla “Best-in-class”. Her vel investoren ut selskap som presterar best innanfor ein av ESG-kategoriane (ibid:12).

Proaktiv investering er investering i nærmiljøet, som er meint til å bidra positivt til dette miljøet (Budde 2008:2). Denne aktiviteten kan inkludere lån til ulike entreprenørar, i

form av mikrofinansiering, eller utlån til mindre ressurssterke samfunnsgrupper. Fellesnemnaren er at investeringa føregår utanfor dei tradisjonelle, finansielle kanalane (Kurtz 2008:251). Kina sitt nasjonale investeringsfond er eit døme på ein investor som har nytta seg av denne strategien. Her er sosiale aktivitetar knytt til finansiering av ulike innanlandske, sosiale prosjekt, slik som renovering av infrastruktur, eller stønad til ulike veldedige organisasjonar, slik som ulike utdanningsprosjekt (China Investment Corporation 2015:10).

Aksjonæraktivisme er investorar som brukar sin aksjepost i eit selskap for å påverke åtferda til selskapet (Budde 2008:2). Dette kan skje gjennom stemmegjeving eller forhandlingar med selskapsleiinga (Kurtz 2008:251). Strategien med å nytte aksjeandelen til å fremje sosiale målsetjingar er tett knytt opp mot såkalla Corporate Social Responsibility (CSR), som siktar til verksemdene sitt arbeid med ulike sosiale tiltak eller ansvarsområder. Som aksjonær kan aksjeposten dermed fungere som ein kommunikasjonskanal for å dreie selskapet i ei meir etisk retning, eller som ein responsmekanisme, der aksjonæren melder i frå om uønska åtferd. Ved å nytte seg av ein slik praksis har ein dermed også større forventningar til at selskapa utfører dei sosiale ansvarsoppgåvene som CSR kan omfatte. Internasjonalt er det dermed forventa at større bruk av aksjonæraktivisme også legg til rette for meir CSR blant verksemdene (Sparkes og Cowton 2004:54).

Samla sett er slike etiske praksisar i sterk vekst. I følgje Kitzmueller og Shimshack (2012:51) var til dømes 11 prosent av amerikanske investorar sertifisert som sosialt ansvarlege, etter tal frå 2012. Eurosif, som dokumenterer europeiske investorars tilslutning til ulike strategiar, finn at pengeverdiar som er under ein negativt filtrert investeringsportefølgje har auka med 48 prosent frå 2013 til 2015 (Eurosif 2016:25).

2.2.4 Oppgåvas tilnærming

Desse avsnitta har forsøkt å avklare ulike måtar ein kan tilnærme seg fenomenet “etikk” på finansmarknaden på, ved hjelp av leiande diskusjonar i frå ulike fagtradisjonar. Ein avrundande kommentar må derfor handle om korleis denne oppgåva ynskjer å forstå etikk og investering.

Om den normative ståstaden kan ein seie at det er ei viss semje kring at etiske investeringspraksisar eksisterer, og at det derfor ikkje er like interessant å sjå på om det bør eksistere. Vidare vil også dette perspektivet innebere å vurdere kva som er rett eller feil å gjere med investeringane. Ei slik kategorisk tilnærming vil dermed berre kunne diskutere seg fram til i kva grad det er riktig eller gale å vere investert i ulike selskap (Donaldson og

Preston 1995:72), men ikkje kvifor eller korleis dette føregår. Den instrumentelle tilnærminga er derfor meir interessant. Her kan ein sjå etikk som eit finansielt insentiv som dermed potensielt kan kombinerast med økonomiske målsetjingar. Likevel vil heller ikkje denne tilnærminga fange inn forhold som denne oppgåva søker mot å forstå. Slik som også Donaldson og Preston (1995) konkluderer med, så er denne tilnærminga noko som framstiller etiske investeringspraksisar som hypotetiske aktivitetar (Donaldson og Preston 1995:72). Etikk vert dermed eit middel som har potensiale til å nyttast strategisk, til spesifikke målsetjingar, om investoren føl dei samanhengane som slike undersøkingar avdekkjer. Vidare vil også slike instrumentelle tilnærmingar handtere investorar sine preferansar som gitte, eller eksogene, og dermed utanfor det ein søker mot å forklare. Dette utelukkar meir dynamiske forklaringar som seier at preferansar kan bli lært (Boulding 1969:2), og derfor også handtert endogent i analysa. Å undersøke slike dannelsesprosessar har tidlegare vorte kalla for studiet av meta-preferansar, der ein ser slike danningar som ein prosess der individet også tek stilling til dei uttrykte preferansane (Hirschman 1984:13). Ved å handtere “etikk” endogent i analysa vil ein dermed forsøke å forklare den gradvise tilnærminga til ulike omsyn i seg sjølv, eller denne danninga av “meta-preferansar”, der ein ser korleis investorar også tek stilling til kva normer eller verdiar ein forfektar. Såleis opnar dette opp ein “black box” for preferansedanningar, som oftast vert haldt som ein konstant variabel i økonomiske analyser (Lewis og Cullis 1990:397). Ytterligere diskusjon kring den endogene og eksogene, eller denne undersøkingas avhengige og uavhengige variabel, kjem derimot kapittel 4 om metode tilbake til.

Til skilnad frå det normative og det instrumentelle perspektivet vil denne oppgåva derfor søkje seg mot meir deskriptive forklaringar. Ein kan då sjå etikk som ein norm eller ei vurdering som ikkje nødvendigvis er gitt, men der slike normer også kan konstruerast og endrast, og dermed også påverkast og forklarast. Ein kan då observere korleis investorar tilnærmar seg etikk i ulike kontekstar eller situasjonar, utan å tillegge dette særskilte normative eller instrumentelle forståingar. Oppgåva vil derfor observere etikk og etiske omsyn ut frå ei slik empirisk-deskriptiv tilnærming. Målet vert då å prøve å skildre framveksten av dette fenomenet, innanfor ein dynamisk kontekst, og ut frå deskriptive forklaringar. Det er derfor nærliggande å sjå nærare på investoren som er gjenstand for den empirisk-deskriptive tilnærminga i denne oppgåva; det norske, nasjonale investeringsfondet “Statens pensjonsfond utland”.

2.3 Nasjonale investeringsfond

Blant etablerte investorar, som til dømes omfattar aksjefond, hegdefond, private kapitalfond (Rose 2008:91), finn ein ei gruppe eller ein kategori av investorar som skil seg særskilt ut. Dette er “nasjonale investeringsfond”, som utgjer ein betydeleg del av investorane på den globale finansmarknaden. Dei er eit nokså nytt fenomen, sidan dei fleste er oppretta etter 2004 (Van Der Zee 2012:141). Likevel utgjer dei allereie ein åttandedel, eller 12,5 prosent, av den globale marknaden, ut frå Foreign Affairs si vurdering frå 2009 (Bremmer [Foreign Affairs] 2009). Om ein skal forsøke å avgrense dette fenomenet kan ein seie at det siktar til investeringar som organiserast gjennom statleg fondsforvaltning. Dette utelukkar dermed statleg eigde selskap, pengebeholdningar som nasjonale bankar kan ha i utlandet, og pengebeholdningar tilsikta enkeltindivid. Nasjonale investeringsfond vert då behaldningar som kjem frå eventuelle overskot på det statlege budsjettet, verdiar frå eventuelle privatiseringar eller pengar frå statleg eksport av ressursar. Vanlegvis er kjeldene til slike fond såkalla varer eller ikkje-varer, noko som vil seie overskot frå vareeksport eller verdiar frå pengeoverføringar (SWFI 2016). Nasjonale investeringsfond er dermed statleg eigde fond som opererer på den private finansmarknaden (Monk 2009:451).

På feltet kring nasjonale investeringsfond har det vore usemje kring i kva grad ein skal sjå slike fond som essensielt offentlege eller private einingar. På den eine sida peiker ein på fonda sitt formelle, statlege eigarskap, der dei vert kontrollert og tilført verdiar frå statsapparatet i opphavslandet. I lys av dette er dei dermed offentlege einingar. Samstundes fungerer dei som andre private investorar, gjennom si åtferd og deltaking på aksjemarknaden. Backer (2009) karakteriserer derfor fonda som formelt statlege, men funksjonelt private aktørar. Med dette følgjer også det Backer skildrar som eit ambivalent forhold til regulering. Til dømes skjer den meste av den internasjonale reguleringa av slike fond gjennom deira eigne frivillige tilslutning til ulike retningslinjer. Fonda er dermed deltakarar, og ikkje regulatorar på marknaden (Backer 2009:107), til trass for at dei er styrt av nasjonalstatar.

Sovereign Wealth Fund Institute (SWFI) har utarbeida ei oversikt over dei største nasjonale investeringsfonda i verda. Om ein målar fonda sin storleik i pengeverdi, er det særskilt fem fond som skil seg ut. Desse har ein verdi frå kring 500 milliardar USD, og utgjer følgjande tabell:

Tabell 2.2: Oversikt over nasjonale investeringsfond

| Land | Namn på investeringsfond | Verdi (Milliardar USD), april | Oppstart | Opphav | Transparens (Linaburg-Maduell) |
|------|--------------------------|-------------------------------|----------|--------|--------------------------------|
| | | | | | |

| | | 2017 | | | Transparency Index) |
|------------------------------|----------------------------------|--------|------|-------------|---------------------|
| Noreg | Government Pension Fund - Global | 922,11 | 1990 | Olje | 10 |
| De Forente Arabiske Emirater | Abu Dhabi Investment Authority | 828 | 1976 | Olje | 6 |
| Kina | China Investment Corporation | 813,8 | 2007 | Ikkje-varer | 8 |
| Kuwait | Kuwait Investment Company | 592 | 1953 | Olje | 6 |
| Saudi Arabia | SAMA Foreign Holdings | 514 | 1952 | Olje | 4 |

Kjelde: Sovereign Wealth Fund Institute 2017 (Eiga oversetting)

Tabellen syner at det norske fondet er verdas største nasjonale investeringsfond, målt i fondets verdi. Det syner også at opphava til fonda, inkludert det norske, hovudsakleg kjem frå oljeeksport. Unntaket er Kina, som hentar verdiane frå eit generelt budsjettoverskot, og derfor ikkje frå einiske handelsvarer (McKinsey and Company 2011:16). Variabelen “transparens”, som er basert på SWFI sin eigne, utarbeida indeks som strekker seg frå verdien 1 til 10, syner også at det norske fondet er det einaste som er vurdert til å ha det høgaste nivået av gjennomsiktighet i fondet si forvaltning. Dette er basert på ei vurdering av openheit knytt til strategiar, føremål og fondets opphav. I indeksen vert verdien 8 rekna som eit tilfredsstillande minimumsnivå (SWFI 2008). Dette indikerer dermed at ein har ei viss utfordring knytt til transparens blant slik fond, om ein ser på dei andre fonda sine utslag på denne variabelen.

Om ein skal sjå etter eksisterande undersøkingar av nasjonale investeringfond kan ein antyde at det har vore gjort relativt lite forskning kring desse fonda. Dette kan truleg skuldast fonda si nokså nye historie, og dermed deira noko avgrensa rolle globalt for inntil nokre få år sidan. Den eksisterande forskinga knyt seg i stor grad til diskusjonar av den rolla nasjonalstatar kan fylle som større aksjonærar på marknaden. I fleire artiklar er dette knytt opp mot merksemd kring kva nasjonalstatane kan føreta seg med investeringane (Monk 2009; Rose 2008; Backer 2009; Lyons 2007). I Rose (2008) diskuterer ein politiske, økonomiske og regulative risikoar knytt til denne rolla. Den politiske risikoen er knytt til moglege politiske

motiv bak kjøp av aksjeandelar, slik som kjøp av sensitiv teknologi eller knappe naturressursar. Den økonomiske risikoen er knytt til fonda sin storleik, som kan resultere i ustabilitet på marknaden, om fonda trekk seg ut av større investeringar. Den regulative risikoen siktar til vanskar med å få innsyn i fonda sine forvaltningar, og dermed også kunne regulere eller sanksjonere mot deira ulike aktivitetar. Ein siste merknad er bekymringa for at fonda kan ha særskilt tilgang på informasjon, gjennom eigne, statlege kanalar (Rose 2009:93-97). Likevel kan slike politiske aktivitetar utløyse massive reaksjonar i landet fondet investerer i, som då også kan påverke forholdet til landa seg i mellom. Såleis er slike investeringar også ein risiko for den nasjonale investoren (Rose 2009:101-102).

2.4 Nasjonalt investeringsfond i Noreg

For å seie noko om notidas norske, nasjonale investeringsfond er det naudsynt å sjå på dei viktigaste grunnane til at ei statleg fondløysing vaks fram. Bakgrunnen for at ein oppretta eit nasjonalt investeringsfond i Noreg er nemleg lang og innhaldsrik. Startskotet kan seiast å vere då det fyrste oljefeltet vart funne i 1969, og då utvinninga frå dette feltet starta i 1971 (Hansen og Rasen [Olje- og energidepartementet/Oljedirektoratet] 2012:10). Allereie i 1974 påpeikte ein faren ved å plassere inntektene frå denne oljeutvinninga inn i norsk økonomi. Om inntektene vart nytta til auka forbruk i budsjettet, påpeikte ein at dette kunne skape ubalanse i økonomien. Dette gjaldt særskilt om inntektene vart så høge som ein føresåg. Ei melding frå Finansdepartementet føreslo derfor å plassere mindre andelar av inntektene på sokkelen og i utlandet (Meld. St. 25 (1973-1974):14). Denne grunngevinga har seinare vore sett i samanheng med fenomenet kalla Hollandsk syke (NOU 2016:20, s. 15). Hollandsk syke siktar til tilfelle der ein tilfører store mengder pengar inn i den innanlandske økonomien. Dette kan då resultere i eit høgt kostnadsnivå, som igjen kan svekkje den tradisjonelle industrien. Når desse inntektene forsvinn, vil ein sitte igjen med høgare arbeidsløyse og lågare vekst enn før inntektene vart tilført, sidan den gjenverande industrien er redusert (Holden 2016:440). Grunngevinga til Finansdepartementet er særskilt interessant om ein ser på Hollandsk syke som eit historisk tilfelle. Omgrepet siktar nemleg til ein situasjon som fann stad i Nederland på slutten av 1970-talet, etter landets storsatsing på naturgass. Sidan denne meldinga kom ut i 1974, nokre år før Nederland sin påbyrja nedgangskonjunktur, tyder dette på at Finansdepartementet føresåg verknadar som enno ikkje var konseptualisert i økonomiske fagtermar. Denne føre-var-tankegangen var truleg grunna i at ein såg inntektene som noko som var av ein særskilt karakter (NOU 2016:20, s. 14), og dermed noko ein skulle vere spesielt varsam for. Den rådande haldninga til oljeutvinninga på denne tida var i det

heile å sjå på “[...] de mulighetene den gir og de problemer virksomheten kan skape” (Meld. St. 25 (1973-1974):5).

I tillegg til merksemd kring inntektenes verknadar på dåtidas norske økonomi var ein også medviten på at overskotet kunne gagne fleire generasjonar. Dette var dermed ei påpeiking av at oljeinntektene kom til å ta slutt, men då at dette skulle skje utan at det medførte ein nedgang i statens inntekter i framtidige budsjett (Meld. St. 25 (1973-1974):16). Det såkalla “Tempoutvalet” si utgreiing frå 1983 vert vidare nemnt som eit fyrste initiativ til statleg fondssparing. I denne utgreiinga vart det påpeika at petroleumsinntektene kunne setjast av til framtidige budsjett, og dermed fungere som ein buffer til komande budsjettutformingar. Dette ville også gjere til at inntektene vart frikopla frå etterspurnaden etter oljeressursane. Ein var dermed også medviten på at oljen var ein knapp ressurs, og at oljeinntektene kom til å avta. Sparing i fond til framtidige generasjonar var derfor ei mogleg løysing på det dei såg som ein forventa, avtakande oljeetterspurnad (NOU 2016:20, s. 15). Grunngevinga for opprettinga av det norske, statlege investeringsfondet var dermed grunna i tre sentrale forhold: Omsyn til stabiliteten i norsk økonomi, omsyn til framtidige generasjonar og medvit kring olje som ein knapp ressurs. Intensjonane munna ut i ei formell oppretting av Statens petroleumsfond i 1990. I Loven om Statens petroleumsfond presiserte ein at inntektsstraumen frå oljeeksporten i sin heilskap skulle gå til fondet, samt at uttak frå fondet skulle skje gjennom vedtak i Stortinget. Fyrste overføring av pengar til fondet skjedde derimot ikkje før i 1996, sidan bruken av oljeinntektene til då hadde vore like stort som innskotet. I 2001 etablerte ein handlingsregelen, som sa at uttaket av fondet skulle vere like stort som den forventa realavkastinga av fondet, som vart rekna til fire prosent (NOU 2016:20, s. 14-16).

I dag er Statens pensjonsfond utland (SPU) verdt 7510 milliardar kroner⁷, med verdier plassert i fleire typar finansobjekt. I 2016 fordelte dette seg som 62,5 prosent i aksjar, 34,3 prosent i rentepapir og 3,2 prosent i eigendom. Aksjeverdiane tilsvarar eigarandelar i kring 9000 selskap, som globalt utgjer ein andel på 1,3 prosent av verdas aksjemarknad. I Europa eig fondet kring 2,3 prosent av dei børsnoterte selskapa (NBIM 2016:26). Vidare føregår alle investeringane utanfor Noreg. I følgje Norges Bank Investment Management (NBIM) er investering i utlandet grunna i at større investering innad i landet kan få uheldige utfall, slik som i tilfelle med svingande oljeprisar eller investeringar som resulterer i ein overoppheta fastlandsøkonomi (NBIM 2016:23). Ein har derfor Statens pensjonsfond Norge, ein betydeleg mindre investeringsening skilt frå SPU, forbeholdt innanlandske investeringar.

⁷Talet er frå utgangen av 2016, annonsert i den siste årsrapporten til NBIM (NBIM 2016:16).


Modellen med eit statleg investeringsfond har tilsynelatande hatt stor oppslutning blant norske politikarar. Likevel treng ikkje fondsmodellar alltid vere ei like sjølv sagt løysing i organiseringa av statlege budsjettoverskot eller eksportinntekter. Blackburn et al. (2008) har til dømes sett på korleis statlege inntekter kan organiserast i andre former, ut frå ei vurdering av kva som er i beste interesse for landas innbyggjarar. I undersøkinga såg ein på fem land med tilhøyrande investeringsfond, og ein vurderte fondsløysingane som positive eller negative for folkesetnaden. Positiv ville indikere fordelar med å halde fram med ein fondsmodell, medan negativ indikerte at ein hadde argument for at fondet burde erstattast med andre løysingar. Blant dei empiriske funna artikkelen presenterer er analysen av det norske fondet særskilt interessant, sidan den finn at den norske fondsmodellen har ei overvekt av negative interesser for norske innbyggjarar. Dette funnet byggjer fyrst og fremst på eit høgt, norsk skattenivå. Her finn forfattarane at ei senking av skattenivået i Noreg kan bidra meir til folket enn ei auke i akkumuleringa av pengar til SPU (Blackburn et al. 2008:28-29). Med dette meinast det at ein kan nytte pengane til ei senking av skattenivået, som dermed vert meir teneleg for folket enn at pengane vert spart i ei fondsløysing. Artikkelen foreslår også ei rekkje alternativ til nasjonale investeringsfond, som då tyder at fondsverdiane kan plasserast i andre former eller organiserast gjennom andre praksisar. I tillegg til forslaget om lågare skatt har ein også løysingar som eit frivillig fond der innbyggjarane sjølv avgjer om pengane skal investerast, utlevering av pengar til kvar innbyggjar eller utbetaling av ein bestemt prosent av fondet til kvar generasjon (Blackburn et al. 2008:21). I Noreg har enkelte har fremja forslag i tråd med Blackburn et al. sin konklusjon, og føreslått å senke skattenivået ved hjelp av gradvise uttak frå fondet (Hegnar.no 2014). Politikarar frå Senterpartiet har på den andre sida føreslått å dele opp fondet i mindre einingar, spreidd ut over fleire geografiske regionar, med mål om å bruke fondet til maktspreiing, kompetanseheving og distriktsfremjande omsyn (Sørenes [Dagbladet] 2015). Det rår derimot ei nokså stor semje kring fondskonstruksjonen til SPU. Dette viser ei av dei siste utgreiingane kring fondet, der ein uttalte følgjande: “Etter utvalgets vurdering bygger rammeverket på en god forståelse av de utfordringene petroleumsinntektene gir for den økonomiske politikken. Det har gjort det mulig for Norge å unngå de uheldige utfallene som har rammet andre råvarerike land” (NOU 2016:20, s. 21).

2.4.1 Organisering av Statens pensjonsfond utland

I dag er Statens pensjonsfond utland (SPU), tidlegare kalla Statens petroleumsfond, del av ein kompleks struktur. Fondet i seg sjølv er ikkje ein eigen juridisk eining, men tilknytta ulike

organ i kring, som til saman utgjer den formelle forvaltninga av fondet. Fyrst har Stortinget ansvaret for det overordna rammeverket kring fondet. Dette skjer gjennom formuleringa av “Lov om Statens Pensjonsfond”. Vidare står Finansdepartementet som den formelle eigaren av fondet, gjennom eit mandat gitt av Stortinget. Finansdepartementet er også ansvarleg for retningslinjene kring fondet. Den operasjonelle forvaltninga av SPU er tildelt Norges Bank, som dermed utfører dei faktiske investeringane, gjennom den underordna eininga Norges Bank Investment Management (NBIM). Denne eininga vart oppretta i januar 1998, då fondet byrja å investere i aksjar (1998b:1). NBIM sjølv illustrerer strukturen kring SPU på følgjande måte:

Figur 2.1: Strukturen kring Statens pensjonsfond utland



Kjelde: NBIM 2015a:22

I tillegg til Stortinget, Finansdepartementet, Norges Bank og Norges Bank Investment Management har ein også ei rekkje rådgjevande organ, forum og tilknytte retningslinjer som fondet er omfatta av. I ein norsk kontekst gjeld dette særleg retningslinjene for observasjon og utelukking, Etikkrådet, samt ulike eigarskapsstrategiar.

2.4.1.1 Retningslinjer for observasjon og utelukkning

SPU er omfatta av “Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra Statens pensjonsfond utland”, ofte referert til som dei “etiske retningslinjene”, som angjev restriksjonar på kva selskap fondet kan ha i investeringsporteføljen. Retningslinjene er knytt til ein prosess med å melde inn selskap ein mistenker å stri mot desse retningslinjene. Her kan ein setje aktuelle selskap under observasjon, der ein systematisk hentar inn informasjon om selskapa. Etikkrådet for SPU vurderer deretter denne informasjonen opp mot innhaldet i retningslinjene. Etter rådslagning gjev dei ei anbefaling til Norges Bank om å halde på aksjane, eller formelt trekkje seg ut av selskapet. Styret i Norges Bank tek deretter ei endeleg slutning om å utelukke seg frå selskapet (Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra SPU 2014:§ 1). I fjor utgjorde selskapa som vart utelukka eller sett til observasjon 76 ulike tilfelle (NBIM 2016:13). Financial Times rekna i 2014 at denne utelukkinga var blant det mest omfattande, samanlikna med andre lignande fond globalt (Bremner [Financial Times] 2014). Retningslinjene er endra fleire gonger, men står no oppført med følgjande kriterier:

Observasjon eller utelukkelse kan besluttas for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for:

- a) grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene som for eksempel drap, tortur, frihetsberøvelse, tvangsarbeid, de verste former for barnearbeid
- b) alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner
- c) alvorlig miljøskade
- d) handlinger eller unnlaterelser som på et aggregert selskapsnivå i uakseptabel grad fører til utslipp av klimagasser
- e) grov korrupsjon
- f) andre særlig grove brudd på grunnleggende etiske normer

(Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra SPU 2014:§ 3)

I tillegg inneheld retningslinjene også fleire produktbaserte kriterier, som inkluderer fråvikelse av selskap som produserer våpen, tobakk og militært materiell, samt selskap der over 30 prosent av verksamheita er knytt til termisk kol (Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra SPU 2014:§ 2).

2.4.1.2 Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland vart oppretta i 2004 som eit rådgjevande organ for Finansdepartementet. Føremålet med opprettinga var å etablere eit råd med kompetanse på dei områda som dei etiske retningslinjene rørte ved, slik som klima, menneskerettar og internasjonal handel (NOU 2003:22, s. 69). I tillegg kunne rådet gjere førebuande og

gravande arbeid kring særskilte selskap som vart meldt inn til rådet. Etikkrådet for SPU er derfor samansett av eit eige sekretariat, som føretar utdjupande undersøkingar kring selskap i investeringsporteføljen. Sjølve Etikkrådet er oppnemnd av Finansdepartementet, etter instilling frå Norges Bank, og består av fem medlemmar. Desse diskuterer dermed dei utvalde selskapa og deira moglege brot med dei etiske retningslinjene, basert på den informasjonen som har kome fram av undersøkingane. Etter diskusjon i rådet vert ei anbefaling formulert og oversendt til styret i Norges Bank, som deretter tek avgjersle om selskapa skal endeleg utelukkast frå SPU sitt investeringsunivers (Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra SPU 2014:§ 4-5).

2.4.1.3 Aktivt eigarskap

Aktivt eigarskap kan, ved sidan av arbeidet med dei etiske retningslinjene, samt den reint operative drifta av fondet, seiast å vere den mest omfattande aktiviteten Norges Bank Investment Management (NBIM) bedriver. Slik som i utgreiinga kring aksjonæraktivisme dreiar denne aktiviteten seg om kontakt med selskapa ein har eigarandel i. I følgje NBIM sjølve omfattar dette arbeidet no at;

“Vi går i dialog med internasjonale organisasjonar om standarder og prinsipper, og vi kommuniserer våre forventningar til selskaper. Vi støtter akademisk forskning for å forbedre det teoretiske og empiriske fundamentet for vårt arbeid. Vi stemmer på generalforsamlingar og har direkte kontakt med selskapene og deres styrer. I tillegg håndterer og overvåker vi ulike typer risiko i vår portefølje” (NBIM 2016:59).

Med kring 9000 selskap i porteføljen kan slik selskapskontakt seiast å utgjere eit betydeleg arbeid innanfor fondsforvaltninga. I følgje NBIM sjølve stemte dei ved generalforsamlinga i omtrent alle desse selskapa, samt avholdt 3790 selskapsmøter, i løpet av 2016 (NBIM 2016:59).

3.0 Teori

3.1 Innleiing

Dette kapittelet går nærare inn på det teoretiske rammeverket som vert nytta i oppgåva. I følgje Jonker og Pennink (2010) vil teori sikte til "[...] existing insights and perceptions that consist of (validated) notions and terms and the way they are interconnected" (Jonker og Pennink 2010:26). Teori ein vel ut må dermed bestå av eksisterande innsikter og omgrep, som har ein viss systematisk oppbygging og tilknytning. Vidare skal teori kunne bidra til å tolke og gje rammer for fenomenet i røynda (ibid :27). Introduksjon av relevant teori er derfor naudsynt for å ha eit grunnlag for å kunne forstå og forklare dei funna ein kjem fram til. Grunnlaget må då bestå av eksisterande innsikter og omgrep, som då kan evne å setjast opp mot dei fenomenet ein studerer.

I introduksjonen vart følgjande todelte problemstilling introdusert: *Korleis har etikk vorte integrert i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland? I kva grad har det skjedd ei desintegrering av etikk i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland?*

Det valte teoretiske rammeverket er institusjonell teori, med vekt på korleis institusjonar endrast og stabiliserast over tid. Vidare finst det ei rekkje forskjellige omgrep og konsept som institusjonell teori famnar om. Dei kommande avsnitta skal derfor gå djupare inn på kva institusjonell teori inneberer, samt vurdere kva teoriar som er mest hensiktsmessige for å kunne svare på dei spørsmåla som problemstillinga presenterer.

3.2 Institusjonell teori

I tråd med problemstillinga kan ein argumentere for at institusjonell teori kan vere ein relevant innfallsvinkel til oppgåva. Om ein ser Statens pensjonsfond utland (SPU) som ein institusjon, kan etikk dermed sjåast som den nye praksisen eller normen ein har forsøkt å institusjonalisere inn eller deinstitutionalisere ut av organisasjonen. Integrering vert dermed forstått som prosessen med å institusjonalisere nye praksisar inn i den stabile institusjonen. Dette stemmer godt overeins med presentasjonen av SPU, slik det vart omtalt i introduksjonen, der ein kunne sjå at etiske omsyn vart vurdert av ei allereie etablert fondsforvaltning. Vidare vert desintegrering forstått som prosessen med å deinstitutionalisere etablerte praksisar ut av institusjonen. Dette stemmer godt overeins med omtalen av etikk som eit integrert konsept i fondsforvaltninga, der etikk vart sett som ein sentral del av forvaltningsorgana. Forsøk på svekkelse av etikk vert dermed forstått som ei mogleg desintegrering, eller deinstitutionalisering av praksisen ut av institusjonen.

3.2.1 Formulering av hypoteser

For at problemstillinga og teorien skal kunne samsvare, så kan det vere naudsynt å diskutere dei ulike føresetnadane som problemstillinga og teorien presenterer. Dette kan då danne grunnlaget for hypoteser som kan testast i analysedelen. Hypoteser vert då forstått som påstandar om røynda (Ringdal 2001:22), som dermed kan stadfestast eller avvisast. Hypoteser forankra i teori tilsvarar også det ein kallar ei hypotetisk-deduktiv tilnærming (Østbye et al. 2007:19), som dermed vert kjenneteiknande og førande for den seinare analysa.

For det fyrste impliserer institusjonell teori at det ligg nokre særskilte trekk til grunn i definisjonen av ein institusjon. Desse trekka kan til dømes vere stabilitet, gjentakande handlingsmønster, dets utstrekning i tid og rom og grad av varigheit (Nielsen 2005a:18). I denne oppgåva må derfor SPU, og herunder den overordna fondsforvaltninga, kunne klassifiserast som ein institusjon, for å kunne påvise at det har føregått institusjonaliseringsprosessar i institusjonen. Ei ytterligare spesifisering av SPU og institusjonsomgrepet må derfor vere den fyrste viktige delen i analysa. Intensjonen kan formulerast som følgjande hypotese: *Forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har institusjonelle trekk, og kan klassifiserast som ein institusjon (H1).*

For det andre må ein kunne identifisere forsøk på å integrere etikk i forvaltninga. Dette gjeld særskilt sidan problemstillinga etterlyser ei skildring av korleis desse forsøka har utarta seg. For at dette skal kunne henge saman med teorien må integreringa har skjedd i form av ein institusjonaliseringsprosess. Hypotesa vert derfor: *Etikk har vore forsøkt institusjonalisert inn i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (H2).*

For det tredje spør problemstillinga om *korleis* etikk har vorte institusjonalisert inn i forvaltninga, noko som dermed fordrar at den føregåande hypotesa om institusjonaliseringas eksistens stemmer. Om ein antar at dette stemmer vil ei vidare undersøking av korleis dette har føregått medføre ei djupare skildring av prosessen. Eit påfølgjande og naturleg spørsmål vert dermed kva variasjonar ein skal sjå etter, og kva som kan forklare denne variasjonen. Ut frå ei teoretisk forankring må dette då byggje på antakelsar om institusjonen. I eit langsgåande perspektiv på institusjonar, og endring i institusjonar, kan ein til dømes anta at institusjonen har opplevd varierende grad av stabilitet og kontinuitet over tid. I følgje Hall og Taylor (1996) vert dette forklart ut frå to hovudtilnærmingar; som resultat av individuelle, kalkulererte val eller strukturelle avgrensingar (Hall og Taylor 1996:939-940). Ved å avdekkje ei innverknad frå enten aktørar eller strukturar kan ein dermed seie noko viktig om stabiliteten i institusjonen, som er heilt sentralt i ei slik institusjonell forklaring. For å skildre

korleis etikk har blitt integrert, og då stabilisert, kan ein dermed sjå etter observerbare struktur- og aktørforklaringar. Dette utgjer følgjande to hypoteser: *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følgje av støtte frå aktørar i institusjonen* (H3), og, *Institusjonaliseringa av etikk forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følgje av støtte frå strukturar i institusjonen* (H4).

Til slutt kan ein sjå deinstitutionisering som eit mogleg konsept for å kunne skildre fondsforvaltningas nyare utvikling, knytt til desintegrering, og dermed del to av problemstillinga. I tråd med teorien må denne utviklinga då ha skjedd i form av ein deinstitutioniseringsprosess. Hypotesa vert derfor: *Etikk har vore forsøkt deinstitutionisert ut av forvaltninga av Statens pensjonsfond utland* (H5).


Desse fem hypotesane representerer derfor eit forsøk på å knyte saman problemstilling og teori. Om desse hypotesane vert stadfesta, så kan institusjonell teori fungere som eit relevant rammeverk for å kunne forklare korleis etikk har vorte integrert inn og desintegrert ut av institusjonen. Før ein nyttar seg av denne innfallsvinkelen må ein derimot ha ei breiare forståing av kva institusjonell teori er, samt ei vurdering av kva variantar av institusjonell teori som er mest aktuelle å nytte seg av. Dei neste avsnitta skal prøve å avklare dette nærare.

3.2.2 Kultur, institusjon og organisasjon

Før ein kan gå på det store omfanget av moglege institusjonelle teoriar må ein fyrst avklare det mest sentrale omgrepet i dette kapittelet, som då vert “institusjon”. I si grunnleggande form vert institusjonar definert som etablerte tankemønster felles for større grupper (Nielsen 2005a:15). Institusjonar førekjem i tilfelle der sosiale praksisar eller normer tek ei prosedural, rutinisert eller regel-liknande form (Torfing 2005a:46). Vidare vert institusjonsomgrepet ofte nytta i same andedrag som uttrykka “organisasjon” og “kultur”. Ei presisering av skilnadane mellom desse kan derfor vere naudsynt.

Fyrst kan ein forstå organisasjonar som handfaste og formelle institusjonar. Institusjonar som vert ytterligare formaliserte, og som dermed går over i meir hierarkiske og organisatoriske former, kan derfor også kallast organisasjonar. Kulturar er derimot lågt formaliserte sosiale praksisar, og representerer dermed ei særskilt vid forståing av ulike og laust kopla tankemønster (Torfing 2005a:46-47a). Antakelsen om at kulturar, institusjonar og organisasjonar representerer ei gradvis formalisering av sosiale normer eller praksisar vert illustrert i figur 3.1.

Figur 3.1: Grad av formalisering av sosiale praksisar



Kjelde: Torfing 2005a:46-47 (Eigen illustrasjon)

Om ein derfor skal forstå institusjonsomgrepet kan ein seie at kulturar går over til å verte institusjonar om kollektive tankemønster vert meir handfaste og regelmessige. Vidare går institusjonar over til å verte organisasjonar om dei følgjer ei ytterligare formalisering, til dømes i form av danninga av hierarki og meir konkrete organisatoriske utformingar. Om ein studerar effekten av desse nivåa vil derfor kulturen kunne sjåast som noko som innverker på dei kognitive nivåa til dei som tek del i den sosiale praksisen. Effekten av institusjonar er dermed at denne sosiale praksisen vert lært, rutinisert og reproduisert. Til slutt vil effekten av organisasjonar vise seg som konkrete mål, middel og resultat (Torfing 2005a:46-47).

I høve denne oppgåva vil figur 3.1 dermed gje nokre konkrete spesifikasjonar. Sidan oppgåva tek sikte på å studere det institusjonelle nivået, kan ein dermed seie at læringsprosessen vert antatt som den viktigaste effekten ved den sosiale normen eller praksisen; ein føretar ei regelmessig læring kring praksisen, der lærdomen vert gjenteke og reproduisert, innanfor dei rammene som institusjonen set. Dette skil dermed prosessen frå det kulturelle nivået, sidan det kognitive aspektet allereie er etablert. Vidare skil det seg frå det organisatoriske nivået sidan prosessen ikkje nødvendigvis manifesterer seg i form av mål og resultat. Ei undersøking av det institusjonelle nivået inneberer derfor ein studie av læringsprosessar, ut frå denne utgreiinga.

3.2.3 *Klassisk institusjonell teori og ny-institusjonell teori*

Frå det institusjonelle nivået kan ein sjå vidare på eksisterande oppfatningar og etablerte innsikter kring korleis ein kan forklare og forstå endringar på dette nivået. Dette er i vidaste forstand “institusjonell teori”, som er ein samla betegnelse på teoriar som vektlegg institusjonar og dets verknadar. Institusjonell teori kan delast inn i klassiske institusjonelle teoriar og ny-institusjonelle teoriar. Medan dei klassiske institusjonelle teoriane ser på statens formelle rolle, varierende etter politisk system, reglar og prosedyrer, så ser nyare institusjonelle teoriar på institusjonar i vidast mogleg betydning. Ein samlande faktor for nyare teoriar er ideen om at institusjonar utgjør ein forskjell, og dermed må tillegkast vekt (Knill og Tosun 2012:76-78). Ny-institusjonalisme kan vidare delast inn i tre hovudformer: Historisk institusjonalisme, normativ institusjonalisme og rational choice-institusjonalisme. Historisk institusjonalisme ser institusjonar som resultat av eit minne eller ei erindring av tidlegare prosessar. Dette betyr at institusjonar fungerer som produkt av tidlegare val, hendingar og situasjonar, og at endring skjer som gradvise trinn, og med ei stegvis adoptering. Normativ institusjonalisme, også kalla sosiologisk institusjonalisme, ser på korleis institusjonen vert samansett av uformelle verdiar, normer og praksisar. Ein antar at tilsette vert sosialisert inn i organisasjonen, samt at endringar kjem i form av ei søken etter legitimitet, og kva som er passende å gjere, i ulike situasjonar (ibid :79-81). Rational choice-institusjonalisme er ei form for institusjonell teori som ser på institusjonens medlemmar som nyttemaksimerande aktørar. Sentralt for denne forma er antakinga om at aktørane forfølgjer egne preferansar, der preferansane er gitte, og dermed ikkje vert konstruert eller påverka av institusjonen (ibid :91).

I høve denne oppgåva vil skiljet mellom tradisjonelle og nyare institusjonelle teoriar kunne vere viktig for å avgjere kva innfallsvinkel ein kan nytte seg av i den vidare oppgåva. På den eine sida kan oppgåva sjåast som eit bidrag til tradisjonell, institusjonell teori, sidan ein studerer etablerte forvaltningsorgan, inkludert deira interne praksisar og prosedyrar. Likevel vil dette vere ei for snever forklaring. Til dømes vil ikkje eit slikt perspektiv kunne fange inn institusjonar som både noko som kan forklarast, og noko som kan forklare eit fenomen. Å sjå institusjonar som ein avhengig variabel, men også som ein eigen forklaringsvariabel, opnar derfor opp for at institusjonen kan innverke begge veger (Knill og Tosun 2012:78-79). I tilfellet med denne oppgåva vil ny-institusjonalisme derfor vere ein meir samlande betegnelse. Om ein tek utgangspunkt i ny-institusjonalisme kan oppgåva då ta sikte på å forklare integrerings- og desintegreringsprosessar der institusjonen både kan

forklarast, men også vere ein mogleg forklaringsvariabel på korleis ein handterer og utviklar etiske praksisar.

Vidare kan ein sjå på dei tre typane av ny-institusjonalisme. Her kan ein seie at rational choice-institusjonalisme vil vere ei lite hensiktsmessig avgrensing av institusjonaliseringsprosessen. Dette er sidan eit aktørperspektiv aleine truleg ikkje vil fange inn at institusjonaliseringa kan operere gjennom strukturar eller i kollektive slutningsprosessar, men også at endring kan skje i form av gradvise og naturlege tilpassingar i institusjonen i sin heilskap, og ikkje berre som endring utløyst av dei enkelte aktørane. Strukturen blir dermed ikkje redusert til eit nyttig objekt for aktørane (Torfing 2005b:165), om ein vel vekk dette perspektivet. Vidare vil også normativ institusjonalisme vere ein lite høveleg variant for denne oppgåva. Dette er sidan oppgåva ikkje har tatt sikte på å studere dei uformelle og sosiale dannelsingsprosessane som dette perspektivet legg vekt på. Sidan oppgåva har fokusert på dei formelle organa i kring, og då korleis desse har uttrykt ulike, formelle ståstar om etikk-fenomenet, kan ein dermed seie at denne uformelle, kognitive dimensjonen ikkje har vorte teke i betraktning. I tillegg tek ikkje dette perspektivet høgde for at endringar kan skje som følgje av kritiske, og medvitne val, som dermed avløyser desse meir underliggende, strukturelle bindingane. Historisk institusjonalisme kan derfor sjåast som eit meir høveleg teoretisk perspektiv. Om ein følgjer dette perspektivet vil ein kunne sjå institusjonar som resultat av ei stegvis utvikling, over tid, der endring skjer som følgje av lærdom frå tidlegare prosessar. Tilnærminga passar også til studiar av institusjonaliseringsprosessar med eit lengre tidsperspektiv, slik som denne oppgåva legg sterkt vekt på. Torfing (2005b:165) påpeiker at institusjonar har ei historie, og at denne bidreg til å skildre dannelsingsprosessar, konsolideringsfaser, kriser, reformar og lignande endringsprosessar i institusjonar. Vidare er også eit slikt langsgåande perspektiv hensiktsmessig i studiet av offentlege institusjonar. I følgje Pierson (1998) kan politikken kjenneteiknast som særskilt saktegåande, sidan ein har ein høg tettleik av institusjonar, ein tek slutningar ut frå omsyn til kollektivet og sakene gjerne har stor kompleksitet (Pierson 1998, referert i Nielsen 2005b:245). Å anerkjenne at institusjonar, og særskilt offentlege institusjonar, har ei stor utstrekning i tid og rom, samstundes som at institusjonen har eit visst opphav og forløp (Torfing 2005b:165), er derfor ei stadfesting av at historisk institusjonalisme kan evne å fanne om denne oppgåvas intensjonar. Historisk institusjonalisme gjev vidare fleire overordna forklaringar på kva som kan setje i gong endringar i institusjonar. Sidan endringsprosessane er sentrale i denne oppgåva kan det vere viktig å også utgreie kort om dette.

3.2.4 Historisk institusjonalisme

I følge Hall og Taylor (1996) er historisk institusjonalisme eit perspektiv som trekkjer på erfaringar frå både aktør- og strukturorienterte tilnærmingar (Hall og Taylor 1996:940). Såleis kan endringar både forklarast ut frå aktørar sine strategiske og medvitne ageringar, og då fortrinnsvis aktørar organiserte i eit kollektiv (Torfing 2005a:57-58), men også ut frå strukturar som avgrensar eller tilrettelegger for slike aktørar sine handlingar. Fyrstnemnte kan til dømes sjåast i form av konflikterande ståadar og radikale kursendringar, medan sistenemnte kan sjåast i form av suboptimale utfall, der institusjonen avgrensar eller har ein selektiv effekt på aktørane (Torfing 2005b:173). Endring frå eit historisk-institusjonelt perspektiv kan såleis ha opphav i både aktør- og strukturforklaringar. Historisk institusjonalisme er også eit konfliktperspektiv, i følge Torfing (2005a). I dette ligg det ei forståing av at institusjonar vert endra, utvikla og oppretthaldt av ein felles konsensus kring eit normgrunnlag, der strukturen medierer mellom aktørane. Såleis fungerer struktur og aktør i eit samspel, og ikkje nødvendigvis som motsetningar, i utviklinga av institusjonar. Konfliktene mellom aktørane er likevel noko som blir anarkjent innanfor det historisk-institusjonelle perspektivet (Torfing 2005a:57-58), og ein kan seie at institusjonen vert resultatet av konkrete, historiske og politiske kampar (Mahoney og Thelen 2010:7). Institusjonen kan då forståast som kompromisset eller semja i desse konfliktene, og mellom dei konflikterande partane. Vidare vil institusjonen vere prega av lærdom. Ein antar at institusjonen følgjer ein "sti-avhengigheit", der ein tek val som følgje av kunnskap frå tidlegare prosessar. Dette er dermed ei påpeiking av at institusjonen vert utforma i ein kontekst, og ikkje i eit institusjonelt tomrom (Torfing 2005b:173), og at ein arvar denne konteksten frå tidlegare situasjonar (Hall og Taylor 1996:940). Endring kan forståast som ein diskontinuitet i denne læringa. Dette skjer på kritiske tidspunkt, og vert utløyst av såkalla punkterte equilibrium, der stien vert endra (Mahoney og Thelen 2010:7). På slike kritiske tidspunkt kan ein også sjå at forholdet mellom struktur og aktør endrar seg. Aktørar kan sjåast som meir autonome, i motsetning til meir stabile faser, der strukturen dominerer og begrensar aktørane (Katznelson 2003, referert i Mahoney og Thelen 2010:7).

Historisk institusjonalisme som den valde ny-institusjonelle tilnærminga angjev då denne oppgåvas perspektiv som særskilt langsgående, der prosessen kan følgjast ut frå eit relativt langt tidsrom, og potensielt punkttert ut frå kritiske vegval og hendingar. Bevegelsar mellom konsensus og konflikt ut frå kjenneteikn ved struktur og aktørar er vidare noko som kan fungere som viktige og konkrete forklaringar på variasjonar i denne historieforteljninga.

Meir konkrete faktorar som kan forklare slike variasjonar vert diskutert i dei kommande avsnitta.

3.3 Institusjonalisering

Medan institusjonell teori, ny-institusjonell teori og historisk institusjonalisme siktar til overordna forklaringsmodellar for korleis ein kan forstå institusjonar og endringar i institusjonar, så kan institusjonaliseringsomgrepet vere eit meir operasjonelt uttrykk for dei faktorane som set i gang og støttar opp om ulike endringsprosessar. For å skildre korleis institusjonar kan endrast kan ein dermed studere dei konkrete mekanismene som kan fremje eller forhindre denne endringa. Om ein identifiserer og operasjonaliserer desse mekanismene, kan dei også forsøkast nyttast som forklaringsvariablar. Dette vert forsøkt i slutten av dette kapittelet.


Institusjonalisering kan forståast som prosessen der ein aktualitet tek ei regel-liknande form (Meyer og Rowan 1977:341). Når denne aktualiteten vert institusjonalisert, vil den dermed innta ei stabil form. Gjentakinga fører til at praksisen til slutt vert teke for gitt (Torfing 2005a:45). Slike stabile, institusjonaliserte former er derfor også vanskelig å observere. Torfing (2005b) kjenneteikner slike tilstandar som implisitte og umedvitne, der dei vert sedimentert og redusert til ei gjensidig gyldiggjering (Torfing 2005b:174-175). Såleis vert slike tilstandar, og då i offentlege institusjonar, tilfeller der institusjon og politisk handling har vorte gjensidig utelukkande (ibid :169).

For å forsøke å skildre prosessen fram til ein inntar ei slik form kan ein følgje fleire innfallsvinklar. Ei vanleg tilnærming er isomorfisme. Her ser ein ser at institusjonaliseringa skjer som følgje av ei normativ, mimetisk eller ei tvingande påføring av endring på institusjonen. Sjølv om isomorfisme kan vere nyttig til å forklare slike ulike typar av sentrale innverknadar på institusjonen, så vil ikkje omgrepet vere like nyttig for å fange inn tidsdimensjonen i institusjonaliseringsprosessen. At prosessen føregår over tid, med varierende tempo og med varierende grad av stabilitet, er dermed noko som vil variere på tvers av dei tre kategoriane (Lawrence, Winn og Jennings 2001:628-629). Zerubavel (1981) påpeiker også viktigheita av å skilje tida då hendingar, aktivitetar og situasjonar føregår, frå kvarandre. Om ein inkluderer tidsdimensjonen vil ein då kunne vise at hendingane ikkje føregår på same tid (Zerubavel 1981:2-3). I staden for å sjå på institusjonar si tilpassing til omgjevnadane, i form av omgrepet isomorfisme, så kan ein derfor sjå institusjonar og deira endringsprosessar over den tida denne endringsprosessen føregår. Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva er hensiktsmessig for å skildre ein slik dynamisk framgangsmåte.

3.3.1 Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva: Framdrift

Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva skildrar institusjonaliseringa som ein prosess der ein innoverer, spreiar og legitimerer nye teknologiar eller praksisar inn i organisasjonar. Medan ein i innoveringsfasa møter delvis aksept for den nye praksisen, så vil den vidare spreinga føre til at praksisen vert vidt akseptert, og til slutt legitimert (Zucker 1987, referert i Lawrence, Winn og Jennings 2001:626). Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva vert illustrert i figur 3.2.

Figur 3.2: Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva



Kjelde: Lawrence, Winn og Jennings 2001:626 (Eiga oversetting)

Slik ein ser frå figuren føl den prosessen ut frå ulike steg. Fyrst skjer ei innovering av praksisen. Ein innovasjon kan definerast som ein ide som oppfattast som ny av dei aktørane som er ein del av organisasjonen (Rogers 2002:990). Innoveringa skjer frå mindre grupper i organisasjonen (Zucker 1987:446). I følgje Rogers (2002) vil praksisen fyrst handterast gjennom ein subjektiv prosess, der ein vurderer innovasjonen. Dette skjer frå å ha kunnskap om innovasjonen, til å formulere ei haldning, til deretter å føreta ei slutning om å adaptere

eller avvise praksisen, til ei implementering, og deretter stadfesting av denne vurderinga (Rogers 2002:990).

Innovasjonsfasa er dermed ein situasjon der ein introduserer ein ny praksis til organisasjonen. Ei gradvis aukande adaptering vil medføre ei spreing av innovasjonen. I følge Rogers (2002) vert spreinga av ein innovasjon determinert av fem faktorar. Desse er relative fordelar, kompabilitet, kompleksitet, testbarhet og observerbarheit. Ein relativ fordel er noko som fremjar spreing om ein ser at innovasjonen har betre løysingar enn den praksisen innovasjonen søker mot å erstatte. Eit viktig poeng her er at løysingane har ein relativ fordel om dei oppfattast som forbetrande, og dermed uavhengig av om dei faktisk er det, frå ein objektiv ståstad. Kompabilitet handlar om i kva grad innovasjonen er passande for dei eksisterande normane og verdiane i institusjonen. Kompleksitet siktar til graden av funksjonalitet for dei som skal anvende praksisen. Lågare kompleksitet vil derfor fremje spreing, sidan dette aukar aktørane si forståing for korleis praksisen kan anvendast. Testbarhet handlar om moglegheita for at praksisen kan testast eller utprøvast undervegs i prosessen. Til slutt er observerbarheit noko som fremjar spreing om resultata av praksisen er lette å få auge på (Rogers 2002:990).

Fleire relative fordelar, høg kompabilitet, låg kompleksitet, samt evne til testbarheit og observerbarheit er dermed faktorar som set opp framdrifta i institusjonaliseringsprosessen, ut frå Rogers (2002). Desse faktorene spesifiserer derfor korleis dette kan forklarast ut frå aktørars oppfatningar kring praksisen som vert forsøkt institusjonalisert. Meyer og Rowan (1977:351) legg til at ein også må sjå på samhandlinga mellom aktørane ikring i diskusjonen av framdrifta i ein institusjonaliseringsprosess. Til dømes kan farta på adapteringa sakkast ned om det krevst fleire aktørar eller kompromiss undervegs i prosessen. Lawrence, Winn og Jennings (2001) har utvikla denne antakelsen ytterligare, med omgrepet "relasjon", som dermed representerer ein ytterligare faktor som kan påverke adaptasjonen.

3.3.1.1 Relasjon

Om ein følgjer Meyer og Rowan (1977) vil involvering av fleire aktørar, men også engasjementet i denne involveringa, vere noko som kan forklare framdrifta. Relasjon er dermed eit omgrep som prøver å fange inn forholdet som Meyer og Rowan påpeiker; aktørane samhandling i kring er også eit aspekt som innverker på institusjonaliseringsprosessen. Dette vert ytterligare framheva i Torfing (2005b:173), som seier at endring vert drive av konflikter innad i institusjonen. Relasjonsomgrepet er dermed noko som prøver å fange inn denne påpeikinga. Semje, eller fråvær av usemje, er dermed

noko som i varierende grad driv prosessen framover. Relasjonsomgrepet kan delast inn i objektive og subjektive relasjonar. Skilnaden mellom desse handlar om forholdet mellom dei som prøver å innføre praksisen, og dei som vert påført praksisen. I ein subjektiv relasjon vil dei som vert påført praksisen representere ein autonom aktør i seg sjølv, og ein relasjon som dermed krev forhandlingar med denne aktøren. I den objektive relasjonen vil ikkje aktøren som ein påfører praksisen på ha autonomi til å fremje slike egne ståstar. Den subjektive og den objektive relasjonen vert knytt opp mot framdrifta i institusjonaliseringsprosessen. Påstanden er at subjektive relasjonar forklarar ein nedsatt fart på institusjonaliseringa, medan objektive relasjonar utløyer effektive prosessar (Lawrence, Winn og Jennings 2001:631).

3.3.2 Den tradisjonelle institusjonaliseringskurva: Stabilitet

Etter at praksisen er innover og spreidd følgjer ei legitimeringsfase (jf. figur 3.2). Legitimeringsomgrepet representerer derfor stillestanden i institusjonaliseringa. Legitimeringsfasa vert gjenkjent som ei fullstendig adoptering av praksisen inn i organisasjonen, og er kjenneteikna av at praksisen vert teke for gitt, og er ein naturleg del av organisasjonen. Aktørar som har fremja praksisen i dei tidlegare fasane er dermed ikkje lenger oppteken av å drive prosessen framover, men av å sikre stillestanden, såkalla “status quo”. Målet for denne fasa er derfor ikkje framdrift, men stabilitet. Med stabilitet meinast institusjonens grad av oppretthalding av legitimitet, samt at ein held på dette over tid (Lawrence, Winn og Jennings 2001:627). Institusjonar og institusjonelle praksisar vert derfor teke for gitt når dei er relativt stabile over ei viss tid (Nielsen 2005a:11). Stabilitet kan observerast ut frå omgrepet “modus”.

3.3.2.1 Modus

I følge Torfing (2005b:171) kan praksisar verte stabiliserte, og då institusjonaliserte, på to måtar; som ein serie eller kjede av konkrete vedtak, eller som i meir subtile og gradvise former, der praksisar vert meir og meir faste, gjennom rutinisert interaksjon. Dette kan relaterast til Lawrence, Winn og Jennings (2001) sitt omgrep “modus”. Her skil ein mellom eit episodisk og eit systemisk modus. Med episodisk modus meinast prosessar knytt til aktørar eller einingar, som påfører praksisen strategisk. Betegnelsen “episodisk” indikerer at dette skjer i form av enkelthandlingar, gjennom enkelthendingar eller i enkeltsituasjonar. Dette indikerer også at praksisen må utøvast fleire gonger eller i form av repeterte handlingar for å bygge opp under langvarige prosessar. Med systemisk modus meinast meir kontinuerlege aktivitetar. Praksisen vert her påført gjennom langsiktige systemendingar, og

ofte utan at dei påverka partane er klar over verknadane. Kontinuiteten og den langsiktige verknaden er vidare noko som kan forløpe seg utan at dei opprinnlege intensjonane vert effektuert, og dermed noko som kan utløyse uintenderte konsekvensar. Forfattarane knyt det episodiske og det systemiske moduset opp mot stabiliteten til institusjonen. Påstanden er at det systemiske moduset vil gje ein meir stabil institusjon, medan det episodiske moduset krev meir repeterte maktutøvingar for å oppnå stabilitet. Det episodiske moduset er derfor mindre stabilt, medan det systemiske moduset fungerer som eit bidrag til høg stabilitet (Lawrence, Winn og Jennings 2001:629-630).

3.3.3 Konsekvensar av institusjonaliseringsprosessen

Ut frå den tradisjonelle institusjonaliseringskurva kan ein dermed forstå introduksjonen og den vidare adaptasjonen av nye praksisar som ein prosess som går over ei viss tid, der variasjonar innad i institusjonen kan forklare korleis adaptasjonen forløper seg. For å følgje denne prosessen kan ein sjå det som ei trinnvis og lineær introdusering, der ein følgjer praksisen gjennom innovering, spreiding og legitimering. Faktorane som avgjer forløpet til denne prosessen vert dermed Rogers (2002) og Lawrence, Winn og Jennings (2001) si spesifisering av institusjonelle faktorar som vil ha varierende innverknad på desse fasane. Sentralt er derfor forståinga av at prosessen skjer som følgje av ei gradvis adaptering, i form av ei gradvis semje eller ei integrering, determinert av ulike institusjonelle forklaringar.

3.4 Deinstitutionisering

Deinstitutionisering inneberer at etablerte, institusjonelle praksisar svekkjast, og forsvinn (Scott 2001:182, referert i Dacin og Dacin 2008:330). I Lawrence, Winn og Jennings (2001) knyt dei deinstitutionisering til svekkja eller låg stabilitet. Deinstitutionisering går dermed utover graden av adaptasjon av den nye praksisen, og dermed også moglegheita for full institusjonalisering (Lawrence, Winn og Jennings 2001:635). Modus-omgrepet kan dermed også ha ein viss predikerbar verdi for potensielle deinstitutioniseringsprosessar. Dette er sidan moduset gjev indikasjonar på graden av stabilitet i institusjonen, som vidare bidreg til å kunne vurdere sannsynlegheita for at et finn stad ei deinstitutionisering av praksisen eller faktoren. Slik som den tradisjonelle institusjonaliseringskurva viser vil dermed deinstitutioniseringsfasa byrje når stabiliteten avtar (jf. figur 3.2).

I følgje Dacin og Dacin (2008) kan ei påbyrjande deinstitutionisering sjåast ut frå ei svekkelse, eller eit press på praksisen. Antakinga her er at graden, men også typen av press, kan forhindre eller legge til rette for deinstitutionisering (Dacin og Dacin 2008:327). Slik

ein kunne sjå i legitimeringsfasa var tilhengjarar av praksisen opptekne av stabilitet i institusjonen. Dacin og Dacin si forståing av deinstitutionisering vert dermed at ulike faktorar rokkar ved denne stabiliteten, gjennom press på institusjonen. I utgreiinga av dette presset skil dei mellom eit politisk, sosialt og funksjonelt press. Politisk press vert rekna som tilfelle der ein trekk den etablerte praksisen eller faktoren i tvil, og stiller spørsmål kring dens nytte eller legitimitet. Slikt press vil ofte oppstå i tider der institusjonen vert oppfordra til innovasjon, eller på tidspunkt der ein forsøker å stimulere til auka prestasjon. Vidare er funksjonelt press knytt til utforminga av den institusjonelle praksisen. Her vil press skje som følge av endringar i det ein oppfattar som den faktiske nytta eller tekniske utforminga av praksisen. Det sosiale presset er knytt til deinstitutionisering i form av normendringar. Her vil prosessen verte trigga av at normar endrast eller oppløysast, i eller utanfor institusjonen (ibid :331-332). I tillegg til tre former for press vil også institusjonens treghet og forutsigbarhet moderere denne prosessen (Oliver 1992:566).

Stabilitet, forklart gjennom bruk av episodiske eller systemiske modus, samt press, i form av politisk, funksjonell eller sosial motstand, er dermed faktorar som kan skildre forsøk på å deinstitutionisere praksisar ut av organisasjonar. Deinstitutionisering er eit lite studert fenomen (Dacin og Dacin 2008:327), og det er dermed mogleg å sjå viktigheita av å også undersøke deinstitutioniseringsprosessar i studiet av institusjonar. Undersøkingar av deinstitutioniseringsprosessar har også ein viss predikerbar verdi. I dette ligg det ei anarkjenning av at visse, institusjonelle forhold, slik som grad av stabilitet og press, kan vere faktorar som kan føreseie deinstitutioniseringsprosessar. Oliver (1992) påpeiker at institusjonar kan forklarast ut frå semje og oppslutning kring ein viss norm, verdi eller måte å gjere ting på, men kan også forklarast ut frå ei gradvis usemje eller manglande oppslutning kring det eksisterande normgrunnlaget. Å gjenkjenne dei forholda som kan ligge til rette for at sistnemnte kan finne stad, er dermed noko som kan sannsynleggjerast (Oliver 1992:564).

3.5 Analytisk tilnærming

I introduksjonen til dette kapittelet vart teoriar omtalt som noko som måtte ha ein forklarande og føreseiande verdi, samt noko som måtte bidra til å kunne tolke og gje rammer for å forstå fenomenet ein studerer. Intensjonen til dette kapittelet har derfor vore å identifisere dei teoriene som oppfyller desse kriteriene. Følgjeleg har oppgåva valt å nytte seg av institusjonell teori, der ein ser på korleis sosiale normer eller praksisar tek ei regel-liknande form over tid. Vidare vil ei historisk-institusjonell tilnærming kunne sjå denne prosessen ut frå korleis institusjonen veks fram og endrast gjennom lærdom frå tidlegare situasjonar.

Sentralt i dette perspektivet er også at institusjonar kan forståast ut frå både struktur- og aktørforklaringar. Det historisk-institusjonelle perspektivet ser dermed denne danninga som forma av konflikt, eller mangel på konflikt i institusjonen. For å kunne gjere institusjonaliseringsprosessen mogleg å observere er det vidare naudsynt å operasjonalisere desse teoretiske disposisjonane. Dette kan gjerast gjennom utforming av variablar.

3.5.1 Utforming av variablar

Som det kommande metodekapittelet vil greie meir ut om har hovuddelen av datainnsamlinga i denne oppgåva føregått som ei undersøking av omtalen av etikk i fondsforvaltninga, i form av ei kvantitativ dokumentanalyse. Denne dokumentanalyse har dermed forsøkt å observere integrering og desintegrering, med vekt på dei teoretiske omgrepa “modus” og “relasjon”, som er vurdert ut frå fleire variablar. For å forankre dette i oppgåvas teoretiske perspektiv er variablane til dokumentanalyse operasjonaliserte. Operasjonalisering vert då forstått som prosessen med å formulere variablar som best mogleg svarar til det teoretiske omgrepet (Østbye et al. 2007:143). Det kommande avsnittet vil derfor greie meir ut om korleis dette har føregått i denne oppgåva.

Om ein byrjar med det overordna adapterings-omgrepet kan ein seie at adaptering tilseier at ein oppnår ei gradvis semje kring praksisen eller faktoren. Praksisen vert dermed teke meir og meir for gitt. Ein kan derfor hevde at dette kan forklarast ut frå dei ulike haldningane kring etikk som dokumenta har manifestert, over dei åra som desse dokumenta har vorte publisert. Om ein ser dette over tid vil ein dermed kunne avdekkje korleis haldningane har variert og endra seg, og dermed også korleis prosessen har forløpt seg. Vidare vil også relasjons-omgrepet til Lawrence, Winn og Jennings (2001) kunne sjåast i lys av dokumentas ulike uttrykte haldningar. Dette omgrepet tilsa då at forholdet mellom den som påfører praksisen, og den praksisen vert påført på, innverker på framdrifta. Dette kan dermed forsøkast observerast gjennom dei ulike haldningane, og meir spesifikt, haldningar uttrykt i forholdet mellom regjeringa og Norges Bank Investment Management (NBIM), har utvikla seg. Korleis desse organa har omtalt etiske investeringspraksisar i mellom seg i dei åra dette har vore diskutert er dermed noko som indikerer viktige trekk ved relasjonen; i kva grad ein har hatt konflikterande ståstar, og derfor ein viss grad av autonomi i relasjonen. Denne påpeikinga munnar dermed ut i formuleringa av variabelen “Haldning”.

Sidan modus siktar til korleis ein praksis har blitt påført, og då gjennom hyppige enkeltvedtak eller i meir gradvise former, kan ein variabel som seier noko om omfanget i bruken av etikk-omgrepet over tid i forvaltninga vere ein hensiktsmessig forklaringsvariabel.

Omfang vil derfor seie noko om kor mykje ein har diskutert etikk i fondsforvaltninga, over den tida dette har vore diskutert, og dermed indikere korleis grad av merksemd kring etikk som norm eller praksis har variert. Modus kan dermed sjåast ut frå variabelen “Omfang”. I tillegg kan ein skilje omtalene i frå kvarandre ved å vurdere i kva grad etikk-omtalen har vorte omtalt direkte eller indirekte inn mot SPU i dokumenta. Her kan ein då vurdere moduset ut frå graden av involvering frå aktørar på andre felt i kring, eller i kva grad etikk har vore diskutert direkte inn mot fondet. Dette kan då seie noko om graden av subtilitet kring politikkinnhaldet. Dette munnar ut i variabelen “Direkte eller indirekte omtale”.

I høve andre del av problemstillinga vil press kunne indikere grad av deinstitusjonalisering. Dette er basert på Oliver (1992) og Dacin og Dacin (2008) si inndeling i politisk, funksjonelt og sosialt press. I følgje forfattaren vil slikt press dermed drive fram deinstitusjonalisering. Press kan operasjonaliserast ved å sjå på korleis frårådande haldningar til etikk har vorte grunngeve. Ein antakelse er derfor at særskilt negativ merksemd uttrykt i desse grunngevingane kan representere forsøk på å svekkje etiske praksisar. Dette tilsvarar dermed variabelen “Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning”.

Basert på denne utgreiinga har operasjonaliseringa resultert i følgjande fire variablar, som føl den rekkjefølgja dei har vorte koda ut frå:

Institusjonalisering:

- Direkte eller indirekte omtale av etikk (V4)
- Omfang i bruken av etikk-omgrepet (V5)
- Haldning til etikk (V6)

Denstusjonalisering:

- Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning til etikk (V7)

Ei meir utdjupande skildring av dei ulike variablane og variabelverdiane, samt korleis desse har vorte vurdert, vert presentert i det kommande metodekapittelet.

4.0 Metode

4.1 Innleiing

Dette kapitlet er ein diskusjon av oppgåva sitt valgte forskningsdesign, med dets tilhøyrande metodiske fordelar, ulemper og utfordringar⁸. Kapitlet følgjer ein tredelt struktur, inndelt etter dei tre metodane som undersøkinga er basert på. Fyrste del ser på den kvantitative dokumentanalysa. Sidan dette utgjer den største delen av datainnsamlinga, er det følgeleg også denne diskusjonen som utgjer den største delen av den metodiske utgreiinga. Vidare vert den kvalitative dokumentanalysa diskutert. Sidan denne er tett knytt opp mot det føregåande kvantitative innsamlinga, så vil denne dermed utgjere ein betydeleg mindre del, og sjåast i samanheng med diskusjonane av den kvantitative innsamlinga. Dei to fyrste delane er derfor i noko grad samanfallande på dei punkta der metodane har overlappa kvarandre. Avslutningsvis er kapitlet kort innom kvalitativt intervju, før siste del diskuterer undersøkingas validitet, reliabilitet og generaliserbarheit.

4.2 Problemstilling

I følgje Ringdal (2001:20) vil formulering av problemstilling vere fyrste fase i eit forskingsprosjekt. Det er derfor naturleg å byrje med ei djupare utgreiing kring den valde problemstillinga. Denne er formulert som følgjande: *Korleis har etikk vorte integrert i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland? I kva grad har det skjedd ei desintegrering av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland?*

Problemstillinga kan fyrst karakteriserast som deskriptiv. Dette er sidan ein har nokre antakelsar om fenomenet, slik prosessen med å formulere hypoteser i det føregåande teorikapitlet tydeleggjorde. Deskriptive tilnærmingar er nyttige i utforskinga av nye felt, samt egna til å danne forklaringar (Donaldson og Preston 1995:71). Denne skildringa og forsøket på forklaring vert dermed førande for analysedelen i denne oppgåva. Den vert også forankra i antakelsane som hypotesene presenterte.

Ut frå problemstillinga ser ein vidare at “etikk” framstår som den avhengige variabelen i spørsmålsstillinga. Dette vert det oppgåva skal prøve å forstå, eller sjå etter variasjon i (Østbye et al. 2007:173). Introduksjonskapitlet spesifiserte “etikk” til å gjelde ikkje-monetære omsyn i forvaltninga av pengeverdier. Omtale av, eller uttrykk for “etikk” i det aktuelle undersøkingobjektet vert dermed utgangspunktet for den empiriske datainnsamlinga. Vidare kunne teorikapitlet forankre etikk som ein mogleg “sosial praksis”,

⁸ Delar av kapitlet er basert på mi eiga innleverte oppgåve i AORG322 våren 2016.

der praksisen kunne førekomme i meir eller mindre regelmessige former. Dette vert dermed utgangspunktet for analysa.

Vidare vil eigenskapar hos undersøkjingsobjektet vere den uavhengige variabelen, som antas å kunne påverke eller forklare fenomenet (Østbye et al. 2007:173). I introduksjonskapittelet kunne ein seie at oppfatningar kring etikk innad i organisasjonen kunne gje indikasjonar på kva som har dreve integreringa etiske omsyn framover. I utforminga av hypoteser i teorikapittelet vart dette sett til å vere nemningane “aktør” og “struktur”, og ytterligare spesifisert gjennom “modus” og “relasjon”. Deretter kunne dette operasjoniserast til fire variablar, som dermed datainnsamlinga vert basert på.

Til slutt i diskusjonen av problemstillinga sine variablar kan ein merke seg at undersøkjingsobjektet dukkar opp som både ei mogleg avhengig og ei uavhengig forklaring. Dette kjem i frå ny-institusjonell teori si antaking om at institusjonen kan innverke begge vegar. Undersøkjingsobjektet er dermed både det tilfellet “etikk” har operert innanfor, samt del av forklaringa, som i nemningane “aktør” og “struktur”. Ei slik mogleg endogen tilnærming til endring (Mahoney og Thelen 2010:3) er noko kapittel 6 om analyse vil presentere og diskutere meir inngåande.

Til slutt fungerer problemstillinga som ei avgrensing av dei samfunnsforholda studien siktar mot å undersøke (Grønmo 2004:75). Her vert Statens pensjonsfond utland (SPU) utpeikt til å vere einingen, eller caset⁹, for studien. Problemstillinga vert også eit gjennomgåande element for den påfølgjande oppgåva. Å sjå problemstillinga som ei ”rettesnor” vil derfor bety at denne vert sentral i val av data, framgangsmåte og analyse (ibid :75).

4.2.1 Langsgåande design

Eit design er ei overordna skisse over korleis undersøkinga skal utførast (Ringdal 2001:25). Sidan denne oppgåva ber sterkt preg av å skulle følgje undersøkingseiningen over tid, så kan ein seie at oppgåva følgjer eit langsgåande, også kalla longitudinelt design. Dette designet har som føremål å skildre stabilitet og endring, eller følgje ein prosess over tid (ibid :107). Eit langsgåande design vert kjenneteikna av at ein samlar inn data på fleire tidspunkt, om same eining, og at ein samanliknar desse dataa på tvers av desse tidspunkta (Menard 2002, referert i Ringdal 2001:146). Denne oppgåva er dermed klårt innanfor den langsgåande kategorien. Dette er sidan oppgåva har fulgt uttrykk for “etikk” i SPU, og då den avhengige variabelen i 9“Eining” og ”tilfelle” vert i denne oppgåva brukt synonymt med omgrepet ”case”. Det eksisterer ikkje ei god norsk oversetjing av omgrepet ”case” (Grønmo 2004:90).

undersøkinga, over lengre tid. Vidare har undersøkinga då samanlikna funna på tvers av denne tidsperioden. Til slutt har målet med undersøkinga vore å skildre prosessens stabilitet og endring, noko som dermed gjer eit slikt langsgåande design til den klåre nemninga på det overordna designet i denne oppgåva.

4.2.2 Casestudie

Utveljinga av Statens pensjonsfond utland som undersøkingseining inneberer også eit val av casestudiet som ein del av designet. Kombinasjonen av eit langsgåande og eit casestudie-design inneberer derfor at ein studerer ein eining, over lengre tid. Det finst ikkje ein allmenn definisjon på casestudie-omgrepet (Ragin og Becker 1992, referert i Ringdal 2001:108), men det er likevel mogleg å peike på nokre sentrale kjenneteikn. Det kanskje mest sentrale kjenneteiknet er eit lite utval, vanlegvis ein eining (Grønmo 2004:90). I følgje Ragin (1992:5, referert i Thomas 2011:512) betyr dette at ein ser på komplekse eigenskapar ved få eller eitt tilfelle, heller at ein ser på få eigenskapar ved mange tilfelle. Casestudiar inneberer derfor å bytte ut fordelene med ei breidde av mange tilfelle med fordelene av ei intensiv undersøking av få tilfelle (Thomas 2011:512). Ut i frå utgreinga ovanfor kan ein konkludere med at valet av Statens pensjonsfond utland som analyseeining er foreineleg med casestudiet, sidan ein vel ut eitt tilfelle for nærare undersøking. Det indikerer også at studien siktar mot å føreta ei inngåande undersøking av den valte analyseeininga. Dette er dermed foreineleg Ragin si forståing av casestudiar som intensive undersøkingar.

4.2.2.1 Utveljing av case

Etter å ha konkludert med at Statens pensjonsfond utland vert det utvalde caset, kan det vere hensiktsmessig å grunngje dette valet ytterligare, og gjerne sett i samanheng med universet av andre moglege einingar. Fyrst må ein dermed avklare universet eller populasjonen for studien. Ein kan seie at ein populasjon er den gruppa av einingar ein ynskjer å seie noko om (Østbye et al. 2007:148). I dette tilfellet kan populasjonen seiast å vere etablerte investorar, som utfører finanstransaksjonar, og som opererer gjennom dei formelle kanalane på den globale finansmarknaden. Alle investorar som fell innanfor desse kriteria kunne dermed vore potensielle undersøkingsobjekt i denne oppgåva. I omgrepsavklaringa vart det til dømes peika på at dei aller fleste investorar opererer med eit minimum av innspel av etiske og finansielle omsyn (Syse 2011:212), noko som tydeleggjer at ein kunne studert variasjonar i “etikkk”, og dermed avhengige variabelen, hos dei aller fleste investorar og investortypar. Dette er så fremt ein ikkje møter på investorar som fungerer som reine, økonomisk drivne

investeringsinstrument. Slike investorar vart som nemnt karakterisert som lite sannsynlege å finne på marknaden i dag.

I bakgrunnskapittelet kunne ein sjå at dei tidlegaste etiske investorane sine aktivitetar gjaldt “the right use of money” (Sparkes 2002:46), og dermed all type pengebruk, noko som omfattar eit stort tilfang av aktivitetar. Ein kan likevel avgrense investorar sine aktivitetar til å gjelde transaksjonar på den globale finansmarknaden, og dermed det ein kan rekne som kjøp og sal av finansobjekt som vert utført gjennom dei ordinære, formelle kanalane. Dette er sidan ei inkludering av all type pengebruk ville vore eit tilnærma uavgrensa univers omfatta alle situasjonar der verdioverføring forekjem. Til slutt kan populasjonen avgrensast til å gjelde dei etablerte aksjonærane. Dette inneberer ei utelukking av privatpersonar og enkeltindivid i universet av moglege einingar, sidan dette også vil omfatte ei svært stor gruppe av aktørar, med til dømes bankinnskott og omsetjing av andre verdipapir (Holden 2016:39), som moglege aktivitetar. Med etablerte investorar meinast då dei ein kan anta tillegg investeringane eit visst volum over tid, og der aksjonæren i seg sjølv ikkje er eit individ (Black, Hashimzade og Myles 2012:212). Investorar innanfor desse avgrensingane utgjer dermed universet, området eller breidda av einingar som studien omfattar.

I følgje Gerring (2007:89-90) er det ni teknikkar for utveljing av case: Typisk, variert, ekstrem, avvikande, innverknadsfull, kritisk, vegvisande, mest-lik og mest-ulik¹⁰. Sjølv om ein kan følgje ein av desse teknikkane, er det imidlertid vanleg å kombinere fleire i same utveljing. Eitt case kan til dømes vere eit ekstremt tilfelle med omsyn til ein variabel, men eit typisk tilfelle samanlikna med dei andre casene (ibid :147). Ut i frå valet av Statens pensjonsfond utland som case kan ein argumentere for at fondet er eit typisk tilfelle. Typisk, sidan SPU si åtferd tilseier at fondet fungerer som alle andre investorar på den globale marknaden. Dette vart til dømes påpeikt av Backer (2009), som seier at slike nasjonale investeringsfond fungerer som tilnærma likestilte deltakarar på marknaden, samanlikna med private investorar. Dei er dermed funksjonelt private (Backer 2009:107). Samstundes kan ein seie at Statens pensjonsfond utland også framstår som eit ekstremt case. Fondet står til dømes for enorme, finansielle verdiar, og skil seg klårt ut, med eit betydeleg eigarskap til verdas aksjemarknad. Av utallige moglege investorar i universet skil SPU seg dermed ut i deira forvaltning av særskilt store verdiar. Det statlege eigarskapet kan også sjåast som eit særst avvikande trekk. Dette viser mellom anna dei artiklane som uttrykker bekymring for kva slikt eigarskap kan innebere. Rose (2008:96) nemner til dømes at marknaden truleg ikkje er

¹⁰Oversett frå Gerring (2007:89-90) sine engelske omgrep: Typical, diverse, extreme, deviant, influential, crucial, pathway, most-similar og most-different.

tilpassa for å kunne regulere slike fond sine aktivitetar. NBIM sjølve stadfestar også eit langsiktig perspektiv som særskilt karakteristisk for SPU:

“Den lange tidshorisonen er ett av de fremste kjennetegnene ved SPU [...]. Med en så lang tidshorison, kombinert med bredt plasserte investeringer i markedene, er NBIM som investor eksponert for utviklingstrekk i markedene som mer kortsiktige investorer eller investorer med en mer konsentrert portefølje normalt vil være mindre opptatt av” (NBIM 2007:40).

Dette tydeleggjer dermed at fondet innehar eigenskapar som skil seg ut blant det ein kan rekne som meir kortsiktige, private investortypar. Vidare har også SPU betydeleg aktivitet knytt til ekskludering av uetiske selskap. Dette praksisane vert også sett som trendsetjande, i verdssamanheng (Milne [Financial Times] 2014), som indikerer at ein har få investorar som ein kan samanlikne denne aktiviteten med. Ein kan derfor seie at SPU er eit ekstremt tilfelle med omsyn til fondets enorme finansielle verdiar, dets spesielle statlege eigarskap og den større aktiviteten knytt til etiske praksisar. Dette kan også sjåast som den mest passande karakteristikken, sidan “etik” vert definert som den avhengige variabelen i problemstillinga. At SPU har ekstreme verdiar på den avhengige variabelen, i form av særskilt høgt etisk aktivitetsnivå, er sjølve definisjonen på eit ekstremt case (Gerring 2007:101).

4.3 Metode og data

Dei kommande avsnitta er diskusjonar av dei konkrete framgangsmåtane som er nytta i denne oppgåva. Dei ulike framgangsmåtane kan samlast i omgrepet ”metode”, eit omgrep som kan vere hensiktsmessig å definere nærare. Jonker og Pennink (2010) skil mellom metode og teknikk. Metode er dei spesifikke måtane ein går fram på, medan teknikk er dei instrumenta eller verktøya ein nyttar for å samle inn og analysere data (Jonker og Pennink 2010:25). Teknikkane er dermed meir konkrete enn metodane, og metodane er meir abstrakte enn teknikkane. Ein kombinasjon av ulike metodar vert kalla for metodetriangulering (Ringdal 2001:104-105). Her brukar ein gjerne fleire likestilte metodar, eller ei tilnærming der ein underordnar ein av metodane (ibid :110). Vidare vil alle metodar ha sine avgrensingar. På grunn av dette er det derfor viktig å vere open om desse avgrensingane (King, Keohane og Verba 1994:8). Det er derfor sentralt å også inkludere slike moglege avgrensande aspekt i dei kommande diskusjonane.

Eit anna omgrep som kan trenge ei vidare avklaring er ”data”. Data vil då sikte til; “[...] systematically collected elements of information about the world” (King, Keohane og Verba 1994:23). Data er derfor det faktiske materialet ein har samla inn, materiale kan sjåast

som informasjon, eller element av informasjon, om røynda. Vidare skil ein mellom primærdata og sekundærdata. Primærdata er data som forskaren sjølv samlar inn, medan sekundærdata er datamateriale som allereie eksisterer (Ringdal 2001:112). Lewis og Nicholls (2014) karakteriserer sekundærdata som data som eksisterer uavhengig av forskinga, og kallar dette for ””naturally occurring” data” (Lewis og Nicholls 2014:54). Kombinasjonar av ulike typar data vert kalla for datatriangulering. Fordelen med slike kombinasjonar er dets bidrag til like eller forskjellige skildringar av eit fenomen, skildringar som dermed kan setjast opp mot kvarandre (Østbye et al. 2007:20). Dokumentanalyse, som denne oppgåvas undersøkingar hovudsakleg baserer seg på, inneberer ei innhenting av sekundærdata. I tilfelle med offentlege kjelder sine databaser vil dette dreie seg om strukturerte prosessdata. Dette betyr då at dokumenta allereie føl ei høg grad av strukturering, samt at det er dokumentasjon frå samfunnsaktivitetar, medan dei forløper seg (Ringdal 2001:112-113). Sjølv om bruk av sekundærdata openbart krev mindre ressursar enn eigeninnsamla data, er det likevel nokre ulemper ved å velje ein slik datatype. Til dømes vil forskaren miste noko kontroll over datamaterialet, sidan forskaren sjølv ikkje står for innsamlinga. Andre ulemper kan knytast til kjeldekritikk. I bruken av dokument som datatype må ein vere særskilt varsam for korleis desse dataa sjølv har vore innsamla, og opphavet til desse dataa (Cowton 1998:428). Likevel er det også openbare fordelar med å nytte seg av sekundære datatypar. Til dømes tillet eit skriftleg tekstmateriale forskaren å gå lengre tilbake i tid (Østbye et al. 2007:209), som er eit sentralt moment i denne oppgåva. Sidan offentleg dokumentasjon føl ei høg grad av strukturering, samt er knytt til lover som påbyr offentlege organ ei viss grad av publisering, slik som Offentlegheitslova (ibid :48), kan ein også tillegge desse dokumenta ei høg grad av autensitet, tilgjengelegheit og truverd. Kjeldekritiske vurderingar av skriftlege kjelder kan derimot også omfatte dokumentas relevans (Grønmo 2004:121-123), som kan vere ein mindre styrke ved offentlege dokument. Dette er sidan ein då ofte har eit svært rikt materiale å førehalde seg til. Datatypen, og også vurderingar kring dokumenta sin relevans, kjem dei siste avsnitta i dette kapittelet tilbake til.

Val av datatype kan etterfølgjast av valet mellom ulike forskingsstrategiar. Her skil ein mellom kvantitative og kvalitative strategiar (Ringdal 2001:24). Skilnadane mellom desse er fyrst og fremst knytt til grad av avstand til undersøkingseiningane, samt omfanget og typen av datamateriale (ibid :104-105). Dette vil valet også vere avgjerande for det overordna designet. Ved bruk av ein kvantitativ strategi fungerer gjerne designet som ei fastsett oppskrift, som følgjer ein lineær prosess frå start til slutt. I kvalitative metodar er slike design gjerne meir dynamiske utformingar som stiller større krav til fleksibilitet hos forskaren.

Diskusjonane nedanfor ber derfor preg av denne påpeikinga. Den kvantitative tilnærminga er basert på ein lineær framgangsmåte, der dei forskjellige delane av designet har fulgt ei trinnvis tilnærming. Det kvalitative forskingsdesignet har derimot fulgt Maxwell (2013), som seier at dei ulike delane i forskingsdesignet kan interagere med kvarandre. Ein slik interaktiv tilnærming tek dermed høgde for at dei forskjellige delane av forskingsdesignet kan modifierast undervegs (Maxwell 2013:2-4).

4.4 Kvantitativ dokumentanalyse

Den største delen av datainnsamlinga har føregått som ei kvantitativ dokumentanalyse av dokument frå regjeringa og Norges Bank Investment Management (NBIM) sine elektroniske databaser. Ein kvantitativ strategi er særskilt effektivt i tilfelle der ein vil ha oversikt over eit stort datamateriale (Nilsson 2000:114, referert i Østbye et al. 2007:209). Med den kvantitative tilnærminga meinast ei talmessig skildring av materialet. Teknikken går ut på å kode materialet etter variablar, med ei etterfølgjande systematisk analyse av verdiar og funn knytt til desse variablane (Østbye et al. 2007:209). I denne oppgåva har den kvantitative dokumentanalysa vorte nytta for å kartlegge dei diskusjonane som har føregått i forvaltninga av fondet, over alle dei åra fondet har eksistert. Datagrunnlaget har derfor vore alle dokument som har tiltalt Statens pensjonsfond utland i dei to forvaltningsorgana. Vidare har ei systematisk koding avdekka kvar, kortid, korleis og i kva samanheng etikk-omgrepet har dukka opp. Dette er då eit forsøk på å svare på korleis etikk har vorte integrert i forvaltninga, samt i kva grad desintegreringa har funne stad.

4.4.1 Datagrunnlag

Datagrunnlaget er samansett av dokument frå regjeringa og NBIM sine databasar på internett. I introduksjonskapittelet kunne ein identifisere desse to einingane som dei mest sentrale utøvande forvaltningsorgana kring SPU, der regjeringa, ved Finansdepartementet, står som eigar, og NBIM som operasjonell forvaltar. Vidare har etikk-omgrepet vore sentralt i datainnsamlinga. I bakgrunnskapittelet vart “etikk” presentert som det valde uttrykket i skildringa av ikkje-finansielle investeringsaktivitetar, og ein kan seie at “etikk” då representerer den ordlyden eller den sentrale tituleringa ein har valt som betegnelse på fenomenet ein prøver å forklare. Datagrunnlaget har dermed vore samansett av dei dokumenta som har omhandla SPU i dei to databasene. Vidare har desse vorte gjennomgått ut frå dokumentas omtale av etikk, noko som har vorte vurdert ut frå dei operasjonaliserte variablane.

Datainnsamlinga frå regjeringa har føregått som eit søk i regjeringa sin elektroniske database. Søkeord i databasen har vore “Statens pensjonsfond utland” og “Statens petroleumsfond”, og dermed ei henvising til dei to namna det norske fondet har hatt. Søket vart gjort innanfor alle dokumenttypar, tidsperiodar, departement og tema, og dermed utan avgrensingar i søkingsfeltet. I søket vart det funne i alt 284 dokument. Dette er eksklusive dokument som har gjenteke seg i dei to søka, og eksklusive dokument som kun har omhandla Statens pensjonsfond Norge, som er ein innanlands investeringseining skilt frå SPU. Dei resterande dokumenta vert rekna som dei som direkte tiltalar fondet, og som dermed antas å vere relevante for undersøkingane. Sidan ein har valt å trekkje ut alle dokument frå søket, med unntaka nemnt over, er utvalet lik universet. Det har dermed ikkje vorte føretatt noko reelt uttrekk frå databasen. Datainnsamlinga frå NBIM har føregått på NBIM sin nettstad. Her har alle dokument som organisasjonen har publisert vorte henta ut, med unntak av dokumenttypen “Nyheter”, som er mindre annonseringar av NBIM sine aktivitetar. Informasjonen frå denne kategorien antas å gjenfinnast i dei andre kategoriane. Resultatet frå utveljinga er på totalt 187 dokument. Med unntak av utelukka av nyhets-kategorien er det dermed heller ikkje føretatt noko reell utveljing av dokument frå NBIM sin database. Oversikt over antal dokument i frå dei to databasene vert presentert i tabell 4.1.

Tabell 4.1: Datagrunnlag

| Database | Antal dokument | Prosent |
|-----------|----------------|---------|
| Regjering | 284 | 60,3 |
| NBIM | 187 | 39,7 |
| Totalt | 471 | 100 |

Kjelde: Eigeninnsamla data

4.4.1.1 Eigenskapar ved datagrunnlaget

Sidan søket vart gjort i elektroniske databaser, har tidsrommet dokumenta har spent seg frå vore betinga av databasane sine eigne tidsavgrensingar, og dermed også deira grad av digitalisering av universet av mogleg datamateriale. I regjeringa sitt tilfelle vart det funne dokument frå august 1996 og fram til desember 2016, der sluttdatoen er frå då innsamlinga vart avslutta. Sidan 1996 markerer året då dei fyrste overføringane til fondet skjedde, slik det vart omtalt i kapittelet om bakgrunnen for fondet, kan ein seie at 1996 framstår som eit naturleg startpunkt for undersøkinga. I NBIM sitt tilfelle kunne ein finne dokument frå august 1997 til desember 2016. Dette er også nokså naturleg, sidan NBIM vart oppretta kring dette

tidspunktet. Tidsrommet har derfor naturleg avgrensa seg til periodar på høvesvis 21 og 20 år, som følgje av at databasane har hatt dokument frå desse tidsperiodane tilgjengeleg. Vidare har dokumenta variert i graden av kvalitet. Dei eldste dokumenta har vore presentert som fotokopiar av eit skriftleg materiale. Nyare, og også overvekta av datamaterialet, har vore presentert som digitale dokument. I tilfellet med dei eldre fotokopiane har det ikkje vore noko særlege utfordringar knytt til dette, ettersom kvaliteten har vore nokså handterbar. Ei større bekymring har derimot vore at databasene kan ha hatt manglande fotokopiar frå eksisterande, skriftlege dokument, der aktuelle dokument frå dei tidlegaste åra kan ha blitt unnlatt digitaliseringa. Dette er eit forhold som er noko vanskelig å ettergå ettersom desse dokumenta dermed ikkje har vorte oppdaga i databasene. Sidan det har vore funne dokument frå 1996, som er året då dei fyrste overføringane til fondet skjedde, kan ein seie at ein truleg har dekkja inn alle fondets operative år, og dermed også dokumentasjonen av desse åra. Eventuelle manglande digitaliserte dokument har derfor vore eit moment som ikkje har vore forfulgt ytterligare.

4.4.2 Einingar, variablar og variabelverdiar

I den innleiande fasa i den kvantitative undersøkinga vart det formulert einingar, variablar og variabelverdiar¹¹. Sidan einingar vert definert som det materialet ein analyserer, og dermed det materialet ein har henta ut lik informasjon frå (Østbye et al. 2007:156), kan ein enkelt sjå at dokumenta kan karakteriserast som dei einingane som studien har undersøkt. Variablar er vidare dei kategoriane som ein kategoriserer einingane ut frå, og tilsvarar den informasjonen ein registrerer (ibid :156). Datamaterialet i denne undersøkinga har vorte koda ut frå sju variablar: År, dokumenttype, opphav, indirekte eller direkte omtale av etikk, hyppigheit i omtale av etikk, haldning til etikk og grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning til etikk. Medan år, dokumenttype og dokumentets opphav siktar til kortid, kvar og i kva form dokumenta har vorte framstilt på, skildrar dei fire resterande variablane til den samanhengen etikk-omgrepet har dukka opp i. Å avdekkje i kva samanheng, med kva omfang og med kva talemåte, samt grunngeving for talemåten, ein har operert med i omtalen av etikk, har dermed vore eit bidrag til å avdekkje variasjonar i bruken av etikk-omgrepet. Dette er då basert på operasjonaliseringa i teorikapittelet. Variablane har også vorte presisert ytterligare etter fleire pilottestar av materialet. Desse testane har føregått som koding av eit mindre utval av materialet, koding som deretter har vorte kategorisert og analysert. Hensikten med pilottestinga var dermed å finjustere kva variablane skulle omfatte, samt presise

¹¹Fullstendig kodebok vert presentert i vedlegg 1.

variabelverdiane. Det var også for å sjå etter tendensar til at variablane varierte i dokumenta. Pilottestane har derfor resultert i formuleringa av variablane nemnt ovanfor, samt presentert indikasjonar på funn, noko som vert gjennomgått i sin heilskap i kapittel 5.

Variabelverdiane vert til slutt dei tala som ein har koda einingane med, og er dermed svara på det variablane har spurt om (Østbye m.fl. 2007:156). I tråd med den kvantitative tilnærminga er desse variabelverdiane formulert som tal, og er derfor utgangspunktet for ei seinare talmessig skildring av materialet.

4.4.2.1 Utforming av variablar: Regjeringa sin database

Variablane år (V1), type (V2) og opphav (V3) har vore basert på dei kategoriane som databasane sjølv har hatt i søkingsfeltet. Medan år (V1) er det tidspunktet då dokumentet vart publisert, er type (V2) den forma dokumentet har hatt, slik regjeringa sjølv har kategorisert det. I tilfellet med regjeringa gjeld V2 elleve dokumenttypar. Høyringar er utelukka som verdi frå denne variabelen. Dette er sidan høyringsdokumenta ligg inne som etterspurnad frå regjeringa etter høyringssvar, og dermed utan noko reelt innhald, sidan det er respondentane sjølve som sender inn svaret til desse førespurnadane. Mangelen på ytterligare informasjon, samt motivasjonen til å undersøke den interne forvaltninga, er dermed grunnane til at høyringar frå andre eksterne aktørar ikkje har vorte inkludert. Dokumentets opphav (V3) er knytt til kva departement dokumenta har kome i frå. I tillegg til inkludering av alle dei 16 noverande departementa har det også vorte formulert ein ein 17. verdi. Denne vert kalla “ekstern”, og siktar til dokument som er bestilt frå departementa. I denne kategorien finn ein til dømes utgreiingar (NOU-ar), bestilte rapportar og dokument frå lovavdeling. Den 17. kategorien har derfor vorte formulert for å skilje desse interne og eksterne dokumenttypane frå kvarandre. Slike eksterne dokument er inkludert sidan dei vert rekna som delvis underliggende departementa, sidan dei då vert utarbeida innanfor departementas formulerte mandat og tidsavgrensingar. Samstundes har også ein del av desse dokumenta vore sentrale element i fondsforvaltninga i enkelte av dei åra som er studert. Dei er dermed vurdert til å tillegge særskilt relevant informasjon til analysa. Ein siste merknad med opphavsvariabelen er at namna på departementa har variert over dei 21 åra som er kartlagt. Her har kodinga tatt utgangspunkt i dagens titlar på departementa, og då koda dokumenta med avvikande titlar ut frå ei vurdering av kva som tilsvarar desse departementas ansvarsområde i dag. Sidan det har vore hyppige, men små avvik mellom tidlegare og noverande titlar på departementa, har det dermed ikkje funne stad noko større tvilstilfelle her.

Når det gjeld dei fire resterande variablane, direkte eller indirekte omtale (V4), omfang (V5), haldning (V6) og grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning (V7), knyt desse seg til bruken av etikk som omgrep i dokumenta. Dokument utan omtale av etikk har dermed falt frå i denne resterande kodinga. I praksis har dette vore dokument som har omtalt Statens pensjonsfond utland, men som ikkje har omtalt etikk i og i kring fondet. Felles for dei fire variablane er derfor formuleringa av variabelverdien “ikkje nemnt/ikkje relevant”. Denne verdien rommar dermed alle dei dokumenta som har hatt manglande omtale av etikk. V4-V7 er vidare koding av dokument som har nemnt etikk-omgrepet.

V4 handlar om ein har omtalt etikk i direkte eller indirekte tilknytning til Statens pensjonsfond utland. Dette er av betydning for om ein snakkar om etikk i finanssektoren generelt, eller i SPU spesielt. I ei indirekte omtale har det typisk vore snakk om næringslivsetikk eller etikk i finanssektoren generelt. I ei typisk direkte omtale har dokumenta omtalt SPU sine etiske verkemiddel, slik som Etikkrådet, dei etiske retningslinjene eller eigarskapsverktya. Dokument som har diskutert etikk, men ut frå tema som ikkje har noko samanheng med denne oppgåva, har vorte plassert under “ikkje nemnt/ikkje relevant”-verdien. Døme på dette er “matetikk”, som ofte har vore nemnt i landbruksdepartementet sine dokument, eller “forskingsetikk”, som har vore generelt omtalt i fleire departement. Dette er dermed vurdert til å ikkje ha noko indirekte eller direkte tilknytning til SPU. Vidare handlar omfang (V5) om i kor stor grad ein har nemnt “etikk” eller “etisk” i eit eksplisitt ordelag. Variabelverdiane har derfor vore numeriske kategoriar som har spent frå 1 til over 20 treff. Avgrensinga frå 1 til 20 treff er basert på pilottestane, som har vist at størstedelen av utvalet har havna innanfor dette spennet. Haldning (V6) går på kva ståstad ein har argumentert ut frå i omtalen av etikk. Her har variabelverdiane vorte formulert som ei sterkt frårådande, frårådande, balansert/nøytral, tilrådande eller sterkt tilrådande haldning. Denne variabelen er dermed basert på korleis overvekta av argumentasjonen har framstått i det aktuelle dokumentet. Grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning (V7) skildrar kva ein har grunngeve dei to frårådande variabelverdiane med frå den forrige variabelen. Her har variabelverdiane vore politisk grunngeving, funksjonell grunngeving og sosial grunngeving. Dette er då basert på operasjonaliseringa frå teorikapitlet.

4.4.2.2 Utforming av variablar: NBIM sin database

I motsetning til variablane i kodinga av regjeringsdokumenta har det ikkje vore naudsynt å kode variabelen “opphav” (V3) i dokumenta frå NBIM. Dette er sidan dokumenta frå NBIM

har vorte presentert med ein klår avsendar, som er NBIM som organisasjon, og dermed utan tilknytning til ei særskilt avdeling eller ein særskilt person. Variabelen har derfor ikkje variert slik som i regjeringa med dei ulike departementa. I tillegg har NBIM andre dokumenttypar enn regjeringa. Variabelen “dokumenttype” (V2) har dermed vore koda med dei fire variabelverdiane rapport, diskusjonsnotat, forvaltarperspektiv og brev, i kodinga av NBIM sine dokument. Som nemnt tidlegare er “nyheter” ekskludert som verdi her sidan dette er mindre annonseringar som er vurdert til å gje minimalt med ytterligare informasjon samanlikna med dei andre dokumenttypane. Utanom desse unntaka følgjer kodinga av NBIM sine dokument dei variablane og dei verdiane som har vore nytta i regjeringa sitt tilfelle.

4.4.3 Koding og intersubjektivitetstest

Kodinga har føregått som eit systematisk gjennomgang av datamaterialet. Dokumenta har dermed vorte registrert og talfesta ut frå variablane og variabelverdiane. På variabel V4-V7 har nøkkelorda som det har vorte koda etter vore “etikk” og “etisk”, og i tilfella med engelskspråklege dokument, “ethics” og “ethical”. Døme på engelskspråklege dokument har til dømes vore NBIM sine diskusjonsnotat og forvaltarperspektiv, som utelukkande har vore utforma på engelsk.

For å kompensere for moglege målefeil i kodingsprosessen vart det gjennomført ei testkoding av ti dokument i utvalet. Denne vart utført av ein uteksaminert student ved masterstudiet i Administrasjon og organisasjonsvitskap. Hensikten med å utføre ei testkoding var å sjå om ein annan student kunne replikere kodinga slik som eg sjølv har koda materialet, ei utprøving som vert kalla intersubjektivitetstest. Dette er av omsyn til reliabiliteten, som seier at kodinga skal kunne gjentas av ein annan forskar, utan at dei to kodingane avviker frå kvarandre (Østbye et al. 2007:223). Resultatet av kodinga viste at ni av ti dokument hadde identisk koding med mi eiga. Det siste dokumentet hadde avvik på variabel V4, dokumentets direkte eller indirekte tilknytning til SPU, noko som kan skuldast ei noko uklår definering av kva som er meint med den indirekte variabelverdien. På grunn av dette avviket har variabelen blitt ytterligare spesifisert, til at indirekte omtale gjeld finanssektoren som SPU er ein del av, og ikkje etikk i alle sektorar og fagområde, som er ei breiare definering. Alle dokument har også vorte gjennomgått på nytt på denne variabelen som følgje av den nye spesifiseringa. Sidan dei resterande dokumenta hadde nøyaktig og samanfallande koding, kan ein seie at testkodinga har minimert den overordna risikoen for at det har funne stad målefeil i kodingsprosessen.

4.4.4 Frekvensfordeling

Resultatet av kodinga har vorte analysert på to måtar. Fyrst har alle dei sju variablane vorte studert ut frå ei univariat frekvensfordeling. Dette inneberer ei fordeling av einingane, som i dette tilfellet vert dokumenta, etter kor mykje dei har førekomst i kvar enkelt variabel (Østbye et al. 2007:160-61). Desse vert dermed presentert med råtal og prosentfordeling, på enkelte variablar, i tabellar i kapittel 5. For det andre har dei fire variablane som har sett etter variasjonar i “etikkk” vorte satt opp mot åra dei er publisert i, og dermed som ei bivariat frekvensfordeling (ibid :173). Sistnemnte følgjer då to variablar i ei grafisk framstilling, som også vert presentert i funnkapittelet.

4.5 Kvalitativ dokumentanalyse

Andre del av undersøkinga har vorte gjennomført med ei kvalitativ dokumentanalyse av eit utval av dokumenta frå den kvantitative innsamlinga. I tillegg har denne delen også inkludert nokre få, ytterligare dokument. Å velje kvalitativ dokumentanalyse til å undersøke materialet ytterligare indikerer at ein ynskjer å nytte seg av ein rikare og djupare skildring av datamaterialet (Ringdal 2001:105). Dette er derfor ei erkjenning av at den føregåande kvantitative analysa berre evnar å fange opp dei nøyaktige funna som variablane har etterspurt. I tillegg kan eit kvantifisert materiale gje avgrensa med informasjon om kvar eining, og dermed kvart dokument, slik at behovet for ytterligare informasjon melder seg. Sistnemnte erkjenningar er dermed grunngevinga for og motivasjonen bak den kvalitative innsamlinga.

4.5.1 Datautveljing

Datautveljinga har føregått som ein djupare gjennomgang av datamaterialet frå den kvantitative undersøkinga. Dokumenta er hovudsakleg valt ut grunna deira utslag på variablane V5, V6 og V7, som handlar om omfanget i bruken av etikk-omgrepet, samt haldning til etikk og grunngeving for frårådande/sterkt frårådande haldning til etikk. Desse dokumenta er dermed særskilt interessante, sidan dei har, i større grad enn resten av datamaterialet, variert eller gjort større utslag i omtalen av etikk. Informasjonen her har dermed vore antatt å kunne bidra med ytterligare innsikt i besvarelsen av problemstillinga. Utveljinga av dokument til den kvalitative analysa har derfor fulgt ein strategisk prosess, sidan ein har valt dei dataa som antas å ha mest og best informasjon om fenomenet ein undersøker (Østbye et al. 2007:44). Avslutningsvis har denne delen av datainnsamlinga også trukke inn nokre ytterligare dokument, hovudsakleg enkeltdokument frå Stortinget. Desse har

fungert som utdjupande kjelder til informasjon som ikkje har kome fram frå det opprinnelege datamaterialet. Prosessen har føregått, som nemnt tidlegare i dette kapittelet, som ein nokså fleksibel framgangsmåte. Her har undersøkinga av dokumenta føregått undervegs, men i aller størst grad i etterkant av den kvantitative undersøkinga. Kategoriseringa av desse funna har fulgt variablane, over dei åra som er studert, og gjeve ei meir utdjupande skildring og framstilling av den avhengige variabelen. Denne kategoriseringa vil framkomme i sin heilskap i kapittel 5, som presenterer funna.

4.6 Kvalitativt intervju

I etterkant av den kvalitative og den kvantitative dokumentanalyse meldte det seg behov for å innhente ytterligere informasjon om eitt særskilt hendingsforløp i fondets historie. Det vart derfor sendt ut fleire førespurnadar, men berre gjennomført eitt informantintervju i slutfasen av datainnsamlinga. Fråfallet skuldast manglande respons frå dei andre informantane. Intervjuet som vart gjennomført var av ei sentral kjelde frå Stortinget, som var aktiv då fondet var i si tidlegaste operative fase. Dette var dermed også ei strategisk utveljing, som ei supplerande kjelde til informasjon for å belyse noko av den kompleksiteten og den fragmenterte situasjonen som kjenneteikna denne spesifikke tidsperioden. Slik som i Cowton (1999b:61) kunne ei ytterligere datainnsamling derfor vere eit viktig bidrag for å setje dokumenta i ein større kontekst. Dette var dermed motivasjonen bak valet av intervjueteknikken.

Intervjuet vart gjennomført over telefon, og vart teke opp som eit lydopptak. Samtalen fulgte ein semistrukturert framgangsmåte. Intervjuet var derfor basert på ein temabasert intervjuguide¹², der intervjuet fulgte fleire tema og nokre førebudde opne spørsmål. Guiden var likevel open for oppfølging og improvisasjon (Ringdal 2001:243). Ei openbar og merkbar utfordring var informanten si erindring av hendingsforløp som strakk seg langt tilbake i tid. Dette er ei vanleg utfordring i såkalla retrospektive undersøkingar, der ein hentar inn tilbakeskuande data. Det var derfor viktig å strukturere intervjuguiden ut frå å spørje om dei mest sentrale og faktiske forholda (ibid :162), noko denne undersøkinga dermed forsøkte å ta omsyn til. Likevel kan spørsmål om hendingsforløp frå 20 år tilbake i tid, som var gjeldande i dette tilfellet, reknast som ei vesentleg utfordring. Undersøkinga har dermed støtta seg til dei skriftlege datakjeldene i framstillinga av dei meir detaljerte saksforholda frå denne tida.

4.6.1 Etiske vurderingar

¹²Intervjuguide vert presentert i vedlegg 2.

Etiske utfordringar i innhenting av data frå informantar knyt seg mellom anna til spørsmål om personopplysingar. Dette handlar om informasjon som direkte eller indirekte kan identifisere personane. Direkte opplysingar vil til dømes vere namn, medan indirekte opplysingar vil vere bakgrunnsinformasjon, slik som yrke (Ringdal 2001:458). Denne oppgåvas informantintervju er meldt inn og godkjent av Personvernombodet for forskning, “NSD- Norsk senter for forskningsdata”. I førespurnaden¹³ som vart sendt ut til informantane vart det informert om at informantane kunne indirekte gjenkjennast i undersøkinga. Dette skuldast informasjon som kunne komme fram i kraft av informantanes tidlegare stillingstitlar, verv eller partitilhøyrighet. Informanten i denne undersøkinga er anonymisert, og det er utelukka informasjon som knyt seg til personopplysingar som direkte identifiserer informanten. Likevel vil enkelte aktivitetar, og dermed indirekte opplysingar frå informanten, framkomme. Dette knyt seg til tidlegare arbeid og aktivitetar på Stortinget. Dette er i tråd med informasjonen i førespurnaden som vart sendt ut og samtykka til av informanten.

4.7 Validitet og reliabilitet

Denne delen vurderar kvaliteten på forskingsdesignet, gjennom omgrepa validitet og reliabilitet. Validitet omhandlar studiens evne til å måle det ein har søkt mot å måle, medan reliabilitet siktar til kvaliteten på innsamlinga og analysa. Ein kan dermed seie at låg validitet vert feil val av teknikk, medan reliabilitet er unøyaktig bruk av teknikken (Østbye et al. 2007:25-26). Vidare kan validitet og reliabilitet vurderast forskjellig i bruken av kvantitative og kvalitative strategiar. Dette ser dei kommande avsnitta nærare på.

4.7.1 Validitet og reliabilitet i kvantitativ metode

Ut frå omgrepet validitet kan feil val av teknikk dermed bidra til å redusere validiteten. Ei viktig utfordring i den kvantitative framgangsmåten er derfor i kva grad ein har fanga inn dei prosessane som problemstillinga etterspør, ved å ha nytta seg av den valte metoden. I denne oppgåva kan til dømes relevante diskusjonar som ikkje har brukt etikk-omgrepet vorte utsortert i undersøkinga. Dette knyt seg til valet av ein kvantitativ strategi i målinga, som dermed ikkje fangar inn nyansar som ikkje fell inn under kodingas variablar. Dette er eit nokså stort bidrag til låg validitet i den kvantitative undersøkinga, sidan oppgåva har teke føre seg “etikk” som eit valt og eksplisitt omgrep i variabelutforminga, og dermed basert datainnsamlinga og kodinga på dette. Likevel kan ein hevde at valet om å nytte seg av ein såpass eksplisitt bruk av “etikk”-omgrepet gjennom ein kvantitativ strategi også har gjeve

13Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt vert presentert i vedlegg 3.

nokre fruktbare resultat, som også kan vere eit bidrag til å auke validiteten. Ein har til dømes kunne funne fram til konkrete diskusjonar, samt kunne ha handtert eit relativt stort datamateriale, ut frå avgrensa variablar. Handtering av dokumentas relevans inngår til dømes som ei kjeldekritisk vurdering, slik det vart diskutert tidlegare i dette kapittelet. Dette er då særskilt gjeldande i datainnsamling frå offentlege databaser, sidan ein då ofte har eit svært rikt materiale å førehalde seg til. Såleis kan ein argumentere for at denne bruken av “etikkk” som eit eksplisitt omgrep representerer ei naudsynt avgrensing av datamaterialet. Likevel skal ein ikkje underslå diskusjonar som ikkje har vorte avdekkja som følge av denne variabelutforminga, men innsamlinga har likevel resultert i eit nokså breitt og relevant utval av data. Valet av “etikkk” som den konkrete nemninga i variabelutforminga kan derfor også seiast å ha ein positiv verdi for validiteten. Til slutt kan val av kvantitativ dokumentanalyse som teknikk også seiast å ha bidrege til å auke validiteten. Sidan problemstillinga har sikta til ein relativt lang tidsperiode, har ein slik teknikk tillete undersøkinga å gå relativt langt tilbake i tid, og handtert eit relativt stort utval av data. Dette vert rekna som stor fordel ved slike teknikkar, sidan ein då kan føreta ei brei kartlegging, og ikkje utelukkande er bunden av observasjonar eller munnlege kjelder (Østbye et al. 2007:209). Dette er særskilt gjeldande sidan denne undersøkinga har gått relativt langt tilbake i tid. Ein kan derfor seiast at den valde teknikken har vore hensiktsmessig for å kunne svare på det problemstillinga spør om, og dermed styrka validiteten.

Når det gjeld reliabilitet kan ein sjå manglande nøyaktigheit i kodingsprosessen som eit bidrag til låg reliabilitet. I tilknytning til kvar enkelt variabel er tvilstilfelle og viktige utfordringar forsøkt å gjort greie for tidlegare i dette kapittelet. Målefeil er elles forsøkt kompensert for ved bruk av ein intersubjektivitetstest, som då kan seiast å ha styrka reliabiliteten.

4.7.2 Validitet og reliabilitet i kvalitative metodar

Om ein skal vurdere dei kvalitative undersøkingane ut frå validitet og reliabilitet, kan ein sjå denne oppgåva sin kvalitative del i sin heilskap som eit bidrag til høg validitet. Hertrich (2013) påpeiker til dømes at kvantitative teknikkar vanskelig kan fange inn verdiladde omgrep, som i denne oppgåva gjeld “etikkk”, basert på tal og parameter (Hertrich 2013:79). Den kvalitative inngangen er derfor meir fruktbar for å fange inn konseptet og dets meining, og er forsøkt gjort i denne oppgåva si kvalitative kategorisering av dokumenta. I tillegg har informantintervjuet gjeve ytterligare skildringar og viktige utdjujingar av nokre av

hendingsforløpa frå denne tida, som også har gjeve eit rikare utval av data. Denne kvalitative delen er dermed eit viktig bidrag til å auke validiteten.

Når det gjeld reliabiliteten i dei kvalitative undersøkingane kan ein seie at fråfallet av informantar frå dei planlagde intervjuar er noko som trekk ned reliabiliteten. Her kan ein informant sjåast som lågt, ettersom ein dermed lenar seg på ei munnleg kjelde til skildring av ein tidsperiode eller hendingsforløp. Dette er dermed noko som kan føre til skeivheiter i innsamlinga, om informanten ikkje erindrar faktiske forhold frå denne tida, men også at ein får ei kjelde til informasjon kring hendingsforløpet. Manglande erindring av detaljar eller faktiske forhold vart som nemnt forsøkt teke omsyn til i spørsmålsstillinga i intervjuguiden, og sett ut frå den elles breie dokumentasjonen, medan fråfallet av informantar, og derfor øvrige skildringar frå denne tida, vert sett i samanheng med det større, skriftlege datamaterialet.

Reliabilitet og validitet er sterkt knytt til kvantitativ metode, så det har derfor vore diskutert i kva grad desse omgrepa lar seg overføre til kvalitative tilnærmingar. Ein har derfor formulert omgrepa truverd og stadfesting. Truverd vert nytta i staden for reliabilitet for å kunne vurdere om arbeidet med undersøkinga er gjort tillitsvekkjande. Stadfesting vert nytta i staden for validitet for å kunne vurdere om funna stemmer overeins med andre undersøkingar på feltet, og at tolkingane ein har gjort dermed er hensiktsmessige (Ringdal 2001:248). Truverd er forsøkt oppfylt gjennom ei nokså utdjupande undersøking av dokumenta, som allereie var systematisert og kategorisert frå den kvantitative kodinga. I intervjuet var dette forsøkt gjort gjennom utarbeiding av ein hensiktsmessig intervjuguide. Når det gjeld stadfesting, og då at ein ser funna i lys av feltet for øvrig, vert dette greia meir ut om i analysekapittelet, der funna vert sett i samanheng med teorien, samt i konklusjonen, der funna vert sett i samanheng med den breiare empiriske konteksten. Samstundes er også Ringdal (2001:248) si påpeiking om desse omgrepa viktig. Bruk av nyare eller mindre etablerte omgrep, som ein kan hevde at truverd og stadfesting er, ekskluderer referansar til dei mest innarbeida og etablerte omgrepa. Ut frå dette, og det faktum at denne oppgåva i stor grad lenar seg på ei overorda kvantitativ undersøking, gjer til at ein kan rekne validitet og reliabilitet som dei viktigaste vurderingane av dei nytta metodane og teknikkane.

4.7.3 Triangulering

Låg validitet kan kompenseras for med triangulering (Østbye et al. 2007:120). Både metodetriangulering og datatriangulering er nytta i denne oppgåva, i form av kombinasjon av ein kvantitativ og to kvalitative metodar, og kombinasjon av primære og sekundære

datatypar. Det kan dermed antas å ha auka validiteten til undersøkinga. Triangulering kan til dømes sjåast som eit viktig bidrag til den moglege låge validiteten i den kvantitative analysa. Sidan denne analysa vart omtalt som i fare for å utelukke viktige dokument og diskusjonar er dette antatt å ha auka med dei kvalitative undersøkingane, som har undersøkt dokumenta meir inngåande, samt lagt til ytterligare data der dette har vore naudsynt. Ein kan likevel ikkje eliminere svakheiter ved metodar og data ved å utelukkande setje si lit til fleire metodar og andre datatypar. Fielding og Fielding (1986, referert i Maxwell 2013:128) påpeiker at metodane kan innehalde same type skeivhet og svakheiter, og at ein ikkje utelukkande ekskluderer svakheitene ved å legge til fleire metodar. Dette kan dermed vere ei utfordring i denne oppgåva, sidan ein har starta med den kvantitative innsamlinga, og deretter gjort ei kvalitativ utdjuving av desse dokumenta. Undersøkinga kan derfor framleis ha utelukka viktige dokument til analysa. Dette er likevel forsøkt kompensert for ved å ha ei nokså fleksibel tilnærming i den kvalitative analysa, og då vore medviten på annan dokumentasjon som har vore relevant for undersøkinga.

4.8 Generaliserbarheit

I den avsluttande delen kan det vere hensiktsmessig å diskutere i kva grad funn frå undersøkingane kan generaliserast. Generalisering vil innebere å allmenngjere funna (Østbye et al. 2007:118). Meir konkret vil det innebere å trekkje slutningar som gjeld tilfelle utover dei ein har undersøkt (ibid :27). I denne oppgåva vil generalisering innebere at funn om caset Statens pensjonsfond utland vert generalisert til å gjelde heile populasjonen, og dermed alle investorar, innanfor dei kriteriana for populasjonen som vart diskutert tidlegare i dette kapitlet. Sidan oppgåva ikkje har teke sikte på statistisk generalisering, med eit sannsynsutval av einingar, representativitet hos einingen, og i det heile, eit stort utval (Ringdal 2001:210-214), så kan ein heller sjå undersøkinga ut frå konseptet om teoretisk generalisering. Dette er då å byggje teoriar, subjektive forståingar eller framstille heilskaplege, detaljerte framstillingar av dataa (Morgan 2008:797). Som nemnt kunne SPU karakteriserast som eit ekstremt case, ut frå ei vurdering av SPU opp mot populasjonen. Gerring (2007:101) framhevar at ekstreme case fungerer som prototypar på ulike fenomen, som også kan bidra til ei større forståing av heile populasjonen. Dette inneberer at ein betre kan forstå investorar, ut frå eit slikt ytterliggåande tilfelle, som då vert Statens pensjonsfond utland. Sjølv om dette er ei mogleg slutning, så skal ein likevel ikkje underkjenne at valet av Statens pensjonsfond utland er gjort i kraft av ein observasjon av einingen sine ekstreme eigenskapar på den avhengige variabelen. Det er dermed ikkje gjort som ei vurdering av kva

som er hensiktsmessig for å forstå heile populasjonen, men kva som er mest passande for denne aktuelle undersøkinga (Morgan 2008:797-798). Slike ekstreme case er fyrst og fremst interessante i kraft av deira ekstreme eigenskapar, og ikkje deira teoretiske status eller plassering på det øvrige feltet (Gerring 2007:101). SPU, med ekstreme verdiar innanfor “etikk” er derfor meir av interesse i seg sjølv, og derfor ikkje noko som nødvendigvis utløyser ei større forståing gjeldande alle investorar og investortypar. Ei meir heilskapleg forståing av “etikk” innanfor SPU vert derfor det gjeldande og overordna målet med undersøkinga.

5.0 Funn

5.1 Innleiing

Dette kapittelet gjer greie for dei empiriske funna som har kome fram frå datainnsamlinga. Kapittelet vert delt inn i to delar. Fyrste del byrjar med ein deskriptiv framstilling av kodingsprosessens sju variablar, med tilhøyrande gjennomgang av generelle funn frå desse variablane. Denne fyrste delen er dermed utelukkande knytt opp til den kvantitative datainnsamlinga. Vidare vert hovudfunna presentert i del to. Denne delen vil også inkludere funn frå den kvalitative dokumentanalyse og det kvalitative intervjuet, der sentrale utdrag frå dokumenta og intervjuet vert presentert. Her vert også utgreiinga strukturert ut frå ei kronologisk framstilling, som følgjer alle dei åra som er undersøkt.

Føremålet med datainnsamlinga har vore å avdekke korleis etikk har blitt integrert i Statens pensjonsfond utland, og i kva grad det har skjedd ei desintegrering av etikk i Statens pensjonsfond utland. Prosessen med å integrere og eventuelt desintegrere etikk vert dermed det som oppgåva søker mot å forklare. Vidare kan dokumenta som er samla inn vise variasjonar i korleis desse prosessane har gått føre seg. V1-V7, som skildrar korleis etikk har vorte omtalt i dokumenta, vert dermed moglege forklaringar. Intensjonane har vorte formulert til følgjande todelte problemstilling: *Korleis har etikk vorte integrert i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland? I kva grad har det skjedd ei desintegrering av etikk i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland?*

5.2 Sortering av dokument

I metodekapittelet vart ei oversikt over datagrunnlaget presentert (jf. tabell 4.1). Dette utgjer alle dei dokumenta som denne undersøkinga har handtert; 471 dokument som har vorte funne i to sentrale databaser. Sorteringa av desse dokumenta har føregått som ein todelte prosess. Fyrst har databasene vorte kartlagt etter dokument om Statens pensjonsfond utland, og deretter gjennomgått ut frå dokumentas omtale av etikk. Datamaterialet har dermed fyrst vorte behandla ut frå ei binær sortering; dokumenta om Statens pensjonsfond utland har enten hatt omtale, eller manglande omtale av etikk. Tabell 5.1 syner resultatet av denne fyrste sorteringa.

Tabell 5.1: Resultat av sortering


| | Antal | Prosent |
|-----------------------|-------|---------|
| Ingen omtale av etikk | 329 | 69,8 |

| | | |
|-----------------|-----|------|
| Omtale av etikk | 142 | 30,2 |
| Totalt | 471 | 100 |

Kjelde: Eigeninnsamla data

Andelen dokument som har omtalt etikk utgjør dermed kring ein tredjedel av det totale datamaterialet, eller 142 av 471 dokument, som tilsvarar 30,2 prosent. Dette kan også sjåast over dei åra dokumenta har vorte publisert i, representert ved variabelen “år” (V1), som vist i figur 5.1.

Figur 5.1: Antal dokument over år (V1)



(N=471). Kjelde: Eigeninnsamla data

Figuren viser at det totale antalet av 471 dokument om SPU har fulgt ei nokså gradvis stigning. Den viser også at veksten i dokument over desse åra i høg grad kan tilskrivas dei dokumenta som ikkje omtaler etikk. Dette er særskilt synleg frå 2010 og utover; mengda av dokument aukar sterkt, medan dokument med omtale av etikk er tilnærma konstant, og med ein synleg nedgang. Dokumenta med omtale av etikk har dermed betydeleg lågare vekst enn det totale antalet. Om ein utelukkande ser på dokumenta som omtaler etikk kan ein sjå at 2008 markerar året med flest dokument, medan dokumenta frå 1996 og fram til 2000 markerer åra med minst publisering kring etikk. Oppsummert kan ein seie at ein har hatt ein

sterk vekst i dokumentasjon kring fondet, medan omtalen av etikk har fulgt ei nokså stabil og låg vekst over desse åra.

Med omsyn til problemstillinga kan denne tidslina seie noko om forholdet mellom mengda av dokument publisert kring fondet, og korleis dokumenta med omtale av etikk føreheld seg til denne totale utviklinga. Dette er dermed ein meir overordna indikasjon; Korleis omtalen av etikk har fulgt den generelle dokumenteringa av fondet. Når det gjeld dei faktiske dokumenta som har omhandla etikk vert dette meir konkrete indikasjonar i høve problemstillinga. I tilknytning til problemstillinga kan utviklinga i dokument over tid vere ein viktig indikator på korleis eventuelle integrerings- og desintegreringsprosessar har gått føre seg. Sjølv om denne figuren ikkje gjev store utslag, sidan antal dokument per år er noko lågt, kan ein likevel sjå at det finn stad variasjonar. Ein aukande andel med dokument om etikk kan til dømes indikere auka merksemd, diskutering og vektlegging av etikk i forvaltninga. Dei siste åra med ein svak nedgong i dokumentasjon kan derimot indikere det motsatte; etikk har fått mindre merksemd i forvaltninga. Dette er indikasjonar som analysekapittelet kjem tilbake til.

Denne frekvensfordelinga vert eit gjennomgåande element i den vidare utgreiinga, og særskilt i den kvalitative framstillinga. Den vert også sett i samanheng med variabelen “Omfang” (V5). Dette er sidan desse har gjeve nokså like indikasjonar i datamaterialet.

5.3 Koding av dokument

Etter å ha identifisert dokumenta som har omtalt etikk, har den vidare undersøkinga føregått som ei koding av denne etikk-omtalen. Dokumenta utan omtale vert dermed ikkje inkludert i den kommande utgreiinga. Dei kommande avsnitta vil derfor gå meir nøye i gjennom variasjonar i denne etikk-omtalen; Fyrst, gjennom dokumenttype og dokumentets opphav, og deretter, gjennom indirekte og direkte omtale, omfang, haldning og grunngjeving for frårådande/sterkt frårådande haldning. Desse sistnemnte vert også vist over dei åra som er studert.

5.3.1 V2: Dokumenttype

Variabel V2 siktar til kva form etikk-omtalen har vorte presentert i. Dei ulike kategoriane presentert nedanfor handlar dermed om kva type dokument som har vorte publisert om etikk, og er formulert ut frå databasane sine eigne inndelingar i ulike dokumenttypar. Medan regjeringa hadde treff i sju kategoriar, så hadde NBIM tre dokumenttypar som vart inkludert. Andelen dokument fordelt på dei ulike kategoriane vert presentert i tabell 5.2.

Tabell 5.2: Antal dokument etter dokumenttype (V2)

| | Type | Antal | Prosent |
|-----------|------------------------|-------|---------|
| Regjering | Proposisjon | 21 | 14,8 |
| | Melding | 50 | 35,2 |
| | Rapport | 1 | 0,7 |
| | Brev | 4 | 2,8 |
| | NOU | 9 | 6,3 |
| | Rettleiing og brosjyre | 2 | 1,4 |
| | Plan og strategi | 1 | 0,7 |
| NBIM | Rapport | 33 | 23,3 |
| | Diskusjonsnotat | 2 | 1,4 |
| | Brev | 19 | 13,4 |
| Totalt | | 142 | 100 |

Kjelde: Eigeninnsamla data

Slik tabellen syner er proposisjonar og meldingar framtreidande hos regjeringa, sidan desse to kategoriane aleine utgjer 50 prosent av heile datamaterialet. Rapportar utgjer overvekta av dokument hos NBIM med 23,3 prosent av dokumenta. Strategiar og rapport hos regjering og diskusjonsnotat hos NBIM er dei tre minste kategoriane, med henholdsvis eitt av dei to fyrste typene og to dokument av den siste typen publisert.

Skilnadane mellom dei ulike kategoriane kan truleg tilskrivas kjenneteikn ved dokumenttypene. NBIM sine diskusjonsnotat vert til dømes publisert nokre få gonger årleg, medan strategiar frå regjeringa er vanlegvis knytt til overordna planar frå Statsministerens kontor, og dermed dokument som sjeldan vert utarbeida. Meldingar og proposisjonar frå regjeringa og rapportar frå NBIM har derimot ein hyppigare frekvens i publiseringane, noko som dermed forklarar den høge andelen av desse dokumenttypene. Dokumenttype er vidare innverkande på korleis innhaldet i dokumentet vert presentert. Meldingar er til dømes meir skildrande dokument som vert nytta i rapporteringa frå departementet til Stortinget, medan proposisjonar er forslag som vert nytta når Stortinget skal gjere vedtak. NOU-ar, som er utgreiingar av særskilte saksfelt, skil seg frå dei to føregåande ved å vere utarbeida av nedsette utval (Statsministerens kontor 2016). NBIM sine dokument vert også prega av kva

form det vert publisert i. Kategorien “rapport” inkluderer til dømes kvartalsrapportar og årsrapportar, og er dermed dokument som regelmessig vert publisert frå organisasjonen. Brev vert derimot nytta sporadisk i kommunikasjonen mellom NBIM og Finansdepartementet, medan diskusjonsnotat vert publisert ved særskilte høve. Variabelen “dokumenttype” kan dermed vere ein markør for hyppigheita og måten innhaldet vert presentert på. I tilknytning til problemstillinga vil dette tilseie at dokumenttypen kan forklare delar av konteksten eller regelmessigheita i etikk-omtalen.

5.3.2 V3: Opphav

Variabel V3 siktar til opphavet til dokumenta. Denne variabelen har kun variert i innsamlinga frå regjeringa sin database, sidan dokumenta frå NBIM har hatt NBIM som den klåre avsendaren i alle dokumenta. Andelen dokument med ulikt opphav vert presentert i tabell 5.3.

Tabell 5.3: Antal dokument etter opphav (V3)

| Opphav | Antal | Prosent |
|----------------------------------|------------|------------|
| Finansdepartementet | 59 | 41,6 |
| Statsministerens kontor | 2 | 1,4 |
| Ekstern | 9 | 6,4 |
| Nærings- og handelsdepartementet | 7 | 4,9 |
| Samferdselsdepartementet | 1 | 0,7 |
| Utanriksdepartementet | 7 | 4,9 |
| Olje- og energidepartementet | 3 | 2,1 |
| NBIM | 54 | 38 |
| Totalt | 142 | 100 |

Kjelde: Eigeninnsamla data


Ut i frå variabel V3 har Finansdepartementet heilt klårt den største andelen, med 41,6 prosent av dokumenta. Nest størst, utanom NBIM, er kategorien “ekstern”. Denne inkluderar dokument frå lovavdeling, bestilte rapportar og NOU-ar, og utgjer 6,4 prosent. Ein kan også merke seg alle departementa som ikkje har omtalt etikk i SPU i denne perioden. Dette gjeld ti departement.

Opphavet til dokumenta er inkludert for å skildre kor dokumenta opprinneleg har kome i frå, men også på kva fagområde eller saksfelt ein har omtalt SPU og etikk i. Kva departement dei er utforma i kan derfor indikere kor signal til SPU stammar frå, samt temaet for desse signala. Med Finansdepartementet som den klåraste avsendaren er det dermed ikkje overraskande at signala hovudsakleg går frå det ansvarlege departementet til fondet. Ein har også ein noko høg andel eksterne dokument i datamaterialet, med 6,4 prosent, noko som kan tilskrivast ein høg andel av NOU-ar som er utarbeida innanfor fondets virkefelt i desse åra. Den resterande andelen, som utgjer 14 prosent, er dermed spreidd ut over dei andre fem departementa. Ein kan også merke seg departementa utan treff; desse har dermed ikkje omtalt etikk i SPU i løpet av denne perioden. Sjølv om desse departementa ikkje har noko direkte forvaltningsansvar knytt til Statens pensjonsfond utland, har dei likevel høve til å sende signal til fondsforvaltninga, slik Utanriksdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og tre andre departement har gjort. Departementa utan treff kan dermed også vere ein indikasjon på manglande signal, på same måte som at dei faktiske dokumenta markerar faktiske kontaktpunkt mellom departementa.

5.3.3 V4: Indirekte og direkte omtale

Variabel V4 handlar om i kva grad etikk har vore nemnt i direkte eller indirekte omtale i dokumenta. Dette har vore vurdert ut frå i kva grad etikk har vore diskutert i finanssektoren generelt, eller i tilknytning til Statens pensjonsfond utland spesielt. Omtale av etikk i andre sektorar, på andre felt eller andre fagområde, som ikkje fell inn under fondet eller dei omgjevnadane fondet opererer i, er dermed utelukka. Resultatet vert vist over år i figur 5.2.

Figur 5.2: Indirekte eller direkte omtale (V4) over år




(N=142). Kjelde: Eigeninnsamla data

Figuren viser at flest dokument omtalar etikk i direkte tilknytning til SPU. I prosent fordeler dette seg som 69,7 prosent med direkte og 30,3 prosent med indirekte omtaler, om ein reknar totalt over alle år. Ein kan også sjå at denne variabelen gjev klare utslag i spesifikke tidsperiodar. Særilt interessant er den store stigninga frå år 2004 og fram til 2008, samt den påfølgjande nedgangen. Desse tendensane vert det greia meir ut om i den kvalitative utdjupinga seinare i kapittelet og i analysekapittelet.

5.3.4 V5: Omfang

Variabelen “omfang” siktar til mengda av omtale av etikk, og er målt etter kor mange gonger ein eksplisitt har omtalt “etikk” eller “etisk” i dokumenta. Kategoriane er rangert frå 1 til over 20 gonger. Resultatet vert vist over år i figur 5.3. Her er variabelen med dei tilhøyande variabelverdiane aggregert, som vil seie at dei ulike verdiane er lagt saman år for år. Sett i samanheng med det maksimale omfanget av verdiane per år, som tilsvarar 100 prosent, er det dermed det forholdsmessige omfanget på denne variabelen som vert uttrykt i figuren. Dette er dermed beregna ut frå den maksimale verdien, og deretter prosentvis rekna ut frå korleis dette faktisk har slått ut i datamaterialet.

Figur 5.3: Omfang (V5) over år




Kjelde: Eigeninnsamla data

Slik ein ser frå figuren har omtalen har vore størst i dokumenta i frå år 2003, og til ein nedgang i frå år 2009 og utover. Minst nemning av “etik” i dokumenta har vore dei tidlegaste åra, samt kring 2012. Variabelen er inkludert for å vise kor stor bruken av etikk-omgrepet har vore i sjølve dokumenta. I tillegg kan variabelen bidra til å utpeike kva dokument som får ein høg verdi, og som dermed i størst grad har snakka om etikk i denne perioden. Dette kan ha relevans for problemstillinga sidan ei auke eller ein nedgang i omfanget i diskusjonen kan indikere både meir og mindre aktivitet, og dermed også moglege integrerings- og desintegreringsprosessar.

5.3.5 V6: Haldning

Variabelen “haldning” handlar om i kva grad ein har omtalt etikk i frårådande, nøytralt eller tilrådande ordelag, fordelt over fem variabelverdier. Variabelen er vurdert til å skildre i kva grad omtalen har dratt i retning av ein særskilt positiv eller negativ ståstad. Dei fem kategoriane er dermed meint til å famne om dei ulike ståstadane aktørane har argumentert ut frå i dokumenta, og er vurdert ut frå overvekta av argumentasjonen i dokumenta. Sjølv om innhaldet dermed kan ha uttrykt fleire ståstadar kan ein seie at diskusjonane har vorte vurdert til å ha dratt i ei særskilt retning, og då i eit frårådande, nøytralt eller tilrådande ordelag. Resultatet over år vert vist i figur 5.4. Her er også variabelverdiane redusert til tre kategoriar, i tillegg til totalen, for å gje ei betre oversikt i figuren.

Figur 5.4: Haldning (V6) over år



(N=142). Kjelde: Eigeninnsamla data

Slik ein ser frå figuren er flest dokument totalt sett “tilrådande/sterkt tilrådande”, då desse to til saman utgjer kring 57 prosent av datamaterialet. Den nøytrale/balanserte kategorien er likevel betydeleg, og utgjer kring 35 prosent av heile datamaterialet over alle år. Aller minst er den fråradande/sterkt fråradande kategorien, som tilsvarar elleve dokument. Dette gjev også utslag over år. Slik ein ser er dokumenta tiltakande tilrådande frå år 2001, og utan fråradande argumentasjonar frå år 2006. I høve problemstillinga gjev denne variabelen heilt klare indikasjonar. Støtte til etikk vil i høg grad implisere ei vilje til å tilføre etikk, medan høg grad av motstand vil indikere det motsette. I analysen vil også skilnaden mellom NBIM og regjeringa sine haldningar til etikk vere eit sentralt moment. Her kan graden av støtte eller motstand mellom desse aktørane vise noko av den dynamikken som kan ha drive fram integrerings- og desintegreringsprosessar i fondsforvaltninga.

5.3.6 V7: Grunngeving for fråradande/sterkt fråradande haldning

Den siste variabelen siktar til grunngeving for omtalen i kategoriane “fråradande haldning” og “sterkt fråradande haldning”, med variabelverdiane sosial, politisk og funksjonell grunngeving. Som nemnt i metodekapittelet er denne variabelen utarbeida for å skildre uttrykk for ein særskilt negativ ståstad knytt til etikk og SPU, og er dermed utelukkande knytt

opp til spørsmålet om desintegrering i del to av problemstillinga. Variabelen forventast å kunne indikere kva type negativt press ein har hatt i diskusjonen kring etiske verkemiddel i SPU, og dermed korleis ein eventuelt har grunngeve dette presset.

I datamaterialet vart det funne 11 dokument med ei overvekt av slike frårådande haldningar. Dette fordelar seg som 9 dokument med funksjonelle og 2 dokument med politiske grunngevingar. Sosiale grunngevingar har ikkje vorte funne i datamaterialet. Ein kan også seie at desse grunngevingane utgjer ein relativt liten andel av heile datamaterialet, med totalt elleve dokument. Desse fordelar seg over fleire år, men utgjer ein såpass liten andel at det ikkje er utarbeida noko langsgåande figur for å illustrere dette. Utslaget av frårådande haldningar kjem også til uttrykk i figur 5.4, der ein ser at frårådande argumentasjon kjem fram mellom 1997 og 2005, og i frå 2013 til 2014. Det kjem derimot ikkje fram kva type grunngeving som ein har nytta seg av i desse dokumenta. Det er derfor naudsynt å gå inn på kvifor desse elleve dokumenta har vorte plassert innanfor desse kategoriane. Dette skal den kommande gjennomgangen av hovudfunna mellom anna sjå nærare på.

5.4 Hovudfunn

Dei kommande avsnitta presenterer ei kvalitativ utdjujing av dei 142 dokumenta som har vorte identifisert gjennom den kvantitative datainnsamlinga. Desse funna vert fordelt over fire tidsperiodar, som strekkjer seg over fondets 21 operative år. Antal dokument fordelt over dei fire tidsperiodane vert presentert i tabell 5.4.

Tabell 5.4: Antal dokument fordelt over fire tidsperiodar

| Periode | År | Antal | Prosent |
|---------|-----------|-------|---------|
| 1 | 1996-2000 | 12 | 8,5 |
| 2 | 2001-2005 | 35 | 24,6 |
| 3 | 2006-2010 | 50 | 35,2 |
| 4 | 2011-2016 | 45 | 31,7 |
| Totalt | | 142 | 100 |

Kjelde: Eigeninnsamla data

Slik tabellen viser utgjer periode 3 den største og periode 1 den minste, ut frå antal dokument. Vidare følgjer omfanget av dokument ei nokså gradvis utvikling, sjølv om andelen i siste periode går noko ned samanlikna med den forrige. Ein kan også merke seg at veksten er

størst mellom periode 1 og 2. Her aukar andelen dokument med kring det tredobbelte, noko som ikkje skjer i tilsvarande storleik mellom dei andre periodane. Inndelinga i fire tidsperiodar er grunna i praktiske og analytiske omsyn. Fyrst har det vore naudsynt å finne ei passende sortering av dei kvalitative funna, sidan innsamlinga har resultert i eit relativt stort datamateriale. Av praktiske årsaker er dermed hovudfunna sortert slik tabell 5.4 presenterer. Vidare vert også tidsdimensjonen ansett som sentral i høve problemstillinga. Dette fokuset har gjort til at det også har kome fram interessante empiriske skilnadar mellom ulike fasar i dei åra som er studert. Dette vert det greia meir ut om i analysekapittelet.

Dei kommande avsnitta vil konsentrere seg om å presentere den faktiske omtalen av etikk desse i dokumenta; kortid den har kome, kor den har kome ifrå og i kva form den har vorte presentert i. Variablane år, dokumenttype og opphav (V1-V3) vert dermed handtert som meir implisitte forklaringsvariablar for å vise den konteksten etikk har vore presentert i. Vidare vil graden av direkte og indirekte omtale, omfang, haldning og grunngjeving for frårådande/sterkt frårådande haldning (V4-V7) verte presentert som eksplisitte kategoriar. Dette er fyrst og fremst grunna i den tidlegare operasjoniseringa av desse variablane i teorikapittelet. I operasjoniseringa i teoridelen vart variablane V4, V5 og V6 knytt opp mot institusjonisering, og er dermed basert på del ein av problemstillinga. Vidare vart V7 knytt opp mot deinstitutionisering i del to av problemstillinga. Desse fire variablane utgjer dermed dei viktigaste indikasjonane i datamaterialet, og er dermed det som har vore lagt mest vekt på i den kommande utgreiinga. Nyanserende aspekt frå informantintervjuet, samt enkelte andre utfyllande dokument frå Stortinget, vert også presentert i dei kommande avsnitta. Dette gjev då utfyllande informasjon på stadar der det har supplert og belyst funna frå dokumenta.

5.4.1 Periode 1: 1996 til 2000

I den fyrste femårsperioden finn ein tolv dokument med omtale av etikk. På denne tida var pensjonsfondet i si fyrste operative fase, i form av å ha motteke si fyrste overføring av overskotet frå den norske oljeeksporten. Vidare hadde både Jagland-regjeringa og Bondevik 1-regjeringa¹⁴ mindre diskusjonar kring i kva grad etikk skulle tilførast fondet. Diskusjonane vart innleia med ein særskilt nedslåande konklusjon frå regjeringa Jagland i nasjonalbudsjettet for 1998, der ein la fram generelle, praktiske, finansielle og styringsmessige grunnar til at ein ikkje ville innføre etiske og sosiale avgrensingar på

¹⁴Regjeringa Jagland satt frå oktober 1996 til oktober 1997 og regjeringa Bondevik 1 frå oktober 1997 til mars 2000

investeringsuniverset, eller nytte seg av eigarrettane i etiske eller sosiale spørsmål. Dette vart oppsummert med følgjande uttaling;

“Etter departementets syn er slik utøvelse av eierrettighetene neppe en ønskelig framgangsmåte for petroleumsfondets vedkommende. En må da ta stilling til en hel rekke og til dels svært detaljerte spørsmål. Det er neppe lettere å utarbeide et sett med slike retningslinjer som er mindre kontroversielle enn det særskilte tilleggsbegrensninger for selve investeringsbeslutningene ville være. Ut fra fondets rolle som finansiell investor legges det for øvrig til grunn at eierrettighetene knyttet til fondets investeringer, ikke skal utøves med mindre det er nødvendig for å sikre fondets finansielle interesser [...]. Ut fra de momenter som her er anført, har ikke Regjeringen lagt opp til at det etableres særskilte tilleggsbegrensninger for petroleumsfondets investeringsmuligheter” (Meld. St. 1 (1997-1998)).

Dette markerte dermed ei tidleg og særskilt markant avvisande haldning til etiske praksisar i byrjinga av denne operative historia til fondsforvaltninga. Dokumentet klargjorde ikkje kvar denne fyrste diskusjonen hadde sitt opphav i, anna enn at “Det har vært stilt spørsmål ved om det i tillegg til dette bør settes særskilte, ytterligere begrensninger for petroleumsfondets investeringer” (Meld. St. 1 (1997-1998)). Ein kan likevel antyde at dette kom frå Stortinget, i etterkant av revidert nasjonalbudsjett tidlegare dette året, der ein opna for at fondet kunne investerast i aksjar. I denne revideringa vart fondets rolle påpeikt i klårtekst, som eit “finanspolitisk styringsmiddel” (Meld. St. 2 (1996-1997)). Omtalen av etikk dukka vidare opp i Finansdepartementet i Kredittmeldinga, der oppfølging av norske bankar sine etiske regelverk vart ansett som ei av dei viktigaste oppgåvene til organisasjonen i det føregående året (Meld. St. 12 (1997-1998)). Etikk var dermed her sett i særskilt positivt lys, men då i tilknytning til banksektoren. Vidare uttalte Nærings- og fiskeridepartementet at norske bedrifter og myndigheiter måtte jobbe saman mot internasjonale organisasjonar for å få eit meir handfast etisk regelverk på plass for private verksemdar (Meld. St. 61 (1996-1997)). Forslaget om ein eigen Verdikommisjon inneholdt nemningar om etikk, då Finansdepartementet understreka at kommisjonen skulle ha som føremål å diskutere samfunnsetiske og verdimeslige verkemiddel, som kunne nyttast til å snu “nedbrytende utviklingstrekk” (Prp. St. 1 (1996-1997)).

Diskusjonen i den etterfølgjande mindretalsregjeringa til Bondevik 1, som tiltrådte etter valet hausten 1997, var prega av å vere svært generell og forsiktig i sin omtale av moglege etiske praksisar i fondsforvaltninga. Dette var særskilt sidan ein ikkje hadde presisert korleis og i kva form etikk potensielt kunne førekomme. I Stortinget var dette noko låge engasjementet også merkbart. Her hadde ein aktørar som fremja konkrete forslag om etiske avgrensingar, fyrst og fremst i form av etiske retningslinjer, men med lite forhåpningar

om å faktisk få fleirtal for dette. Informanten frå eitt av partia som var med på å fremje desse forslaga skildra situasjonen som at: “Det bar jo mer preg av demonstrasjon enn et rent ønske om å få flertall [...]. Men vi skjønnte jo at vi ikke kunne få et vedtak som var bindende uten en prosess”. Vidare var også motstanden stor: “Vi hadde ikke støtte i Stortinget av noen [...]. Litt varierende hvor sterkt folk gikk i mot, men de fleste sa jo at “dette var jo hyggelig og sånn, men det var jo helt umulig””. Ein kan dermed sjå ei manglande oppslutning og lågt engasjement kring moglege etiske omsyn i SPU på dette tidspunktet.

I ei melding frå 1998 diskuterte Bondevik 1-regjeringa prosessen med å utarbeide eit mogleg regelverk for etikk og menneskerettar som fondet kunne omfattast av. Meldinga presiserte at ein endå ikkje hadde funne verkemiddel som var tilfredsstillande nok, med omsyn til klårheit, anvendbarheit og konsistens, som ein meinte slike retningslinjer burde kunne framvise. Ein nemnte derfor andre løysingar for å tilføre etikk til fondet, slik som å skilje ut ein mindre del av investeringsuniverset for å nytte det til særskilte miljøretta føremål, i form av eit miljøfond (Meld. St. 2 (1997-1998)). Løysinga med å isolere delar av fondsverdiane vart føreslått i ei stortingsmelding eitt år seinare. Forslaget kom i tillegg til to andre tiltak, der det eine skulle sørge for meir aktiv og miljøretta bruk av dei aksjeandelane ein hadde i ulike selskap, og det andre forbydde fondet å vere investert i tobakkprodusentar (Meld. St. 2 (1998-1999)). Det var derimot berre forslaget om Miljøfondet som vart vedteke på Stortinget. Dette starta derfor ein vidare prosess med å greie ut om korleis fondet skulle utformast. Nokre månadar seinare vart regjeringa også anmoda av Stortinget om å inkludere omsyn til arbeidstakarrettar i fondets pågåande utgreiing av moglege retningslinjer, noko Finansdepartementet såg som vanskelig å utføre. Ein ba derfor om tid til å sjå på dette punktet på nytt i framtidige meldingar (Meld. St. 1 (1999-2000)). Perioden vart avslutta i mellom anna Olje- og energidepartementet, der ein hadde ein særskilt framtidretta diskusjon kring omdømet og profilen til den norske oljeindustrien i utlandet. Departementet la vekt på at Noreg skulle ha ytterligare målsetjingar, slik som samarbeid, etisk ansvar og gjensidigheit, i tillegg til målet om økonomisk vinst (Meld St. 37 (1998-1999)).

NBIM hadde ein meir konkret diskusjon kring moglege etiske verkemiddel for petroleumsfondet. I NBIM vart etikk fyrst omtalt i eit brev til Finansdepartementet i 1998, der ein retta seg mot regjeringa sin pågåande diskusjon kring etiske retningslinjer. I brevet greia NBIM ut om dei moglege konsekvensane av slike retningslinjer, med vekt på korleis desse kunne innverke på den operasjonelle fovaltninga som organisasjonen sjølv stod ansvarleg for. Blant konsekvensane drøfta NBIM moglege direkte verknadar, slik som auka forvaltningskonstadar, større risiko og verknadar på fondets avkasting (NBIM 1998a).

Diskusjonen kring desse konsekvensane vart gjentatt av NBIM i eit nytt brev til Finansdepartementet i 1999, etter at departementet hadde føreslått moglege nye tiltak (NBIM 1999b). Vidare nemnte ein etikk i årsrapporten frå 1998. Her vart manglande etikk hos NBIM sitt personale trukke fram som ein del av organisasjonens operasjonelle risiko. Etisk medvit hos eksterne forvaltatar vart også nemnt som ein del av dei naudsynte krava til desse (NBIM 1998b). Diskusjonen kring etikk i NBIM handla derfor om etikkens potensielle direkte verknadar på forvaltningsutgifter, risiko og avkasting (NBIM 1998a). Diskusjonen kring etikk i NBIM handla også om korleis eksterne forvaltarar som organisasjonen nytta seg av måtte ha tilstrekkelege interne etiske retningslinjer for å kunne trekkjast inn i organisasjonen (NBIM 2000:72).

Perioden frå 1996-2000 frå regjeringas ståstad bar derfor preg av å argumentere mot etiske avgrensingar på fondet i Jagland-regjeringa, til ein lengre prosess med å konkretisere etikk i Bondevik 1-regjeringa, samt for NBIM å kommentere dei operative verknadane av desse tiltaka.

5.4.1.1 Direkte og indirekte omtale

I dokumenta frå denne perioden vart etikk nemnt i dels direkte, og dels indirekte i tilknytning til pensjonsfondet, der fem av dokumenta vart kategorisert med indirekte og sju med direkte omtaler. Utslaget på denne variabelen tilseier dermed at diskusjonar kring etikk både fann stad i og utanfor fondet, i eit nesten tilsvarande omfang. Ein klår indkasjon på dette er at også andre departement enn det ansvarlege Finansdepartementet var representert i diskusjonen; Både Nærings- og fiskeridepartementet og Olje- og energidepartementet hadde særskilt tilrådande diskusjonar kring etikk, men då gjeldande finanssektoren generelt, og ei ansvarleggjering fyrst og fremst hos private verksemdar og sektorar spesielt. Perioden under eitt bar derfor preg av at etikk også vart sett som eit generelt anliggende, og derfor også diskutert i omgjevningane ikring fondet og forvaltningsorgana.

5.4.1.2 Omfang

Slik som det kjem fram av forrige avsnittet var regjeringa og NBIM sin omtale av etikk i pensjonsfondet, både internt i fondet og i finanssektoren generelt, svært låg i denne perioden. Totalt sett utgjer dokumenta frå desse fyrste fem åra kring 8,5 prosent av heile datamaterialet; tolv dokument omtalte etikk desse åra, av eit utval på totalt 142 dokument over 21 år. Omfanget av diskusjonane i sjølve dokumenta var også låg, noko som indikerar at diskusjonen kring etikk utgjorde ein liten del av innhaldet i dokumenta. Unntaket her var den

lengre utgreiinga i nasjonalbudsjettet for 1998, i stortingsmeldinga frå 1999, samt dei to breva frå NBIM frå 1998 og 1999. Her hadde ein då utdjupande skildringar og diskusjonar som utgjorde større delar av dokumentet. Dette ser ein også frå figur 5.3, der desse diskusjonane, frå særskilt 1998, førte til ein stigning i omtalen i sjølve dokumenta. Likevel kan ein antyde at andel dokument som omtalte etikk, men også diskusjonen av etikk, var relativt låg i frå 1996 til 2000.

5.4.1.3 Haldning

Under variabelen “haldning” kunne åtte av dei tolv dokumenta seiast å ha ei tilrådande eller sterkt tilrådande haldning til etikk. Eitt av desse gjaldt Olje- og energidepartementet, som uttalte mellom anna at;

“Fra norske myndigheters side er det viktig å sørge for at internasjonalisering har en dimensjon ut over det å ivareta norske økonomiske interesser. Regjeringen er opptatt av å se internasjonaliseringen i et bredere politisk perspektiv. Regjeringen ønsker å utvikle en norsk profil der det også legges vekt på vårt internasjonale ansvar med samarbeid, gjensidighet og etisk ansvar som sentrale stikkord“ (Meld St. 37 (1998-1999)).

Dette var derfor ei særskilt oppfordrande haldning kring oljeindustriens etiske ansvar internasjonalt, frå dette departementet. Dei resterande dokumenta frå Bondevik 1-regjeringa bar preg av å vere forsiktig, men i noko grad støttande og tilrådande til etikk, gjennom mellom anna opprettinga av Miljøfondet. Den positive haldninga til etikk gjaldt også i to av dokumenta frå NBIM, som uttalte seg positiv til krav om etiske retningslinjer, men då hos eksterne forvaltarar. NBIM hadde derimot to dokument som argumenterte mot regjeringa sitt forslag om etiske tiltak. Her var to brev utgreiande om dei operative konsekvensane av nye verkemiddel i fondsforvaltninga. I denne perioden var også regjeringa Jagland si tidlege og nedslåande haldning til moglege etiske praksisar eit svært framtrudande dokument på denne variabelen.

5.4.1.4 Grunngeving for frårådande og sterkt frårådande haldning

Fire av dokumenta frå den fyrste femårsperioden kunne kategoriserast med ei sterkt frårådande haldning til etikk. I alle tilfelle var grunngevinga funksjonell; NBIM hadde fleire operative argument i dei to dokumenta for å underbygge ei særskilt negativ haldning til ei mogleg innføring av etiske retningslinjer. Argumenta var funksjonelle sidan ein peika på den potensielle reduserte avkastinga som tiltaka kunne medføre, og dermed argument som gjekk

inn på sjølve utforminga og samansetninga av verkemiddel i det regjeringa diskuterte. NBIM oppsummerte konklusjonane sine i brevet frå 1999 på følgjande måte:

“En sentral konklusjon var at mens bruk av stemmerettigheter ville ha begrenset betydning for forvaltningen av fondet, ville det å utelukke mange bedrifter fra fondets investeringsunivers kunne medføre betydelige kostnader og gjøre det mer komplisert å drive en effektiv forvaltning under betryggende kontroll- og resultatmåling” (NBIM 1999b).

Regjeringa Jagland var i nasjonalbudsjettet for 1998 konkluderande med at ein ikkje ville legge avgrensingar på fondet sine investeringar. Dette var fyrst av generelle omsyn, som omhandla fondet sitt ansvarsområde:

“Fondet er et redskap for å ta hånd om statens finansielle sparing og bør forvaltes ut fra finansielle hensyn (risiko og avkastning). Andre hensyn ivaretas best gjennom andre virkemidler innen utenrikspolitikken, bistandspolitikken og miljøvernpolitikken” (Meld. St. 1 (1997-1998)).

Av praktiske omsyn sikta ein særskilt til omfanget på fondet, samt moglege etiske avgrensingar utstrekning i tid, og vanskane med å vedlikehalde dette:

“De investorer som legger spesielle kriterier til grunn for sine investeringsvalg er relativt små, og det er liten erfaring med slike retningslinjer for en stor portefølje [...]. Videre må kriteriene vedlikeholdes over tid. Det vil f.eks. stadig være endringer i sammensetningen av selskaper som bryter eller oppfyller de enkelte kriteriene som følge av at selskapenes virksomhet endrer karakter. Dersom det i tillegg foretas endringer i kriteriene, vil også det kreve endringer i fondets investeringer, som igjen fører til økte kostnader i forvaltningen av fondet” (Meld. St. 1 (1997-1998)).

Finansielle omsyn sikta til auka risiko, medan styringsmessige omsyn omhandla kompleksiteten i dei moglege etiske praksisane:

“[...] den investeringsstrategien det er lagt opp til for petroleumsfondet gjør at det er relativt enkelt å vurdere de finansielle resultatene av forvaltningen. Legges andre hensyn til grunn ved investeringsbeslutningen, vil det vanskeliggjøre evaluering og kontroll med forvaltningen. Det vil være komplisert å etablere en god referanseportefølje, noe som gjør det vanskeligere å vurdere om fondet blir forvaltet på en god måte” (Meld. St. 1 (1997-1998)).

Gjennomgåande for desse argumenta frå nasjonalbudsjettet var dermed kompleksiteten ein såg i slike retningslinjer. Regjeringa Bondevik 1 hadde også ei funksjonell grunngeving då dei vart anmoda om å inkludere omsyn til arbeidstakarrettar i dei moglege retningslinjene for fondet: “Finansdepartementet har tidligere vurdert både denne og andre typer kriterier knyttet til etikk og menneskerettigheter, men funnet det vanskelig å omsette disse i praksis” (Meld. St. 1 (1999-2000)). Grunngevingane for den frååande haldninga til etiske verkemiddel i

denne perioden var derfor utelukkande funksjonelle, i både regjeringa og NBIM sine databaser.

5.4.2 Periode 2: 2001 til 2005

I periode 2 vart det funne diskusjonar av etikk i 35 av dokumenta; 14 i frå NBIM og 21 i frå regjeringa. Denne perioden inneheldt også to forskjellige regjeringskonstellasjonar: Regjeringa Stoltenberg 1 og regjeringa Bondevik 2¹⁵. Situasjonen kring desse regjeringane var også noko spesiell, sidan Bondevik 1 gjekk av som følgje av kabinettspørsmål like før denne perioden starta. Regjeringa Stoltenberg 1 vart då nedsatt, og satt til stortingsvalet hausten 2001. Deretter vart denne samansetninga avløyst av Bondevik 2, som satt frå valet i 2001 og ut valperioden til 2005.

Den nylege nedsatte Stoltenberg 1-regjeringa omtalte fyrst etikk i Nærings- og handelsdepartementet, i ein omtale av Statens Nærings- og distriktsutviklingsfond. Her vart etiske retningslinjer sett om ein styrande del for administrasjonen, med omsyn til habilitet og taushetsplikt (Meld. St. 36 (2000-2001)). Vidare vart opprettinga av eit finansmarknadsfond forventa å bidra til auka medvit kring næringslivsetikk, i ein seinare proposisjon frå Finansdepartementet (Prp. St. 1 (2001-2002):48). Overføringane til fondet, men også påpeikinga av fondets potensielle fornyande innsyn i næringslivets virkemåte, vart vidare omtalt fleire gonger i denne perioden (Prp. St. 34 (2003-2004):19; Meld. St. 37 (2003-2004):31-32). Etikk vart også diskutert i tilknytning til ei tilpassing av Revisorlova (Meld. St. 8 (2002-2003):21), samt i Utanriksdepartementet, der ein hadde ei lengre utgreiing kring etisk medvit i næringslivet. Her påpeikte ein også veksten i etisk investering internasjonalt (Meld. St. 19 (2002-2003)107-108). Etikk vart også vektlagt i opprettinga av Innovasjon Norge i 2004, der ein skulle utarbeide retningslinjer med vekt på næringslivets omsyn til etikk, og herunder miljø og samfunnsansvar (Prp. St. 1 (2004-2005)). Olje- og energidepartementet la sterk vekt på den norske oljenæringas etiske ansvar i ei eiga stortingsmelding (Meld. St. 38 (2003-2004)). Etikk vart vidare breitt diskutert i ei utgreiing frå 2004, der ein diskuterte statleg norsk eigarskap, og målsetjingane for dette eigarskapet (NOU 2004:7).

Perioden under eitt bar elles sterkt preg av at enkeltaktørar frå Stortinget hadde gått inn i SPU sine investeringar, og avdekkja kontroversielle aksjeandelar i eit selskap som produserte landminer, kalla Singapore Technology Industries. Dette var særskilt

¹⁵Regjeringa Stoltenberg 1 satt frå mars 2000 til oktober 2001 og regjeringa Bondevik 2 frå oktober 2001 til oktober 2005.

oppsiktsvekkjande, i følgje informanten frå Stortinget, sett i samanheng med andre hendingar på denne tida:

“Da var det sånn at Norge hadde akkurat gitt fredsprisen til Jody Williams, som jo hadde stått i spissen for kampanjen mot landminer. Vi hadde undertegna landminekonvensjonen i FN, så viste det seg at vi hadde investert da våre egne sparepenger i et firma som produserte landminer”.

Informanten, som også tok aktivt del i denne saka, skildrar prosessen i førekant av avsløringa, som langtekkelig:

“Vi forfulgte landminer i mange, mange selskaper, uten at vi klarte å finne det vi håpte på. Men vi var heilt sikker på at det fantes ett eller annet sted der [...]. Men det var rett og slett et systematisk arbeid, altså gravearbeid, vi satt å systematisk å grov i kilder og forfulgte tråder, og ideer, og til slutt så kom jo Singapore Technology Industries opp, og det viste seg å være riktig. Og så satt jo Dagbladet den saken høyt på dagsorden”.

I Stoltenberg 1-regjeringa vart denne saka, samt den øvrige og større offentlige debatten som fulgte, kommentert i revidert nasjonalbudsjett for 2001. Her innleia ein med å stadfeste følgjande:

“Statens petroleumsfond er et finanspolitisk styringsredskap for å synliggjøre bruken av petroleumsinntektene og å sette til side de store budsjettoverskuddene for å dekke framtidige utgifter. Det har vært bred enighet i Stortinget om fondets investeringsstrategi. Petroleumsfondet skal forvaltes på en forsvarlig måte, hvor siktemålet er høy avkastning med moderat risiko, for på den måten å bidra til å sikre grunnlaget for framtidig velferd, herunder pensjoner. Dette kan best oppnås ved at fondet opptrer som en finansiell investor“ (Meld. St. 2 (2000-2001):108).

Etter denne uttalinga gjorde greie for at etiske omsyn hadde ei viss plassering i fondets verksamheit, gjennom uttalingar som til dømes; “[...] investeringer i enkelte selskaper stiller oss overfor spesielt vanskelige juridiske, etiske og politiske dilemmaer [...]. Slike eksempler viser at det er nødvendig å sette ytterligere etiske rammer for Petroleumsfondets virksomhet” (Meld. St. 2 (2000-2001):112). Ein grunna dette ut frå fondets relasjonar til landa ein skulle investere i, som då måtte vere i tråd med dei måla ein ynskja å ha for norsk utanrikspolitikk. Slike målsetjingar var mellom anna openheit og ansvarlegheit, og generelle forventningar til skikka åtferd både frå fondet og landa sjølve som ein investerte i. Vidare var eit etisk ansvar grunna ut frå forpliktingar til internasjonale konvensjonar, slik som minekonvensjonen. Ei utredning frå Lovavdelinga, som vart omtalt i same dokument, kunne verken stadfeste eller utelukke at fondet braut med slike internasjonale, folkerettslege avtalar. Ein vurderte dermed ein mogleg uttrekksmekanisme for å utelukke enkelte selskap, i særskilte tilfelle (Meld. St. 2 (2000-2001):109-112). Meldinga frå Stoltenberg 1-regjeringa nytta derfor argument som både

talte for og i mot etiske verkemiddel; ein skulle opptre som ein “finanssiell investor”, og samstundes sjå til folkerettslege omsyn, i særskilt utfordrande tilfelle. Denne meldinga vart etterfulgt av lengre omtaler i Finanskomiteen på Stortinget, der enkelte av partia kommenterte den “uroen” som no var oppstått kring fondets investeringar. Ein meinte at det var “behov for en mer etisk forvaltning av investeringene” (Budsjett-innst. S. 2 (2000-2001):32). I følgje informanten var saka om investeringa i det mineproduserande selskapet noko som utløyste ein hurtig og akselererande prosess: “Når vi til syvende og sist hadde avslørt dette med landminer, så var det bare et spørsmål om tid før resten snudde, og det skjedde jo”.

Tempoauka er også synleg i dokumenta frå regjeringa. I 2001, då saken kring minekonvensjonen var på sitt mest intense, kan ein sjå ei sterk stigning i den generelle dokumentasjonen kring fondet (jf. figur 5.1). Etter valet hausten 2001, men før den nye Bondevik 2-regjeringa tiltrådte, føreslo Stoltenberg 1 å endre forskrifta for petroleumsfondet, gjennom oppretting av ein uttrekksmekanisme. Her fekk då Finansdepartementet høve til å utelukke enkelte selskap frå investeringsuniverset. Dette vart også føreslått samtidig med forslaget om å opprette eit sakkyndig folkerettsleg råd for petroleumsfondet, som etter anmodning frå Finansdepartementet skulle vurdere enkelte av investeringane opp mot landets internasjonale forpliktingar (Meld. St. 1 (2001-2002):12). Enkelte medlemmar i Finanskomiteen uttalte året etter at arbeidet no måtte “intensiveres”, etter desse vedtaka, og eit fleirtal i komiteen anmoda regjeringa om å også setje ned eit utval. Desse skulle då utrede og føreslå eit sett med etiske retningslinjer for fondet (Budsjett-innst. S. 2 (2001-2002):34-35). Den nyvalde Bondevik 2-regjeringa sette ned dette utvalet i 2002, etter Stortingets anmodning (Meld. St. 1 (2002-2003); Prp. St. 1 (2002-2003)). Utgreiinga frå “Graverutvalet”, som vart presentert i 2003, medførte også ei stigning i antal dokument (jf. figur 5.1), sidan dei aller fleste dokumenta frå dette og dei påfølgjande åra omtalte denne utgreiinga. Diskusjonen innad i dokumenta var også på sitt høgaste dette året, av alle år som er kartlagt (jf. figur 5.3). Graverutvalet føreslo tre verkemiddel: Ei utviding av NBIM si eigarskapsutøving, eit sett med etiske prinsipp førande for investeringsporteføljen, og opprettinga av eit sakkyndig råd for etikkspørsmål (NOU 2003:22). Utgreiinga vart utførleg gjennomgått i revidert nasjonalbudsjett for 2004. Her gjekk Finansdepartementet inn for retningslinjene slik utgreiinga føreslo, i tillegg til utvidinga av NBIM si eigarskapsutøving og opprettinga av Petroleumsfondets etiske råd (Meld. St. 2 (2003-2004)), som seinare skifta namn til “Etikkrådet for SPU”. Ein innlemma også Miljøfondet i SPU sin ordinære portefølje, då retningslinjene vart etablert (Meld. St. 1 (2004-2005):75). Her var det ein dermed ei større

auke i nytt politikkinnhald kring etikk, som gjekk vidare frå den kompleksiteten ein argumenterte for i forrige periode. Dette vart også påpeika av informanten:

“men de vil igjen da si at på det tidspunktet så var det... så mente de at det var riktig at de ikke hadde mekanismene for å få til dette, men det er klart når vi gjorde vedtak i Stortinget, så datt jo mekanismene på plass automatisk. Da var det liksom plutselig ikke så vanskelig lenger”.

I NBIM vart den auka merksemda kring etikk i petroleumsfondet fyrst kommentert i årsrapportane frå 2003 og 2004. Deretter vart den ferdige utgreiinga frå Graverutvalet utførleg omtalt i alle kvartalsrapportar i 2005 og årsrapporten frå 2005. Mest interessant var likevel breva som NBIM sendte til Finansdepartementet i denne perioden. I førekant av utgreiinga til Graverutvalet var NBIM særskilt aktive i å uttrykke sin eigen ståstad om dei føreståande endringane i fondsforvaltninga. I sitt fyrste brev frå denne perioden formulerte dei derfor ei rekkje argument som forsvarte den dåverande modellen, som endå ikkje var blitt omfatta av etiske retningslinjer, og grunna det i korleis retningslinjer kunne gå ut over fondets avkasting og risiko. Ein var også oppteken av at NBIM sjølve ikkje kunne ta på seg etiske vurderingar, sidan dette fordra kompetanse på etikk, samt at slike vurderingar var uttrykk for politiske avvegingar, noko NBIM ikkje ville inkludera i (NBIM 2001). I NBIM si høyringsuttaling eitt år seinare vart desse argumenta repetert, samt at ein la til at utgreiinga ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til dei kostnadane dei kommande retningslinjene ville påføre fondet. Likevel var ein samla sett samde i at retningslinjer kunne vere eit aktuelt verktøy for fondet (NBIM 2003).

Perioden byrja dermed i ein nokså frårådande tone under Stoltenberg 1, med fasthaldinga av fondet som ein “finansiell investor”, til at Stoltenberg 1 sette i kraft særskilt tungvegande tiltak gjennom det folkerettslige rådet og uttrekksmekanismen. Vidare utnemnte Bondevik 2 Graverutvalet og vedtok forslaga frå denne utgreiinga, der ein oppretta Etikkrådet og vedtok dei etiske retningslinjene. NBIM haldt fram med å kommentere dei operative verknadane av desse tiltaka, og då i større omfang enn i periode 1.

5.4.2.1 Direkte og indirekte omtale

Perioden under eitt var nokså delt på denne variabelen, der ein både omtalte etikk i og utanfor fondet, slik det kjem fram av figur 5.2. Dette betyr dermed at etikk vart både omtalt i finanssektoren generelt, men også like mykje i SPU spesielt. Variabelen gjekk derimot kraftig i retning av direkte omtale i år 2005, som var då dette nye politikkinnhaldet vart implementert og sett i operativ drift.

5.4.2.2 Omfang

Perioden omfatta ein synleg vekst i antal dokument, samanlikna med den føregåande perioden, med kring tre gonger fleire dokument enn i periode 1 (jf. tabell 5.4). Veksten i antal dokument kring fondet i sin heilskap var særskilt stort i 2001 og 2003 (jf. figur 5.1), som var då diskusjonane kring minekonvensjonen var på sitt mest intense, samt då Graverutvalet leverte sin rapport. I sjølve dokumenta var også omtalen større enn den fyrste perioden, i frå då Gravertuvalet leverte sin rapport i 2003 og dei påfølgjande åra. Her var både omtalen i regjeringa og NBIM stor, og særskilt retta mot effekten av dei forslaga som kom fram frå utredninga. Om ein ser åra frå 2001 til 2005 under eitt kan ein dermed seie at omfanget av dokument auka nokså sterkt, i tillegg til at diskusjonane av etikk i sjølve dokumenta var større enn i den føregåande perioden.

5.4.2.3 Haldning

Dei samla utslaga på variabelen “haldning” i begge databasene viser at flest dokument kunne karakteriserast som “tilrådande” eller “sterkt tilrådande”, der 60 prosent av dokumenta kunne plasserast innanfor desse to verdiane. I regjeringa sine dokument var ein oppteken av å støtte opp under den føreståande etableringa av dei etiske retningslinjene, samt at ein i høg grad var villig til å innføre dei tiltaka som Graverutvalet føreslo. I NBIM hadde ein noko av dei same tendensane, men også dokument som argumenterte i mot innføring av tiltaka. Fire av dei 14 publiserte dokumenta frå NBIM gjorde dermed utslag på verdien “frårådande” og “sterkt frårådande”. Ein hadde også ein stor andel dokument tilhøyrande verdien “nøytral/balansert”. Slik ein ser frå figur 5.4 var det derfor eit breitt spekter og sprikande meiningar kring etikk i denne perioden.

5.4.2.4 Grunngeving for frårådande og sterkt frårådande haldning

I Stoltenberg 1-regjeringa gav revidert nasjonalbudsjett for 2001 ei nokså frårådande argumentering mot etikk, eksempelvis med følgjande uttalingar:

Det vil være vanskelig å finne en egnet avgrensning for hvilke aktiviteter som eventuelt skulle omfattes av regler som på forhånd begrenser fondets investeringsmuligheter [...]. Selv om en velger ett eller flere kriterier, vil det likevel kunne trekkes fram kritikkverdige forhold om enkeltbedrifter. Videre vil det være vanskelig å komme fram til kriterier som er objektive og behandler alle selskaper likt. Virksomheter i ulike deler av næringslivet er sterkt innvevd i hverandre. Det vil være en utfordring å avgrense seg i forhold til leverandører, kunder, deleide selskaper etc” (Meld. St. 2 (2000-2001):111).

Her var dermed vanskanane med å avgrense det etiske omsynet, i form av etiske retningslinjer, det avgjerande. Dette var derfor ei funksjonell grunngeving mot dei etiske retningslinjene. Ein konkluderte med følgjande: “Regjeringa har derfor som utgangspunkt at det ikke bør etableres regler som begrenser Petroleumsfondets investeringsmuligheter på grunnlag av en gitt virksomhet” (Meld. St. 2 (2000-2001):112).

Dokumenta frå NBIM som kunne kategoriserast som frårådande og sterkt frårådande var hovudsakleg grunna i funksjonelle argument, men også enkelte politiske grunngevingar. For det fyrste var argumenta tilnærma identiske med dei ein nytta i den fyrste perioden; etiske tiltak ville føre til redusert avkastning og auka forvaltningskostnader for fondet, noko som direkte siktar til effekten av dei verkemidla som regjeringa foreslo. Vidare presenterte ein også nokre nye motargument mot etikk. I brevet frå NBIM i februar 2004 la ein til grunn at aktiv utveljing av investeringsobjekt, såkalla positiv ekskludering, vanskeleg kunne foreinast på tvers av norske og internasjonale praksisar. Dette kom i frå ein diskusjon av korleis Miljøfondet skulle forvaltast, etter etablering av dei etiske retningslinjene:

Utvalget som la fram forslag til etiske retningslinjer for Petroleumsfondet la vekt på at disse burde være forankret i en "overlappende konsensus" blant nordmenn. De etiske vurderinger som ulike indeksleverandører og deres konsulenter legger til grunn vil neppe være identiske med de etiske vurderinger som norske myndigheter mener er riktige for Petroleumsfondets vedkommende. Man risikerer også å måtte benytte betydelige ressurser på å etterprøve og kontrollere konsultantselskapenes informasjonsgrunnlag” (NBIM 2004).

I denne uttalinga la ein dermed til grunn at ei positiv ekskludering ikkje ville vere effektivt om det ikkje var samsvar mellom det norske og det internasjonale synet på kva som var “etiske” og “uetiske” investeringar. Dette gav også diskusjonar av ein såkalla “best-in-class”-strategi i Miljøfondet:

“Det vil framstå som lite formålstjenlig dersom Finansdepartementet bruker vesentlige ressurser på å finne fram til de selskaper som er "mest etiske" i sin forretningsførsel og samtidig investerer atskillig større beløp i de andre selskapene som ikke har nådd opp i denne testen. Etter vårt skjønn blir det da alene omtalen av karaktergivningen som står igjen som virkemiddel. Norske myndigheter bør vurdere kritisk om man ønsker å framstå i en slik rolle” (NBIM 2004).

Dette kan sjåast som argument som gjekk vidare enn kritikken av etikkens kompleksitet og ressursbruk. Her stilte ein spørsmål ved sjølve normen om “etikk”, og i kva grad regjeringa skulle “framstå i en slik rolle”. Denne argumentasjonen vart derfor kategorisert som ei politisk grunngeving, då ein stilte spørsmål ved legitimiteten til praksisen. Til slutt var ein også innom nokon ytterligare politiske grunngevingar, som trakk fondets overordna føremål,

i spørsmål om etikk, i tvil. Argumentasjonen var også her delvis funksjonell, sidan ein også argumenterte ut frå ressursbruk og kostnader. Ein må også merke seg at dette brevet også gav uttrykk for noko støtte til Graverutvalet sine forslag;

“Norges Bank er enig i at dette er aktuelle virkemidler [...]. Norges Bank er vidare enig med utvalget i at Petroleumsfondet ikke er et egnet instrument for å ivareta alle typer etiske forpliktelser. Fondet er etablert for å ivareta hensynet til framtidige generasjoner og er et godt instrument for det formålet. For mange andre formål er fondet et mindre effektivt instrument, samtidig som bruk av fondet til slike formål vanligvis vil ha en kostnad i forhold til fondets primære formål. Norges Bank er enig med utvalget i at det vil "kunne fremstå som uetisk i forhold til framtidige generasjoner av nordmenn hvis man påfører fondet kostnader bare for å gjennomføre mer symbolsk etisk begrunnede tiltak for å støtte opp under en politikk som bedre fremmes gjennom andre midler”” (NBIM 2003).

I tillegg argumenterte ein ut frå ei funksjonell vurdering kva ressursar NBIM sjølv hadde til rådighet: “Ansvaret for de etiske vurderingene kan ikke overlates til Norges Bank. Norges Bank har ingen kompetanse til å foreta avveininger av denne karakter” (NBIM 2001). Samla sett utgjør dermed den frårådande haldninga til etikk ein nokså synleg og merkbar del av datamaterialet frå denne perioden.

5.4.3 Periode 3: 2006 til 2010

I åra frå 2006 til 2010 fann det stad ei ytterligere auke i dokument i frå databasene, der 50 dokument no omtalte etikk og Statens pensjonsfond utland. Antal dokument var derimot gradvis synkande, frå byrjinga av perioden med ein jamn vekst, og fram til 2008, då omfanget gjekk klårt ned (jf. figur 5.1). Regjeringa, som under heile denne perioden besto av konstellasjonen til Stoltenberg 2, hadde si fyrste omtale i ei melding frå Nærings- og handelsdepartementet. Her diskuterte ein langsiktig, statleg eigarskap, og etikkens plass i dette. I diskusjonen la ein vekt på at omsyn til etikk og avkasting kunne og burde kombinerast; sjølv om ein ikkje hadde klare konkluderande funn knytt til korleis etikk kunne innverke på avkastinga, så hadde likevel næringsliv og verksemder klare forpliktingar til å følge grunnleggjande menneskerettar, god forretningskultur og samfunnsansvar (Meld. St. 13 (2006-2007):55). Denne synkande vektlegginga av etikkens verknadar på avkastinga var også noko som informanten påpeikte: “Men det ble også brukt som et argument mot etiske fond at de gav lavere avkastning enn det som altså en helt fri portefølje åpna for. Dette ble til syvende og sist ikke det avgjørende”.

I omtalen av dei konkrete etiske verktøya ein no hadde fått i Statens pensjonsfond utland gjorde revidert nasjonalbudsjett for 2006 og nasjonalbudsjettet for 2007 greie for dei

selskapa ein hadde utelukka frå investeringsuniverset, som følgje av brot på dei nyetablerte etiske retningslinjene (Meld. St. 2 (2005-2006):50; Meld. St. 1 (2006-2007):121). I nasjonalbudsjettet for 2008 meldte ein om ei føreståande evaluering av retningslinjene. Dette var grunna i eit ynskje om at retningslinjene skulle fungere i tråd med Finansdepartementets intensjonar, og dermed som eit rammeverk som sikra fondets langsiktige, finansielle og ansvarlege utvikling. Ei evaluering kunne dermed vurdere i kva grad retningslinjene fulgte desse intensjonane (Meld. St. 1 (2007-2008):120). Evalueringa, og prosessen fram til denne, gjorde sterke utslag på alle variablar; ei sterk auke i direkte omtale retta mot fondet sine etiske verktøy (jf. figur 5.2), breie diskusjonar i sjølve dokumenta (figur 5.3) og fleire nøytrale, men spesielt tilrådande haldningar til etikk i fondet, som var på sitt høgaste over alle 21 år då evalueringa pågjekk (jf. figur 5.4), og generelt, ei synleg auke i dokumentasjonen kring fondet (jf. figur 5.1).

Evalueringprosessen byrja i 2008 med ein større konferanse arrangert av Finansdepartementet, Norges Bank og Etikkrådet. Vidare henta ein inn kunnskap og informasjon frå eksterne ekspertar, samt utlyste ei større høyringsrunde til ei breitt felt av aktørar (Meld. St. 1 (2008-2009):126). Resultatet frå evalueringa vart presentert i ei stortingsmelding frå Finansdepartementet i 2009. Her var departementet klår på at dei eksisterande etiske verktøya skulle vidareførast, og at ein skulle halde fast ved den openheita og det etiske arbeidet ein hadde gjort til då i politikkkutforminga kring fondet. Samtidig skulle ein også innføre nokre nye tiltak. Dette gjaldt inkluderinga av tobakkproduserande selskap i retningslinjene for observasjon og utelukking, auka forutsigbarheit gjennom meir openheit kring Etikkrådet sine prosedyrer, og auka satsing på forskning og internasjonalt arbeid med fokus på miljø og selskapsstyring (Meld. St. 20 (2008-2009):90). Dei resterande dokumenta frå regjeringa i denne perioden vart nytta til å oppsummere og framheve tiltaka frå den føregåande evalueringa (Meld. St. 10 (2009-2010); Meld. St. 1 (2010-2011):169). Etter at evalueringa vart presentert, i 2009, ser ein derfor nedgong på alle variablane.

I dei fyrste kvartalsrapportane og årsrapportane frå NBIM vart dei etiske verkemidla omtalt i meir deskriptive framstillingar av det arbeidet som organisasjonen hadde utført. Dette gjaldt mellom anna ei oversikt over selskapa ein hadde utelukka, som følgje av brot på dei etiske retningslinjene (NBIM 2006:45-46). Vidare oversendte også organisasjonen ei rekkje brev til Finansdepartementet, i anledning den føreståande evalueringa. Desse bar preg av å vere særskilt ambisiøse på feltet kring eigarskapsutøving, og var også direkte i omtalen kring korleis desse oppgåvene kunne optimaliserast (NBIM 2008). I den resterande delen av

perioden vart det derimot publisert lite dokument som omhandla etikk frå organisasjonen, med unntak av dei regelmessige kvartals- og årsrapportane.

Samla sett over desse fem åra var derfor omtalen stadig meir tilrådande, som tydeleg skuldast evalueringa frå 2008. Dette var då det som dei fleste dokumenta før og etter dreia seg om. Dette gjaldt også i NBIM, som aktivt deltok i denne evalueringa. Felles for alle variablane er likevel nedgangen etter at evalueringa vart presentert i 2009.

5.4.3.1 Direkte og indirekte omtale

Perioden bar preg av ein stor andel dokument, der dei aller fleste kunne kategoriserast under omtale direkte retta mot pensjonsfondet. Dette var då grunna i evalueringa si sentrale plassering i denne perioden. Denne variabelen gjekk også kraftig ned etter at evalueringa vart presentert i 2009.

5.4.3.2 Omfang

Medan veksten i omtalen haldt fram frå forrige periode, gjekk den også sterkt ned i slutten av denne perioden. Omtalen vart derfor mindre i kvart enkelt dokument etter at evalueringa vart presentert. Samstundes var også skilnaden stor i antal dokument frå byrjinga til slutten av perioden; Antal dokument med omtale av etikk gjekk synleg ned frå 2008, medan den generelle dokumentasjonen gjekk nokså synleg ned frå 2009 (jf. figur 5.1).

5.4.3.3 Haldning

Dokumenta frå regjeringa bar preg av å vere tilrådande og sterkt tilrådande til etikk i desse åra. NBIM var også oppteken av å gje si støtte til tiltaka som evalueringa føreslo. I årsrapporten til NBIM for 2007 vart til dømes etikk ettertrykkeleg plassert som ein sentral del av fondsforvaltninga:

“Den lange tidshorisonen er ett av de fremste kjennetegnene ved SPU [...]. Med en så lang tidshorison, kombinert med bredt plasserte investeringer i markedene, er NBIM som investor eksponert for utviklingstrekk i markedene som mer kortsiktige investorer eller investorer med en mer konsentrert portefølje normalt vil være mindre opptatt av. Dette handler både om hvordan markedene fungerer, og om spørsmål av sosial og miljømessig karakter – det vil si spørsmål som er avgjørende for markedenes fremtidige funksjonalitet og legitimitet, og som ofte sammenfattes under overskriften ”etikk”. På denne bakgrunnen er det naturlig at NBIM bruker sine rettigheter som aksjonær på en måte som inkluderer slike temaer, for nettopp å sikre den langsiktige inntjeningsvevnen” (NBIM 2007:40).

I denne rapporten var dermed NBIM stadfestande til den posisjonen dei etiske verkemidla hadde fått, og markerte dermed ei særskilt sterk tilrådande haldning til etiske omsyn i eigarspørsmål, som no var “naturlig” å nytte seg av. Totalt sett er utgjerd den sterkt tilrådande og den nøytralt/balanserte kategorien dei største kategoriane, slik ein også ser i figur 5.4.

5.4.3.4 Grunngeving for frårådande og sterkt frårådande haldning

Ingen av dokumenta frå regjeringa eller NBIM hadde utslag på den frårådande og den sterkt frårådande kategorien i denne perioden (jf. figur 5.3). Ut frå dette kan ein trekkje fleire konklusjonar; For det fyrste at NBIM har gått frå å argumentere mot etikk i fleire dokument i forrige periode, til å i større grad slutte seg til dei tiltaka som regjeringa har presentert i denne perioden. Ein kan dermed antyde at det føregjekk eit skifte i NBIM si tilnærming til temaet. For det andre kan ein seie at perioden under eitt representerer ei haldningsendring i forvaltningas omtale av etikk; ingen dokument har lenger klare argument som talar imot dei etiske verkemidla som ein etablerte. Evalueringa fekk som nemnt ein sentral plass i overvekta av dokument frå denne perioden, så ein kan derfor anta at denne har spelt ei sentral rolle i å bidra til konsensus og oppslutning kring auka bruk av etiske verkemiddel.

5.4.4 Periode 4: 2011 til 2016

Desse åra byrja med ei særskilt oppløftande kommentar i frå regjeringa Stoltenberg 2¹⁶ i nasjonalbudsjettet for 2012: “Pensjonsfondet var tidlig ute blant statlig eide fond når det gjelder å ta hensyn til etikk, miljø- og samfunnsmessige forhold i forvaltningen” (Meld St. 1 (2011-2012):153). Vidare omtalte ein Finansdepartementet si deltaking i utarbeidinga av ein rapport om bærekraftige investeringar i World Economic Forum (Meld. St. 15 (2010-2011):91). Ein deltok også på Open Government Partnership der ein snakka om dei etiske retningslinjene (Meld. St. 19 (2011-2012):11), og omtalte si eiga tilslutning til Santiago-prinsippa etter deltakinga i International Forum of Sovereign Wealth Funds (Finansdepartementet 2011). I det heile var det utadretta, internasjonale preget på etikk og Statens pensjonsfond utland, svært synleg, også då ein ga Strategirådet i oppdrag å vurdere fondets dåverande ressursbruk. Her skulle rådet sikre at fondet sin ansvarlege investeringspraksis var i tråd med beste praksis internasjonalt. Dette rådet var då samansett av internasjonale ekspertar innanfor praktisk kapitalforvaltning (Meld. St. 1 (2013-2014):119-120). Då Solberg-regjeringa vart valt, i 2013, omtalte regjeringsplattforma at ein la vekt på

¹⁶Regjeringa Stoltenberg 2 satt til oktober 2013 og regjeringa Solberg frå oktober 2013.

“trygg forvaltning” og “åpenhet og etisk bevissthet” kring SPU (Statsministerens kontor 2013:25).

Den fyrste vesentlege endringa i denne perioden kom då regjeringa meldte at dei ville sjå nærare på arbeidsdelinga mellom Etikkrådet, Norges Bank og Finansdepartementet. Dette var basert på Strategirådet sin avlagde rapport (Meld. St. 1 (2014-2015):168). I rapporten vart det mellom anna føreslått å integrere Etikkrådets oppgåver om råd og anbefaling kring selskap i investeringsporteføljen inn i Norges Bank, samt at styret i Norges Bank skulle overta uttrekksmekanismen frå Finansdepartementet. Dette gjekk også regjeringa inn for i si vurdering av rapporten. Dette vart grunngeve med at; “Departementet mener at samspillet og ressursbruken i arbeidet med ansvarlige investeringer bør styrkes” (Meld. St. 19 (2013-2014):48). Frå då denne endringa vart annonsert av regjeringa ser ein ei nokså synleg stigning antal dokument med omtale av etikk (jf. figur 5.1), samt i den direkte omtalen (jf. figur 5.2). Flyttinga av Etikkrådet vart derimot stogga av eit fleirtal i Finanskomiteen, medan flyttinga av uttrekksmekanismen vart støtta av komiteen (Innst. 200 S. (2013-2014):8).

I NBIM omtalte ein overtakinga av uttrekksmekanismen, som trådte i kraft i 2015, i ein stor andel av dokumenta. Ein hadde også fokus på såkalla “miljørelaterte investeringsmandater”, som innebar å søkje seg meir aktivt mot miljøretta objekt (NBIM 2014:64). I 2015 tydeleggjorde ein organisasjonens hovudpunkt, som ein “ansvarlig eier”. Dette innebar vekt på standardsetjing, eigarskap og risikohandtering, samt fokus på område som ein ansåg som avgjerande for marknaden legitimitet, som kunne innebere forventningar til verksamheiter om å vere “etisk akseptable” (NBIM 2015b:9). Slike forventningar til fokus på marknaden legitimitet vart også nemnt i årsrapporten dette året (NBIM 2015a:55). Til slutt otmalte ein også det nye produktkriteriet i dei etiske retningslinjene, som utløyste utseljing av selskap som hadde over 30 prosent av aktiviteten i produksjon av kol. NBIM søkte mot å operasjonalisere dette kriteriet i organisasjonen. I tillegg kommenterte NBIM det nye kriteriet sitt allereie eksisterande samsvar med deira aktivitetar, før kriteriet hadde trått i kraft: “Norges Bank har allerede solgt seg ut av en rekke selskaper med virksomhet innen kullgruver og/eller med kull som innsatsfaktor, basert på en finansiell helhetsvurdering” (NBIM 2015c).

5.4.4.1 Direkte og indirekte omtale

I regjeringa sin database var andelen dokument med utslag på den indirekte kategorien nokså ubetydeleg i denne perioden. Den største diskusjonen kring etikk utanfor fondet kom frå Utanriksdepartementet, der ein omtalte balanseongongen mellom nasjonal regulering og

internasjonal frihandel i ei melding frå 2015. I NBIM var diskusjonen om etikk i finanssektoren, og dermed utanfor fondet, endå mindre; unntaket var årsrapporten frå 2015 som nemnte etikk som sentralt for legitimiteten til marknaden og sektoren (NBIM 2015a:55). Oppsummert var dermed den indirekte omtalen, og dermed graden av omtaler av etikk i finanssektoren generelt, nokså låg i denne perioden. Den direkte omtalen var derimot merkbart større kring Strategirådet sin rapport, men elles totalt sett mindre, samanlikna med periode 3 (jf. figur 5.2).

5.4.4.2 Omfang

Andelen dokument var noko mindre i desse siste seks åra, samanlikna med den forrige. Dette til trass for at NBIM starta opp med publisering av forvaltarperspektiv og diskusjonsnotat i henholdvis 2015 og 2011, noko som førte til to nye plattformer der ein diskuterte fondsforvaltninga. I tillegg byrja NBIM å publisere ein eigen rapport med omtale av bærekraftige investeringar, som dermed supplerte års- og kvartalsrapportane. Slik ein ser frå figur 5.1 førte dette dermed til ei sterk stigning i den generelle dokumentasjonen av pensjonsfondet. Ein kan dermed seie at etikk-omtalen var mindre, ut frå andelen dokument, men også proporsjonalt endå mindre, sidan ein auka det totale antalet dokument kring fondet.

5.4.4.3 Haldning

Under haldning var det fleire variasjonar, med både tilrådande, nøytrale og frårådande meiningar representert. Ein kan likevel sjå at den tilrådande var størst, og då særskilt i slutten av perioden, etter Strategirådet og regjeringa si vurdering av denne utgreiinga. Dette var også synleg i NBIM:

“For oss handler det om å forvalte folkets finansielle verdier på en ansvarlig og god måte, med lang investeringshorisont. I vår forvaltning vurderer vi selskapsstyring, miljømessige og samfunnmessige forhold som kan ha en vesentlig innvirkning på fondets avkastning” (NBIM 2015b:11).

I regjeringa vart dette fulgt opp, og ytterligare stadfesta: “Hensyn til styring av selskaper, miljø og samfunnsforhold er integrert i forvaltningen” (Meld. St. 23 (2015-2016):64).

5.4.4.4 Grunngeving for frårådande og sterkt frårådande haldning

Det eine av dei to utslaga på denne variabelen gjaldt Utanriksdepartementet sin diskusjon av internasjonale frihandelsavtalar. Konklusjonen var at frihandelsavtalar var begrensande på det potensialet nasjonalstatar kunne ha til å fremje etiske, og herunder miljø- og menneskeretta

reguleringar, sidan slike frihandelsavtalar fordrar minimalt med innblanding frå statane. Ein måtte likevel sørge for å følgje desse frihandelsavtalane (Meld St. 29 (2014-2015):45). Det andre utslaget gjaldt regjeringa Solberg si argumentering for å flytte Etikkrådet inn i Norges Bank. Overvekta av denne argumentasjonen bar preg av å vere av funksjonelle omsyn:

Departementet deler Strategirådets syn om at Norges Bank og Etikkrådet i økende grad arbeider med beslektede problemstillinger, og at dette kan forventes å forsterkes framover [...]. Departementet har erfart, slik også Strategirådet framhever, at dagens system for å utelukke selskaper fra SPU har en innebygget operasjonell risiko” (Meld. St. 19 (2013-2014):48).

Denne “operasjonelle risikoen” var dermed gjeldande ressursbruken kring fondet. Dei frårådande haldingane til etikk i denne perioden var derfor funksjonelle, og også utelukkande frå regjeringa sin database, gjeldande to dokument frå denne databasen.

6.0 Analyse

6.1 Innleiing

Dette kapitlet set saman empirien frå det føregåande kapitlet med det valte teoretiske rammeverket frå teorikapitlet. Føremålet vert derfor å bruke teorien til å forklare dei funna som datainnsamlinga kom fram til. I introduksjonen vart følgjande todelte problemstilling introdusert: *Korleis har etikk vorte integrert i Statens pensjonsfond utland? I kva grad har det skjedd ei desintegrering av etikk i Statens pensjonsfond utland?*

I teorikapitlet vart det overordna teoretiske perspektivet sett til å vere institusjonell teori, med vekt på korleis institusjonar endrast over tid. For å følgje denne endringsprosessen vart det presentert ei tradisjonell institusjonaliseringskurve (jf. figur 3.2). Om ein føl denne kurva vil institusjonaliseringa av ein norm eller praksis, og dermed i kva grad praksisen vert teke for gitt i institusjonen, variere over tid. Om ein ser på empirien frå det forrige kapitlet under eitt kan ein sjå heilt klare tendensar til slike variasjonar. Til dømes ser ein at graden av merksemd kring etikk har vore ulikt fordelt, som dermed tilseier at også grad av adaptasjon har variert. Dette vert tydelegast manifestert i antalet dokument som er publisert over desse åra. Medan dokument om Statens pensjonsfond utland har fulgt ei nokså gradvis sterk utvikling over fondet sine operative år, har dokumenta med omtale av etikk fulgt ei nokså stabilt låg utvikling, med tendensar til nedgong dei siste åra (jf. figur 5.1). Sjølv om antalet dokument per år ikkje har vore spesielt stort, og sjølv om antal dokument om etikk har variert nokså lite over desse åra, så kan ein seie at den større avstanden til den totale utviklinga i dokumentasjon kring fondet representerer eit interessant og tydeleg avvik. Særskilt interessant er den låge utviklinga frå år 2008 og fram til tidslinas slutt, i 2016. Her ser ein at veksten i dokument om etikk stagnerer, medan dokument om Statens pensjonsfond utland veks sterkt. Dette kan både indikere at etikk har vorte mindre prioritert, eller meir adaptert, inn i SPU. Mindre omtaler blant fondsforvaltninga sine offentlege dokument kan tilseie at etikk har fått mindre oppslutning, men det kan også indikere at etikk har blitt internalisert inn i organisasjonen, og derfor i større grad teke for gitt, og med mindre behov for eksplisitt dokumentasjon. Dette er dermed eit funn som gjev ein fyrste indikasjon på at ein slik institusjonaliseringsprosess har funne stad, men ikkje ein tilstrekkeleg indikasjon til å forstå korleis dette har funne stad, slik fyrste del av problemstillinga etterspør.

Vidare har også haldninga til etikk variert, og variert nokså sterkt over dei åra som er dokumentert. Fyrst vart etikk omtalt ut frå ei særskilt frårådande haldning, og som ein praksis som var vanskelig å operasjonalisere. Dette var også grunnlaget for argumentasjon mot etikk

i denne perioden. Ein kan også merke seg at dei tilrådande og positive haldningane kring etikk fyrst kom frå andre departement enn Finansdepartementet, og vore gjeldande for andre offentlege, og også private aktørar, i finanssektoren. Dei negative haldningane til etikk var derfor i stor grad forbeholdt Finansdepartementet og NBIM som diskuterte fondsforvaltninga sine ansvarsområder. Kritikken av etikk vart gjenteke i periode 2, frå særskilt NBIM, der ein såg at retningslinjer kunne ha større negative verknadar på avkastinga. I periode 3 vart det ikkje funne frårådande haldningar til etikk. Her kan ein då sjå eit tydeleg fråvær av motstand, der det ikkje lenger fann stad ei opponering mot etiske praksisar. Til slutt dreia også diskusjonane kring etikk frå å gjelde finanssektoren generelt, i retning av å gjelde pensjonsfondet meir spesielt, og tilbake til ei meir generell omtale dei siste åra (jf. figur 5.2). Den indirekte/direkte variasjonen i omtalen tydeleggjorde korleis periode 1 starta med diskusjonar i fleire andre departement og på andre saksfelt, til å nesten utelukkande handle om korleis forvaltninga sjølv skulle vedta politikk kring etikk i periode 3, og så i noko grad tilbake til dei delte tendensane med direkte og indirekte omtale periode 4.

Ut frå denne empirien, sett i lys av institusjonaliseringskurva, kan ein dermed sjå nokre klåre overordna tendensar. Det er dermed naudsynt å gå vidare inn på fleire og meir detaljerte variasjonar. Dette vert då sett i lys av Rogers (2002), Lawrence, Winn og Jennings (2001), Dacin og Dacin (2008) og Oliver (1992) sine diskusjonar av institusjonelle faktorar som innverker på prosessen. For å knytte desse teoretiske disposisjonane opp mot problemstillinga vart det formulert fem hypoteser. Desse var følgjande:

- H1: *Forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har institusjonelle trekk, og kan klassifiserast som ein institusjon*
- H2: *Etikk har vore forsøkt institusjonalisert inn i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland*
- H3: *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følge av støtte frå aktørar i institusjonen*
- H4: *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følge av støtte frå strukturar i institusjonen*
- H5: *Etikk har vore forsøkt deinstitutionalisert ut av forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland*

Det kommande kapittelet vert strukturert ut frå forsøket på å stadfeste eller avvise desse hypotesene.

6.2 Institusjonelle trekk ved Statens pensjonsfond utland

I teorikapittelet vart følgjande fyrste hypotese formulert: *Forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har institusjonelle trekk, og kan klassifiserast som ein institusjon (H1).*

For å kunne diskutere institusjonaliseringsprosessar i forvaltninga må ein dermed fyrst etablere det institusjonelle nivået, slik teorikapittelet greia ut om. I denne oppgåva vert derfor Statens pensjonsfond utland (SPU) vurdert som ein institusjon. Dette ligg nokså eksplisitt til grunn i heile fondsforvaltninga si verksamheit; forvaltninga har, sidan starten av, hatt ei nokså klår og utbreidd oppfatning kring fondet si form og utstrekning i tid og rom. Prosessen knytt til opprettinga av fondet, med intensjonen om å nytte det som eit finansielt spareinstrument til framtidige generasjonar, er i seg sjølv ei klår formalisering av diskusjonane kring kva oljeinntektene skulle nyttast til. Denne regelen eller normen vart det også haldt fast ved i lang tid. Dette viser uttalingar som at fondet var et; “finanspolitisk styringsmiddel” (Meld. St. 2 (1996-1997)), samt at; “Fondet er et redskap for å ta hånd om statens finansielle sparing og bør forvaltes ut fra finansielle hensyn (risiko og avkastning)” (Meld. St. 1 (1997-1998)). Begge desse uttalingane var i frå desse fyrste operative åra, og gjenspegla også dei fyrste diskusjonane kring korleis ein skulle forvalte oljeinntektene, tilbake på 70-talet. Ein kan dermed seie at oppfatninga om fondet som eit slikt økonomisk instrument var den gjeldande, tillærte normen, eller etablerte oppfatninga i forvaltninga, i lang tid. Ein slik norm eller oppfatning kring rolla til fondet strekkjer seg dermed vidare enn det kulturelle nivået, sidan formaliseringa fann stad i form av klåre rutiniserte handlingar og gjentekne prosessar over lengre tid. Det strekkjer seg også over på det organisatoriske nivået, sidan fondsforvaltninga vart formalisert i hierarkiske og organisatoriske strukturar, med klåre ansvarfordelingar og rapporteringskanalar. Utgreiinga vil derimot konsentrere seg om forvaltninga på institusjonelt nivå, sjølv om forvaltninga også då kan klassifiserast med ei organisatorisk form, eller som ein høgt formalisert og organisert praksis.

SPU som institusjon tilseier dermed at fondet har ei viss regelmessigheit, i form av gjentekne handlingsmønster over mange år, men også ein viss grad av stabilitet i institusjonen, sidan denne forma har haldt seg over relativt lang tid. SPU si forvaltning kan dermed analyserast som eit rom eller ein kontekst der slike institusjonaliseringsprosessar potensielt har førekommt. Institusjonen vert då kjenneteikna som den stabile forma, der endring, i form av institusjonalisering og desinstitusjonalisering, representerer moglege avvik frå denne stabiliteten i institusjonen. Hypotese H1 vert derfor stadfesta.

6.3 Institusjonalisering av etikk i Statens pensjonsfond utland

Den andre hypotesa som vart formulert i teorikapittelet var følgjande: *Etikk har vore forsøkt institusjonalisert inn i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland (H2).*

Her vil ein institusjonell inngang til etiske omsyn sjå etikk som eit mønster eller ein praksis som byrjar å ta ei regelliknande form i institusjonen. For å kunne stadfeste eller avkrefte hypotesa må ein derfor klargjere etikk som ein norm eller praksis som potensielt har innteke slike regelliknande former, og dermed vorte forsøkt institusjonalisert inn i den etablerte institusjonen. For å vurdere dette kan ein følgje institusjonaliseringskurva si inndeling i fire påfølgjande fasar, der prosessen byrjar med ei innovering.

6.3.1 Innovasjon

Ein innovasjon vart i teorikapittelet presentert som ei påbyrja institusjonalisering der ein norm eller ein praksis vart oppfatta som eit nytt fenomen i institusjonen. Som nemnt i teorikapittelet vil institusjonelle praksisar her skilje seg frå organisasjonar og kulturar ved å vere mindre formaliserte enn organisasjonar, og meir formaliserte enn kulturar. Ein institusjon er dermed alltid ein kultur, men ikkje nødvendigvis ein organisasjon (jf. figur 3.1). Ut i frå den tradisjonelle institusjonaliseringskurva vil denne formaliseringa frå kultur til institusjon byrje i innovasjonsfasa (jf. figur 3.2). Vidare vil ein innovasjon også verte kjenneteikna av at den vert omtalt i mindre grupper i institusjonen.

I periode 1 er både dette nye preget og omtalen i mindre grupper gjenkjenneleg. Antal dokument var lågt, og diskusjonane i dokumenta var nokså avgrensa, med nokre unntak. Vidare vart etikk omtalt som noko abstrakt og lite konkret, og ein hadde omtaler som tilsa at etiske retningslinjer vanskelig lot seg operasjonalisere. Dette var til dømes synleg i ein større andel av indirekte omtaler frå denne perioden. Her vart etikk gjentekne gonger diskutert i finanssektoren generelt, og dermed utan konkrete referansar til petroleumsfondet spesielt. Utslaga gjorde seg også gjeldande i variabelen "opphav", der fleire andre departement enn det ansvarlege Finansdepartementet diskuterte etikk. Etikk var derfor eit nokså fjernt fenomen i denne fyrste perioden. Prosessen tok også tid. Frå dei fyrste omtalene i 1997 brukte ein dei påfølgjande åra på å diskutere seg fram til nokre konkrete verkemiddel, utan at desse, med unntak av eitt, vart vedteke i Stortinget. Innoveringa vart ytterligare stadfesta av informanten sine uttalingar. Her kunne informanten påpeike at forslaga i Stortinget bar preg av at nokre få aktørar skulle markere seg, heller enn at ein hadde reelle forhåpningar om fleirtal for desse forslaga. Inntrykket av at normen om etikk var noko nytt og utanforståande,

som kom frå mindre grupper, og der desse gruppene forsøkte å setje normen opp mot den etablerte institusjonen, kan derfor heilt klårt gjenkjennast i dette datamaterialet.

Vidare kan innovasjonen sjåast i samanheng med ein meir konkret vurderingsprosess. Her går ein frå kjennskap, til ei haldningsdanning, deretter vurdering, implementering og stadfesting av denne implementeringa. I fondsforvaltninga kan ein seie at ein fyrst fekk kjennskap til etikk som praksis gjennom diskusjonen kring fondet som ein aksjeeigar i Jagland-regjeringa. Her danna ein seg ei klår haldning som avviste fondet som ein eigar som potensielt kunne ta stilling i etiske eller sosiale spørsmål. Omtalen tilsa dermed ei viss vurdering av etiske omsyn for fondet, men ei vurdering som vart avvist av den gjeldande normen i den etablerte institusjonen. Det tok dermed fleire år før ein gjekk vidare til implementering av ideen om etikk i fondsforvaltninga. Ei meir uttalt og konkret endring kan seiast å vere tydeleg i 2001, då Stoltenberg 1-regjeringa uttalte at saken om minekonvensjonen tyddleggjorde at; “[...] investeringer i enkelte selskaper stiller oss overfor spesielt vanskelige juridiske, etiske og politiske dilemmaer [...]. Slike eksempler viser at det er nødvendig å sette ytterligere etiske rammer for Petroleumsfondets virksomhet” (Meld. St. 2 (2000-2001):112). Denne meldinga viste derfor ei klårare implementering av ideen om eit etisk ansvar, som no var “nødvendig” i fondsforvaltninga. Det kan også sjåast som meir formalisert enn kulturelle og kognitive tankemønster, sidan dette vart haldt fram som ein norm eller ein ide som, til ein viss grad, vart sett som naudsynt i fondforvaltninga. Vidare vart det også repetert og gjenteke i dei påfølgjande dokumenta. Det vart derimot framleis ikkje manifestert gjennom eit konkret politikkinnhald, som ei formalisering av eit vidare organisatorisk nivå vil tilseie.

Ein kan derfor sjå periode 1 som ei klår innovasjonsfase; Etikk vart lite omtalt i forvaltninga, med nokså lite oppslutning kring, med utfordringar knytt til å omforme praksisen til reelt politisk innhald, og med engasjement frå ei mindre gruppe av aktørar, fortrinnsvis frå Stortinget. Etikk var likevel eit synleg tema, som nokså regelmessig vart omtalt i dokumenta, mellom anna i diskusjonen av Miljøfondet. Ein kan også sjå tendensar til eit skifte i haldningane, i byrjinga av periode 2, og dermed ein introduksjon eller innovasjon av etikk i fondsforvaltninga. Avviket frå den stabile tilstanden gjekk derfor frå å handtere SPU som eit reint finansielt investeringsinstrument, til å gradvis omtale etikk, som eit mogleg komplementært omsyn. Ein kan dermed seie at institusjonaliseringa av etikk, i form av gjentekne diskusjonar kring etiske praksisar i SPU, byrja å innta eit regelmessig mønster her.

6.3.2 Spreiing

Ei vidare spreining av innovasjonen vil medføre auka læring, eller adaptering, slik institusjonaliseringskurva uttrykte. I periode 2 kunne ein sjå ei stadig auke i omtalen av etikk i dokumenta. Frå periode 1 til periode 2 såg ein også den største veksten i dokument, om ein ser det inndelt i periodane frå funnkapittelet. Ein hadde lengre utgreiingar kring konsekvensane av etiske retningslinjer, og diskusjonane var også meir omfangsrike i sjølve dokumenta. Veksten i dokument og omtale tilseier dermed ei viss grad av spreining kring etikk-omgrepet. I teorikapittelet vart også Rogers (2002) sine fem determinantar for vidare spreining av ein innovasjon presentert. Desse var relativ fordelar, kompabilitet, kompleksitet, testbarheit og observerbarheit. Basert på empirien frå det forrige kapittelet kan ein sjå om desse kan gjenfinnast i forvaltninga sine omtaler, og dermed vere eit bidrag til å vurdere intensiteten og framdrifta i spreininga.

Ut frå forståinga av relative fordelar kan ein antyde at etiske omsyn fyrst ikkje vart oppfatta som erstattande for den til då gjeldande normen om høgast mogleg avkasting i fondsforvaltninga. NBIM såg kritisk på at etiske retningslinjer var noko som kunne innverke på avkastinga, med uttalingar om at det kunne føre til “[...] betydelige kostnader og gjøre det mer komplisert å drive en effektiv forvaltning” (NBIM 1999b). Det var derfor ikkje tale om å redusere vektlegginga av avkasting, noko som ville markert seg som ein “trade-off” frå avkasting til etikk, ut frå denne argumentasjonen. Den vidare utviklinga i periode 2 viste derimot at regjeringa såg fordelar med å nedsette etiske retningslinjer. Dette gjaldt omsynet til internasjonale konvensjonar, men også målsetjingar for norsk utanrikspolitikk, der ein såg og lærte at eit etisk ansvar frå pensjonsfondet kunne medføre gunstige utfall for regjeringa sine utanrikspolitiske målsetjingar. Ut i frå Rogers si forståing av relative fordelar gjekk dermed etiske retningslinjer frå å verte oppfatta som lite fordelaktig for pensjonsfondet i periode 1, til at ein byrja å argumentere for positive fordelar av ei slik inkludering tidleg i periode 2. Ein kan likevel merke seg at dei relative fordelane som vart diskutert var svært få desse fyrste åra; regjeringa argumenterte utelukkande ut frå saken om minekonvensjonen, og omsynet til sine utanrikspolitiske mål. Ein kan dermed seie at antalet relative fordelar var svært lågt, men oppfatta som stadig meir tungtvegande, i løpet av periode 2.

Om ein går vidare til kompabilitet som mogleg tilretteleggjar for spreining av etiske praksisar kan dette også seiast å ha variert denne fyrste tida. Jagland-regjeringa såg til dømes ikkje at etiske retningslinjer hadde noko plass i fondsforvaltninga, gjennom argumentasjonar som følgjande:

“Fondet er et redskap for å ta hånd om statens finansielle sparing og bør forvaltes ut fra finansielle hensyn (risiko og avkastning). Andre hensyn ivaretas best gjennom andre

virkemidler innen utenrikspolitikken, bistandspolitikken og miljøvernpolitikken” (Meld. St. 1 (1997-1998)).

Regjeringa var dermed nokså tydelege på at ytterligere omsyn ikkje lot seg kombinere med naudsynte krav til risiko og avkasting for fondet. Dette er derfor klårt innanfor kompabilitetskategorien; ein såg ikkje at etiske retningslinjer kunne passe inn med det eksisterande normen kring ei finansielt orientert styring, og dermed korleis ein meinte at fondet skulle verte forvalta. Eit interessant moment her er også at uttalinga henviste til politiske leiingar i andre departement enn det ansvarlege Finansdepartementet, slik som det som i dag tilsvarar Klima- og miljødepartementet. Slik ein ser frå tabell 5.3 har ikkje dette departementet uttalt seg om etikk i direkte eller indirekte tilknytning til Statens pensjonsfond utland i løpet av desse åra. Om ein klassifiserer denne uttalinga frå 1997 som eit signal, om etikkens moglege plassering eller kompabilitet, så kan ein derfor slutte at dette ikkje vart fanga opp eller vidareført i dette departementet. Når det gjeld Utanriksdepartementet, som då svarar for “utenrikspolitikken” og “bistandspolitikken”, hadde desse ein særskilt interessant diskusjon etter denne uttalinga. Her oppfordra departementet private føretak til å utarbeide etiske retningslinjer, samt kommenterte at etiske omsyn var i vekst globalt. Ein såg også at ein hadde ei rekkje sertifiseringar av fond tilgjengeleg som kunne gjere det lettare for investorar å finne fram til kva som kunne klassifiserast som etiske investeringar (Meld. St. 19 (2002-2003):107-108). Dette var såleis eit særskilt tilrådande innspel frå Utanriksdepartementet etter Jagland-regjeringa si uttaling. Ein indikasjon om at etikk no var meir akseptert i investeringsaktivitetar var dermed eit visst signal om vart fulgt opp i dette departementet. I regjeringa for øvrig kan ein sjå eit klårt skifte etter saken om minekonvensjonen. Her såg ein at utelukking av uetiske selskap no kunne vere eit leidd i å halde sine forpliktingar til internasjonale konvensjonar. Å framstå som “etisk” i forvaltninga av SPU var dermed ein norm som kunne styrke regjeringa si tilslutning til slike internasjonale avtalar. Ein kan dermed seie at saka kring det mineproduserande selskapet utløyste lærdom kring og argument om at etikk kunne vere kompatibelt med regjeringa sine utanrikspolitiske målsetjingar, og at regjeringa då i større grad fremja etiske praksisar sin kompabilitet med dei eksisterande normene i forvaltninga. Dette gjaldt derimot ikkje NBIM, som haldt fram med enkelte av dei frårådande argumenta også etter saken om minekonvensjonen vart diskutert, og også då Graverutvalet sin rapport vart presentert.

Den neste faktoren som kan fremje spreining er oppfatninga om praksisen sin låge kompleksitet, i følgje Rogers (2002). Diskusjonar kring kompleksiteten i etikk, og då særskilt

etiske retningslinjer, var svært synleg i fyrste periode. Her kunne ein ikkje finne dei løysingane som lot seg operasjonalisere til klårt definerte etiske praksisar, og dermed vart også prosessen forlenga, som følgje av denne utfordringa. Grunngevinga for dette var nokså vag, slik som i Jagland-regjeringa si tidlege vurdering, då slikt politikkinnhald ville føre til at; “En må da ta stilling til en hel rekke og til dels svært detaljerte spørsmål” (Meld. St. 1 (1997-1998)). I det heile var oppfatninga om den høge kompleksiteten i dei moglege etiske retningslinjene sett som så avgjerande at det også kunne innverke på den operasjonelle styringa av fondet. Dette var mellom anna synleg i denne uttalinga, som også kom i frå denne fyrste meldinga frå Jagland-regjeringa:

“ [...] den investeringsstrategien det er lagt opp til for petroleumsfondet gjør at det er relativt enkelt å vurdere de finansielle resultatene av forvaltningen. Legges andre hensyn til grunn ved investeringsbeslutningen, vil det vanskeliggjøre evaluering og kontroll med forvaltningen. Det vil være komplisert å etablere en god referanseportefølje, noe som gjør det vanskeligere å vurdere om fondet blir forvaltet på en god måte” (Meld. St. 1 (1997-1998)).

At etiske avgrensingar kunne føre til vanskar med “evaluering og kontroll med forvaltningen” er dermed noko som klårt siktar til dei funksjonelle utfordringane ein såg med desse omsyna. Denne manglande operasjonaliseringa av etikk haldt også fram i andre periode, før ein til slutt støtta seg til NOU-en frå Graverutvalet som foreslo eit sett med retningslinjer for fondet. Kompleksiteten vart derfor ansett som ei såpass stor utfordring at ein haldt moglege etiske omsyn utanfor fondet til dette kunne avklarast og konkretiserast.

Sidan observerbarheit handlar om i kva grad ein kan få auge på effekten av praksisen, så kan dette også knytast til dei moglege effektane ein såg kring avkasting, ressursbruk og risiko, og dermed også eit hinder for spreiding. Mogleg auke i ressursbruk var til dømes nytta i NBIM si uttaling kring Graverutvalets rapport: “Man risikerer også å måtte benytte betydelige ressurser på å etterprøve og kontrollere konsulentselskapenes informasjonsgrunnlag” (NBIM 2004). Det var derimot lite fokus på dei positive effektane av etikk, om ein ser utelukkande på dei to fyrste periodane. Unntaket her var då ein såg etiske retningslinjer som fremjande i utanrikspolitikken.

Innovasjonen sin moglegheit for å testast i desse fyrste åra var til ein viss grad til stades. Dette var mellom anna synleg under Bondevik 1, der ein lengre prosess resulterte i tre tiltak som ein presenterte til Stortinget. Her bar dermed prosessen preg av ei sakte tilnærming der ein diskuterte seg fram til ulikt politikkinnhald, der mellom anna Miljøfondet vart konkretisert. Denne utprøvinga var elles nokså usynleg, då ein brukte fleire år på å vedta

konkret politikkinnhald. I periode 2 støtta ein seg i stor grad på Graverutvalet sin rapport og deira forslag til utforming av politikkinnhaldet.

Oppsummert kan ein seie at fleire faktorar bidrog til å trekkje ned spreinga av etikk desse fyrste åra. Dette gjaldt fyrst relative fordelar, der dei tidlegaste regjeringskonstellasjonane og NBIM markerte seg som opponentar mot ein innovasjon som kunne konkurrere med målet om høgast mogleg avkasting. Vidare var ei ytterligare senking av farten knytt til kompatibilitet; ein hadde vanskar med å sjå korleis etikk kunne ta plass som ein norm i institusjonen, ved sidan av eit utelukkande fokus på avkasting. Kompleksiteten ved etikk var kanskje det som var mest synleg. Her var argument utelukkande fokusert på vanskan med å formulere og operasjonalisere etiske retningslinjer. Når saken om minekonvensjonen kom opp, var derimot etikken sin kompatibilitet med det ein ansåg som retninga for utanrikspolitikken det viktigaste argumentet ein nytta, og den største lærdomen ein framheva. Då; “[...] datt jo mekanismene på plass automatisk”, slik informanten uttalte. Ein kan også nemne Utanriksepartementet si uttaling om etiske retningslinjer og etikkens plass internasjonalt som ein viss aksept og anarkjenning. Ei integrering av etikk ut frå argument om kompabilitet var dermed noko som fyrst hindra innføringa, men også det som kan seiast å i størst grad sette fart på spreingsprosessen, ut frå desse fem determinantane. Kompleksiteten og vanskan med å observere dei positive effektane ved dei moglege etiske avgrensingane kan dermed seiast å vere det som i størst grad hindra innføringa. Vidare kan ein også vurdere spreinga av etikk ut frå relasjonen mellom dei to forvaltningsorgana.

6.3.2.1 Relasjon

I teorikapittelet var relasjon presentert som eit omgrep som kunne seie noko om forholdet mellom den som påfører normen eller praksisen, og den som praksisen vert påført på. Ei sentral antaking var derfor at institusjonaliseringsprosessen, og særskilt framdrifta i denne prosessen, vart påverka av denne relasjonen. Om relasjonen trakk i retning av å vere objektiv, kunne prosessen seiast å ha høgare grad av framdrift. Om relasjonen vart kjenneteikna som subjektiv, kunne ein seie at prosessen gjekk føre seg i ein meir langsam fart. Dette skuldast dermed i kva grad ein måtte samhandle undervegs for å få prosessen til å forløpe seg. Relasjon som omgrep kan dermed representere ei ytterligare forståing av denne spreingsfasa.

Om ein ser funna under eitt kan ein seie at NBIM har uttrykt ei sterkare negativ haldning til etikk enn regjeringa. I desse to fyrste fasene var argument frå NBIM både meir frårådande, men også større i omfang, i form av fleire dokument som fremja desse argumenta. Argumentasjonen kom også i form av brev, og dermed direkte retta mot diskusjonar i den

politiske leiinga i Finansdepartementet. Dette gjekk også andre vegen, då Finansdepartementet anmoda NBIM om å uttale seg, oftast i tilknytning til utgreiingane. Dette indikerer dermed at ein hadde ein nokså aktiv relasjon i tida då ein forsøkte å konkretisere etiske normer og praksisar. Eit anna interessant forhold frå denne tida er regjeringa og NBIM sin nokså like argumentasjon. NBIM uttalte til dømes at utelukking ville; "[...] medføre betydelige kostnader og gjøre det mer komplisert å drive en effektiv forvaltning under betryggende kontroll- og resultatmåling" (NBIM 1999b). Dette var etter at regjeringa Jagland uttalte at; "Legges andre hensyn til grunn ved investeringsbeslutningen, vil det vanskeliggjøre evaluering og kontroll med forvaltningen" (Meld. St. 1 (1997-1998)). Denne samstemtheita er dermed nokså kjenneteiknande for forvaltninga under desse fyrste åra, og ein kan anta at det var ei viss utveksling av argument og gjensidig forståing mellom desse partane. Inn mot periode 2 byrja derimot argumenta å skilje seg i frå kvarandre, der regjeringa byrja perioden med å seie at; "Slike eksempler viser at det er nødvendig å sette ytterligere etiske rammer for Petroleumsfondets virksomhet" (Meld. St. 2 (2000-2001):112), medan NBIM såg nærare på negative effektar på ressursbruk, og såg at positiv ekskludering kunne medføre at ein måtte; "[...] benytte betydelige ressurser" (NBIM 2004).

Omtalen frå NBIM som kommenterer negative verknadar på avkastinga som følgje av etiske avgrensingar kan dermed seiast å tillegge NBIM ein viss autonomi som aktør i denne spreiiingsfasa. Argument i mot var dermed noko som krevde samhandling med denne parten, og noko som kan seiast å ha dempa spreiiinga og den vidare institusjonaliseringsprosessen. Ein kan dermed seie at ein har indikasjonar på ein subjektiv relasjon mellom desse partane.

6.3.3 Legitimering

Legitimeringsfasa i den tradisjonelle institusjonaliseringskurva markerar fasa etter at praksisen er spreidd. I denne fasa kunne ein sjå normen eller praksisen som i ei påbyrja fullstendig adaptering; i ein slik situasjon ville praksisen vere institusjonalisert, stabilisert, tillært og teke for gitt i institusjonen. I periode 3 kunne ein sjå tendensar til ei slik tilslutning. Periode 3 kunne gjenkjennast som ei nokså utelukkande tilrådande fase, der ein ikkje kunne finne klare motargument mot ideen om etiske verkemiddel i fondetsforvaltninga sine dokument. At normen om etikk hadde fått ei brei tilslutning i NBIM og regjering er dermed noko ein kan nokså klart stadfeste. Vidare fulgte slutten av periode 3 med ein synleg nedgong i dokument kring etikk. Dette kan indikere ein viss stabilitet i institusjonen. Ut frå Lawrence, Winn og Jennings (2001) kunne ein vurdere stabiliteten ut frå moduset til prosessen.

6.3.3.1 Modus

I utgreiinga kring modus-omgrepet skilte ein mellom eit systembasert og eit episodisk modus. I det systembaserte moduset kunne ein seie at praksisen vart påført subtilt, og over lengre tid. I det episodiske moduset vart tiltaket påført i ein hyppigare frekvens og gjennom fleire enkeltvedtak. I følgje Lawrence, Winn og Jennings (2001) ville særskilte episodiske trekk ha innverknad på stabiliteten. Dette er sidan ein kunne anta at mange enkeltvedtak ville kreve ytterligare og nytt politikkinnhald for å kunne halde på den vidare oppslutninga. Slik som også teorikapittelet kom fram til kan dette knytast opp mot graden av indirekte og direkte omtale, samt omfanget i omtalen, og då indikere noko av stabiliteten i institusjonaliseringa.

Om ein ser på periode 2 kunne denne kjenneteiknast med nokså hyppige vedtak og ei viss spreining kring etikk-omgrepet. Mange vedtak utgjorde betydelege og tungvegande endringar kring fondet, og det føregjekk som i ein serie av slutningar, der den det eine politikkinnhaldet utløyste det neste, som i ein kjede av slutningar. Ein hadde også hyppige omtaler og sprikande haldningar. Hyppigheiten i omtalen var noko som haldt fram inn i periode 3. Her steig både antal dokument, men også omtalen i sjølve dokumenta.

Eit særskilt interessant trekk ved periode 3, og dermed åra 2006 til 2010, ser ein i utviklinga av den indirekte/direkte variabelen (jf. figur 5.2). Slik ein kan sjå frå utviklinga gjekk den direkte variabelverdien, og dermed omtalen av etikk i direkte tilknytning til SPU, kraftig opp under åra i periode 3. Dette skuldast evalueringa som fann stad på dette tidspunktet, som dei aller fleste dokumenta omhandla. Her var også både regjering og NBIM aktive partar i vurderinga og politikktutforminga, noko som gjorde at ein også auka dokumentasjonen og omtalen i fondsforvaltninga. Ein kan derfor hevde at dette indikerer eit episodisk modus; etter ei nokså vellukka spreining av etikk i periode 2, som då resulterte i konkrete og tungtvegande politiske vedtak, haldt ein fram med å aktivt søke seg mot eit større etisk fokus inn i periode 3. Det episodiske moduset kan derfor indikere ei ytterligare spreining, i staden for ei stabilisering. Den større styrken og intensiteten i spreinga er også tydleg om ein ser på dei fem determinantane. Ein såg fleire relative fordelar, med utelukkande tilrådande haldningar, og etikk var no kompatibelt med mål om avkasting, i spørsmål som; “[...] er avgjørende for markedenes fremtidige funksjonalitet og legitimitet, og som ofte sammenfattes under overskriften ”etikk”” (NBIM 2007:40). Her var det no naturleg å bruke; “[...] sine rettigheter som aksjonær på en måte som inkluderer slike temaer, for nettopp å sikre den langsiktige inntjeningssevnen” (NBIM 2007:40). Det nye politikkinnhaldet stadfesta også at etikk vart sett som mindre komplekst, og evalueringa i seg sjølv synte at etiske praksisar no kunne testast, observerast og vurderast i sin heilskap. Til slutt var også NBIM deltakarar i

evalueringa, men stadig meir deskriptive, tilrådande og nøytrale i dokumenta. Dette kunne ein sjå i manglande konflikterande haldningar og ståstar på dette tidspunktet. Dette indikerer ein meir objektiv relasjon mellom partane. Relasjonen og dei fem determinantane styrkar dermed inntrykket av at det fann stad ei hurtigare spreing kring etikk på dette tidspunktet.

Slik som også teorikapittelet greia ut om vil eit episodisk modus kjenneteiknast av hyppige vedtak og ei ustabil fase for praksisen, og dermed noko som til ein viss grad kan gjenkjennast her. Dette er sidan politikkkutforminga kring SPU var nokså mykje omtalt, og ein var nokså direkte inn mot SPU, som skil seg klårt frå Lawrence Winn og Jennings (2001) sin omtale av meir subtile og indirekte prosessar. Ein kan også seie at ein hadde klåre oppfatningar kring kva som skulle vere utfallet av evalueringa, som vart omtalt som intensjonen om ei langsiktig, finansiell og ansvarleg utvikling av fondet (Meld. St. 1 (2007-2008):120), og dermed noko som skil det frå eit meir umedvitente og uinteresserte konsekvensar, som kjenneteiknar eit meir systembasert modus. Eit siste interessant poeng her er at alle variablar gjekk nokså kraftig ned etter at evalueringa var gjennomført, og periode 3 frå denne oppgåva si inndeling var tilnærma ferdig. Såleis kan ein seie at fondsforvaltninga framleis var i ei nokså dynamisk spreingsfase i periode 3. Ein hadde ei stor oppslutning og tilrådande haldning kring etiske investeringspraksisar, men situasjonen fordra likevel nye diskusjonar kring den vidare utviklinga og den etiske dreininga av fondet. Til slutt var dette sterkt avtakande, på alle variablar, etter at evalueringa var ferdig.

Ut frå denne diskusjonen kan dermed seie at periode 3 manifesterte eit klårare direkte haldning til inkluderinga av etikk, og i det største omfanget som er studert over desse åra (jf. figur 5.2). Det representerte også perioden med størst andel av dokument om etikk og Statens pensjonsfond utland (jf. tabell 5.4). Ut frå ei vurdering av dokumenta som ei indikasjon på ei viss episodisk dreining, kan ein også slutte at dette bidrog til at ein framleis ikkje hadde fått full stabilitet kring etikk i periode 3. Konsekvensen av eit episodisk modus og noko ustabilitet er dermed at praksisen ikkje kan sjåast som fullstendig adaptert og institusjonalisert i desse åra. Dette vert støtt av Torfing (2005b) sin påstand, som seier at institusjonaliserte praksisar er praksisar som vert teke for gitt. Eit episodisk modus, som dermed ber preg av hyppigare omtaler, er dermed noko som ikkje førekjem med institusjonaliserte praksisar. Dette gjeld også om ein ser slike stabile faser som tilfeller der politisk handling og institusjonen har blitt gjensidig utelukkande (Torfing 2005b:169). Når ein praksis er fullstendig institusjonalisert, er det då ikkje opning for meir politisk handling, i følge denne påstanden. Dette vert dermed ikkje kjenneteiknande for denne fasa.

6.3.4 Oppsummering av institusjonaliseringsprosessen

Desse avsnitta har forsøkt å stadfeste eller avvise følgjande hypotese: *Etikk har vore forsøkt institusjonalisert inn i forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland (H2).*

Ut i frå denne utgreiinga kan ein heilt klårt sjå omtalen av etikk som eit forsøk på institusjonalisering, og dermed stadfeste hypotese H2. Dette er sidan innovasjonsfasa gav klare indikasjonar på at etikk byrja å ta ei meir formalisert form, gjennom nokre få, men gjentekne diskusjonar. Likevel vart ikkje ideen eller normen om etikk i særleg grad implementert her, utanom i opprettinga av det mindre Miljøfondet. Spreiingsfasa kunne vidare sjåast som ei tydeligare stadfesting av at institusjonaliseringa fann stad, med ei markant auke i omtalen av etikk-omgrepet. Her var diskusjonane både betydelig større, tilrådande og meir omfangsrike. Framdrifta kunne likevel kjenneteiknast som nokså låg. Dette skuldast ei rekkje hinder for spreining, slik som høg kompleksitet og få relative fordelar. Det skuldast også at ein hadde ei nokså aktiv samhandling kring det politikkinnhaldet som ein fremja, i form av subjektive relasjonar mellom regjering og NBIM. Avslutningsvis kunne ein identifisere ei meir omfangsrik, tilrådande og hurtigare spreining av etikk i periode 3. Her var forvaltningsorgana utelukkande positive, noko som spreia lærdom og idear om ei meir etisk dreining på fondet ytterligare og raskare. Ut i frå omgrepet “modus” kunne ein likevel sjå slike eksplisitte omtaler og behov for nytt politikkinnhald som episodisk, og eit bidrag til ein viss ustabilitet i prosessen. Sidan ein likevel klårt ser regelmessigheita i omtalen, den stadige gjensidige gyldiggjeringa av normen, i form av tiltakande positive diskusjonar, samt det konkrete politikkinnhaldet det resulterte i, kan ein derfor stadfeste hypotese H2.

6.4 Aktør og struktur

Den kommande utgreiinga forsøker å stadfeste eller avkrefte den tredje og den fjerde hypotesa: *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følge av støtte frå aktørar i institusjonen (H3), og, Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følge av støtte frå strukturar i institusjonen (H4).*

Desse hypotesene impliserer dermed at ein kan identifisere nokre klare aktør- og strukturforklaringar i prosessen. I teorikapittelet vart dette sett som eit svar på korleis etikk har blitt tilført fondet, som går vidare enn ei stadfesting eller avkrefting av at prosessen har funne stad, slik dei forrige avsnitta forsøkte å avklare. Det var også motivert av ei mogleg svar på institusjonell teori si antaking om at ein kan finne klare forklaringar på korleis

institusjonar dannast og oppretthaldast, basert på trekk ved strukturane og aktørane. Sentralt i aktør- og strukturforklaringar i den historisk-institusjonelle tilnærminga er at desse følgjer graden av konflikt, eller fråvær av konflikt i institusjonen.

Slik ein kan sjå frå empirien i det forrige kapittelet bar periode 1 preg av nokså samstemt frårådande haldning til etikk i regjering og NBIM. Det var dermed ein viss konsensus kring at etikk ikkje skulle tilførast fondet i dei to forvaltningsorgana. Unntaket her var nokre tilrådande uttalingar frå andre departement enn det ansvarlege Finansdepartementet, men gjeldande private verksemder og finanssektoren generelt. Vidare fulgte saken om minekonvensjonen, som utløyse ei rekkje diskusjonar og større omtaler i dokumenta. Denne saken kom frå enkeltpersonar i Stortinget og vart spreidd til forvaltninga, og også til den større offentlegheita. Etter denne saken akselererte prosessen raskt, gjennom ei kjede av politiske vedtak: Ein fekk uttreksmekanismen, det folkerettslege rådet, og Graverutvalet, som føreslo ei rekkje konkrete og tungtvegande endringar. Dette vart deretter fulgt opp med vedtak frå regjering og ei implementering av desse endringane. Dette føregjekk også med argumentasjon mot desse endringane, frå NBIM, som sikta til moglege operasjonelle verknadar av tiltaka. På dette tidspunktet skilte dermed argumentasjonane frå regjering og NBIM seg frå kvarandre; både Stoltenberg 1 og Bondevik 2 byrja å innføre nokså tungtvegande etiske avgrensingar på fondet, medan NBIM haldt fram med å kommentere dei operative verknadane av desse tiltaka. Dette skjedde også i aukande grad og med fleire og varierte argumentasjonar. Her kan ein dermed seie at det var manglande konsensus, eller konflikterande ståadar, i fondsforvaltninga. Det mest vesentlege innspelet til ny politikk etter dette kom frå evalueringa i 2008. Denne perioden bar i større grad preg av ei samstemt tilrådande tone kring denne evalueringa. Konsensus og konflikt har dermed variert i denne historia, både innad i regjeringa, mellom regjering og NBIM, men også mot Stortinget. Dette kan også sjåast ut frå aktør- og strukturforklaringar.

6.4.1 Aktør

Ut frå teorikapittelet ville ei aktørforklaring tilseie at etiske omsyn vart forsøkt institusjonalisert som følgje av sentrale aktørar sine strategiske val undervegs i prosessen. Strukturar ville dermed vere nyttige objekt for aktørane. Ut frå ei historisk-institusjonell tilnærming vil aktørar gjere seg gjeldande i konfliktprega fasar av institusjonaliseringsprosessen.

Om ein diskuterer påstanden i H3 kan ein kan hevde at den empiriske framstillinga kan passe ei slik forståing, og at prosessen dermed har skjedd som følgje av støtte frå aktørar,

men også som følge av enkeltvedtak og i viktige enkeltsaker, som var karakteristisk for utgreiinga kring det episodiske moduset. I historieforteljinga kan ein fyrst sjå saken om minekonvensjonen, som førte til ei ekstensiv spreining av politikkinnhald og sprikande haldningar kring etiske investeringspraksisar. Slik ein såg var saken særskilt utløysande og igangsetjande for den vidare spreinga. Dette kan handterast som eit kritisk vegval, eit punktert equilibrium, eller som ein diskontinuitet i historieforteljinga; saken førte til stor merksemd kring fondets moglege brot på internasjonale, folkerettslege forpliktingar, og utløyse ei rekkje reaksjonar, større omtaler, samt agering frå mange aktørar. Denne saka munna ut i fleire konkrete vedtak, slik som uttrekksmekanismen, utnemninga av Graverutvalet, og deretter forslaget om Etikkrådet og etablering av dei etiske retningslinjene. Saken om minekonvensjonen vart då ein diskontinuitet eller ein midlertidig stogg i læringsprosessen; ein kunne ikkje sjå korleis ein kunne halde fram med normen om fondet som ein utelukkande finansiell investor, som følgje av den nye merksemda. Ein skifta “sti”, slik ei forklaring ut frå konseptet om “stiavhengigheit” vil kunne seie.

Saken om minekonvensjonen vart då dreve fram av enkeltaktørar frå Stortinget. Desse handterte etiske avgrensingar på fondet som eit mål i seg sjølv, men med eit lengre “systematisk arbeid” og “gravearbeid” fram mot dette målet. Her nytta ein seg også av forskjellige formelle og offentlege kanalar for å nå fram til denne målsetjinga. Enkelte medlemmar i Finanskomiteen var også viktige aktørar her, då dei jobba fram mot ei “intensivering”, og samstundes påla regjeringa vedtaket om ei ny utgreiing. Dette er då den mest openbare aktørforklaringa på endringa og ustabiliteten til støtte for meir etikk i fondsforvaltninga. Her kan ein seie at innføringa av etikk vart skapt av strategiske aktørar sine medvitne og kalkulerte ageringar, som nytta seg av dei tilgjengelege strukturane i Stortinget og kring regjeringa. Strukturane var dermed nyttige kanalar for aktørane, ut frå ei slik aktørforklaring.

Likevel kan ein også sjå viktige aktørforklaringar som kan ha hindra innføringa av etiske praksisar, og som dermed går i mot hypotesa. Til dømes hadde ein fleire regjeringskonstellasjonar som opererte under denne kritiske fasa. Her var særskilt overgangen frå periode 1 til periode 2 noko som markerte dette, der ein hadde Bondevik 1, Stoltenberg 1 og Bondevik 2 sine regjeringar. Det vart dermed gjennomført avvikling og nedsetting av tre forskjellige konstellasjonar, innanfor få år. I ein slik “intens” periode hadde ein mange aktørar, men også fleire og skiftande politiske leiingar i departementa. Ei aktørforklaring vil tilseie at politikarane på denne tida hadde klare mål, og klare strategiar for å nå desse måla. Kompleksiteten i dei etiske praksisane var også ei sentral grunngeving i desse fyrste åra. Her

kan då manglande motiv for å skulle setje seg inn i dei etiske tiltaka og deira moglege verknadar dermed vere ei ytterligare forklaring på uttalingane til dei ulike regjeringane på denne tida. Grunngevingar som at bruk av eigarrettar i etiske og sosiale spørsmål ville medføre at; “En må da ta stilling til en hel rekke og til dels svært detaljerte spørsmål” (Meld. St. 1 (1997-1998)), er dermed døme på dette. At avvisinga og argument om kompleksitet skuldast ein nokså kort tidshorisont (Nielsen 2005b:245), grunna i stortingsval og fleire regjeringssamansetningar, kan dermed vere ei forklaring på desse uttalingane.

NBIM var også ein klår aktør i denne dynamiske perioden. Her fungerte NBIM som ein aktør som i større grad haldt fast på dei etablerte normene i institusjonen, sjølv om dette konflikterte med aktørane på Stortinget, den vidare utgreiinga frå Graverutvalet, samt den tiltakande positive haldninga i regjeringa. Argument som vart motivert av avkasting, risiko og ressursbruk var derfor viktig for å halde på denne overordna målsetjinga. Her var også breva til Finansdepartementet eit viktig medium for å melde i frå om desse ståstadane. For å halde på den dåvrande fondsmodellen, som endå ikkje var avgrensa av etiske omsyn, var desse etablerte kommunikasjonskanalane derfor nyttige objekt for aktørane.

Likevel skjedd det også betydelege vedtak til støtte for etiske omsyn inn mot SPU innanfor denne nokså dynamiske tidsperioden. Stoltenberg 1 omtalte fyrst fondet som ein “finansiell investor” i kommentaren til saken om aksjane i det mineproduserande selskapet. Ein antyda likevel at fondet kunne byrje å trekke seg ut av enkelte selskap som følgje av særskilte forhold eller omstendigheiter. Etter valet i 2001, men før Stoltenberg 1 gjekk av, munna dette ut i ei betydeleg folkerettsleg dreining på fondet. Dette var då motivert av målsetjingar for utanrikspolitikken, samt fondet sitt ry som ein ansvarleg investor i landa ein skulle investere i. Dette moglegheitsvindauget var også noko som Finanskomiteen fulgte opp, med ei “intensivering”, og ei anmoding om utgreiing. Informanten, som uttalte at då vedtaket frå komiteen kom, så “[...] datt jo mekanismene på plass automatisk”, er eit synleg døme på at denne aktive involveringa frå aktørane også var utløysande. Ei aktørforklaring vil då seie at alle desse vedtaka var resultat av medvitne og strategiske avvegingsprosessar.

Til trass for at ein har fleire aktørforklaringar som kan ha hindra innføringa av dei ulike etiske tiltaka, så kan ein likevel hevde at sentrale aktørar nettopp støtta opp under introduksjonen av etiske normer til fondsforvaltninga, slik hypotesa påstår. Dette vert då basert på den utløysande saken om minekonvensjonen, samt dreininga på nokre få månadar frå fondet som ein “finansiell investor” til eit fond bunden av folkerettslege vurderingar, som då vart dreve framover av støtte frå konkrete aktørar. Finanskomiteen si intensivering gjennom dei parlamentariske strukturane var også sentrale i å utnemne Graverutvalet, og dermed også

få etablert Etikkrådet og dei etiske retningslinjene. Likevel var også aktørar bidragsytande til å forhindre etiske tiltak; NBIM var ein aktør som trakk ned framdrifta på denne prosessen, med å gje argument som gjekk mot det nye og konkrete politikkinnhaldet. NBIM nytta også dei kanalane ein hadde tilgjengeleg kring fondforvaltninga til å fremje desse argumenta. Med den klare innverknaden frå aktørane frå Stortinget, Finanskomiteen, og til ein viss grad, innad i regjeringa, så ser ein likevel klare tendensar til å kunne stadfeste hypotese H3. Ein må likevel sjå etter moglege strukturforklaringar før ein kan endeleg stadfeste eller avkrefte denne hypotesa.

6.4.2 Struktur

Skiftet frå ei sterk fråråding til dagens særskilt positive innstilling kan også vurderast ut frå eigenskapar ved dei overordna rammene konseptet “etikk” har operert innanfor i fondsforvaltninga. Ut frå ei historisk-institusjonell tilnærming vil dette gjere seg gjeldande før og etter kritiske tidspunkt i historia, der strukturen i større grad førar og stabiliserar aktørane. Dette vert då ei vurdering av hypotese H4, som seier at prosessen med å tilføre etikk har vorte støtta av desse strukturane.

I dei fyrste åra i den operative fondsforvaltninga kunne ein heilt klart sjå at strukturen verka stabiliserande på institusjonen. I det heile kan denne fyrste fasa seiast å vere sterkt prega av den fondskonstruksjonen ein hadde bygd opp kring forvaltninga av dei norske oljeinntektene, også heilt sidan 70-talet. Forventingane om å skulle forvalte fondsverdiar til framtidige generasjonar, slik ein hadde sett som det overordna målet i frå starten av, kan i seg sjølv sjåast som ei slik strukturell avgrensing av aktørane. Ein hadde målsetjinga om sparing av inntekter frå ein knapp ressurs, som skulle komme framtidige generasjonar til gode, og som dermed skulle setjast av og forvaltast til framtidige budsjettprosessar. Sidan oljeinntektene var av ein slik særskilt karakter vart denne sparinga og knappheita dermed ytterligare framheva og forsterka. Dette var då den rådande tilnærminga i dei fyrste åra av den operative drifta. Slikt kom klart til uttrykk gjennom Stoltenberg 1 si regjering:

“Petroleumsfondet skal forvaltes på en forsvarlig måte, hvor siktemålet er høy avkastning med moderat risiko, for på den måten å bidra til å sikre grunnlaget for framtidig velferd, herunder pensjoner. Dette kan best oppnås ved at fondet opptre som en finansiell investor“ (Meld. St. 2 (2000-2001):108).

Her ser ein at den gjeldande institusjonelle regelen, eller “stien”, frå dei tidlegaste diskusjonane kring oljeinntektene, vart uttrykt. Det at ein la vekt på “å sikre grunnlaget for framtidig velferd” var noko som dermed reflekterte denne buffer-funksjonen som fondet

tidleg vart skissert ut som, og som vart innarbeidd i konstruksjonen av fondet. Dette var også ei delt førestilling mellom regjering og NBIM. Desse var i høg grad samde om at fondet var ein slik “finansiell investor”, noko bidrog til konsensus og stabilitet til institusjonen i den fyrste perioden. Då etikk vart introdusert vart dette oppfatta som noko som kunne vanskeleggjere den finansielle styringa av fondet. Ein hadde ein klår “sti”, og ein fondskonstruksjon ein hadde bygd opp sidan starten av, som då avviste forsøk på tillegge fondet ytterligare omsyn som kunne konkurrere med den stabile, finansielt orienterte institusjonen. Dette hadde såleis ein selektiv effekt på aktørane (Torfing 2005b:173), der dei gjeldande reglane då medierte mellom og stabiliserte aktørane. Informanten stadfesta også dette med å påpeike at etiske retningslinjer vart oppfatta som “umulig” å tilføre, basert på forslaga i Stortinget. Slike uttrykte målsetjingar og gjentekne normer ein hadde kring SPU på denne tida kan då seiast å vere ei strukturell avgrensing av aktørane. Strukturen var her avvisande til etikk, og går i mot hypotesa.

Om ein tek føre seg spreingsfasa kunne denne kjenneteiknast som meir konfliktprega. Ein kan likevel sjå strukturen som førande inn mot denne fasa. Sjølv om ein hadde skiftande regjeringskonstellasjonar, og fleire aktive aktørar kring utforminga av politikkinnhaldet, så var dei formelle strukturane ikring også bindande for kva aktørane kunne føreta seg. Dette ser ein i forsøket på å konkretisere politikkinnhaldet. Aktørane som fremja forslag i Stortinget var avhengig av ein “prosess”, Bondevik 1 sine seinare forslag fekk berre delvis tilslutning i Stortinget, som då vart eit suboptimalt utfall (Torfing 2005b:173), som indikerer at ei oppfyljing av regjeringa sine intenderte målsetjingar ikkje vart fullstendig realisert. Vidare vart også Bondevik 2 pålagd ei utgreiing kring dei etiske retningslinjene av Finanskomiteen i Stortinget. I det heile er slike formelle strukturar i statlege organ, slik som maktfordelinga mellom Stortinget og regjeringa, sterkt bindande for kva aktørane kan føreta seg. Dette kan sjåast som ei avgrensing gjennom allereie eksisterande og sterkt regelbundne institusjonar, som dermed regulerte og avgrensa åtferda til aktørane.

I periode 3, då etiske retningslinjer, Etikkrådet og aktivt eigarskap vart nokså udelt positivt tilslutta av forvaltningsorgana, kan ein gjenfinne noko av den konsensusen ein såg i periode 1. I det heile var den aukande tilrådande haldninga til etikk noko som no var sjølvforsterkande; ein såg stadig fleire fordelar, ein fann stadig nytt politikkinnhald, og ein var særdeles tilsluttande under ei større evaluering, som nettopp skulle fremje normen om bærekraftig utvikling. Mest særprega var likevel at ein no såg etiske praksisar ut frå eit overordna langsiktig perspektiv, som kompatibelt med institusjonen. Etikk komplimenterte, og i stadig større grad, fondet sin lange tidshorisont i handteringa av dei monetære verdiane.

Integreringa var i det heile ei gjensidig gyldiggjering (Torfing 2005b:175), ei læring om at normer om avkasting og etikk no kunne utfylle kvarandre. Såleis var fondet si målsetjing om ei langsiktig forvaltning no kompatibel, og tilretteleggande for etiske praksisar, og dei aktørane som fremja dette. Etikken sin plass i fondsforvaltninga vart til dømes eksplisitt omtalt av NBIM i 2007, slik som i dette utsagnet:

“Den lange tidshorisonen er ett av de fremste kjennetegnene ved SPU [...]. Med en så lang tidshorison, kombinert med bredt plasserte investeringer i markedene, er NBIM som investor eksponert for utviklingstrekk i markedene som mer kortsiktige investorer eller investorer med en mer konsentrert portefølje normalt vil være mindre opptatt av. Dette handler både om hvordan markedene fungerer, og om spørsmål av sosial og miljømessig karakter – det vil si spørsmål som er avgjørende for markedenes fremtidige funksjonalitet og legitimitet, og som ofte sammenfattes under overskriften ”etikk”. På denne bakgrunnen er det naturlig at NBIM bruker sine rettigheter som aksjonær på en måte som inkluderer slike temaer, for nettopp å sikre den langsiktige inntjeningssevnen” (NBIM 2007:40).

Ut frå denne uttalinga var etiske omsyn no langsiktig, som sikra marknadens funksjonalitet, i spørsmål av “sosial og miljømessig karakter” og som komplementerte “den langsiktige inntjeningssevnen” til SPU, til skilnad frå “mer kortsiktige investorer”. Basert på dette kan ein derfor hevde at strukturen også til slutt fremja etikk, sidan ein no kunne implementere dei etiske vedtaka med grunngjevinga om at SPU og etikk hadde slike samanfallande, lange tidshorisonar. I dette tilfellet gjaldt dette å nytte “sine rettigheter som aksjonær” som ein no såg som “naturlig” å knytte opp til sosiale og miljørettslege tema. At etikk var kompatibel og sett i samanheng med denne langsiktige normen kan derimot seiast å ha førekomst i meir subtile og underliggande former, gjennom den stien ein hadde danna, gjenteke og reproduisert frå starten av. Såleis var strukturen kring SPU noko som igjen fremja auka stabilitet, og støtta opp under institusjonaliseringa av etikken.

6.4.3 Oppsummering aktør og struktur

Desse avsnitta har forsøkt å stadfeste eller avkrefte den tredje og den fjerde hypotesa: *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følgje av støtte frå aktørar i institusjonen* (H3), og, *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følgje av støtte frå strukturar i institusjonen* (H4).

Slik ein ser frå dei forrige avsnitta kunne funna langt på veg stadfeste begge påstandane i hypotese H3 og H4, og dermed identifisere tydelege aktør- og strukturforklaringar til støtte for innføringa av etiske praksisar. For å oppsummere aktør- og

strukturforklaringane i denne analysa, og dermed også vurdere hypotesene, kan ein seie at forklaringane kan sjåast som komplimenterande; aktørane var dei som sette endringane i gong, og avløyste det som var ei nokså stabil fase, eller ein determinert “sti” frå fondet si tidlege historie. Aktørforklaringar kan dermed vere skildrande og sjåast som utløysande for dei større endringane som føregjekk over eit relativt kort tidsrom i periode 2. Her gjekk ein frå nokså frårådande haldningar, til innføring av betydelege etiske avgrensingar, på nokre få månadar. Dette kan seiast å vere ei punktering av historia, ei radikal kursendring (Torfing 2005b:173), som dermed markerte eit større avvik frå denne stivhengigheita. Likevel hadde ein også strukturelle bindingar som avgrensa aktørane. Dette kom heilt frå manifesteringa av at oljeinntektene var av ein slik særskilt karakter, som dermed avgrensa forvaltninga i å ta slike ytterligare omsyn inn i styringa. Avgrensinga gjaldt også dei parlamentaristiske strukturane, fyrst gjeldande aktørane i Stortinget, som var avhengige av ein “prosess”, for å få i gjennom etiske retningslinjer. Det gjaldt også aktørane i regjering, som i det heile var bundne av den tidsknappe konteksten ein måtte navigere innanfor, med mange og skiftande regjeringsskonnstellasjonar, og då også mange strukturelle avgrensingar. Strukturen var likevel viktig for å legge til rette for meir etisk politikkinnhald, og var underliggande i mange av dei uttalingane som verka stabiliserande i forvaltningsorgana. I periode 3 kom strukturen endå meir synleg fram. Her inkluderte ein etiske omsyn som ein del av den avgjerande “stien”, som del av den langsiktige fondskonstruksjonen, eller den delte førestillinga om korleis fondet skulle framstå.

Slik som i ei historisk-institusjonell tilnærming kan denne historia også seiast å ha opphav i både aktør- og strukturforklaringar. Dette er dermed noko som gjer til at ein kan seie at både strukturen og aktørane var innverkande, men då på forskjellige tidspunkt i historieforteljinga, med ulik innverknad på konsensusen og konfliktene, og ut frå ulike variasjonar i direkte og meir subtile, indirekte prosessar. Det har likevel resultert i eitt felles utfall. Ein kan dermed seie at det føregjekk i eit samspel (Torfing 2005b:165), der dei gjeldande etiske normene har vorte resultatet av denne dynamiske samhandlinga. Sidan både struktur og aktør kan seiast å forklare korleis etikk vart forsøkt institusjonalisert, så må ein dermed avvise begge hypoteser, og formulere ei ny, alternativ hypotese: *Institusjonaliseringa av etikk i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland har skjedd som følge av støtte frå samspelet mellom aktørar og strukturar i institusjonen* (H6).

6.5 Deinstitutionisering av etikk i Statens pensjonsfond utland

Denne delen vurderer den femte og siste hypotesa, som er formulert som følgjande: *Etikk har vore forsøkt deinstitusjonalisert ut av forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland (H5).*

I teorikapittelet vart deinstitusjonalisering definert som prosessen der ein praksis vert forsøkt svekkja, eller at det oppstår ei gradvis usemje kring praksisen sin posisjon. Den første fasa prega av ein viss stabilitet vil dermed bli fulgt av meir ustabilitet, og då med innverknad på adapteringa. I følgje Dacin og Dacin (2008) Oliver (1992) kunne deinstitusjonaliseringa fyrst manifestere seg i form av eit sosialt, funksjonelt eller politisk press.

I empirien frå det forrige kapittelet kom det fram funn som kunne indikere ei viss redusert oppslutning, og dermed ei mogleg svekking av etikk. Dette vart då sett ut i frå den siste tida si utvikling, om ein føl den lineære prosessen frå institusjonaliseringskurva. Om ein tek for seg antal dokument frå periode 4 kunne ein til dømes sjå at veksten i dokument publisert om etikk og SPU stagnerte i periode 4. Dette skjedde samtidig som at den generelle dokumentasjonen kring fondet gjekk kraftig opp. Samstundes varierte også den indirekte og den direkte omtalen (jf. figur 5.2). Omtalen var også mindre i kvart dokument i siste periode. Sjølv om nedgangen ikkje var spesielt stor, er den likevel synleg (jf. figur 5.3). Til slutt kunne ein også identifisere nokre få, men frårådande haldningar (jf. figur 5.4). Stagneringa i antal dokument, mindre omtale retta direkte mot fondet samt færre tilrådande haldningar kan dermed vere ein indikasjon på mindre oppslutning kring etikk; etiske verkemiddel kan ha blitt ansett som mindre viktig, noko ein ynskjer mindre merksemd kring, eller noko som byrjar å miste oppslutning. Grad av deinstitusjonalisering kan vurderast ut frå press på praksisen.

Slik ein ser frå hovudfunna så kunne ikkje datainnsamlinga identifisere klare frårådande haldningar til etikk i siste periode, med verken funksjonelle, sosiale eller politiske grunngevingar. Unntaket var enkelte uttalingar frå Utanriksdepartementet, samt dei funksjonelle forslaga frå Solberg-regjeringa, som ikkje vart vedteke i si fullstendige form på Stortinget. Sjølv om sistnemnte forslag gav auka merksemd og auka omtale innad i fondsforvaltninga, i form av meir direkte omtaler og fleire dokument då meldinga kom ut i 2014, så kan ein sjå at omtalen i stor grad var nøytral og tilrådande. Ein kan dermed seie at graden av slikt negativt press på etikk som undersøkinga såg etter var minimalt desse siste åra. Om ein føl den lineære tilnærminga til institusjonaliseringskurva kan ein dermed seie at det ikkje har funne stad tydelege forsøk på deinstitusjonalisering, der deinstitusjonalisering vert forstått som eit visst negativt press på praksisen. Antakelsen om at mindre merksemd kring etikk har vore grunna i forsøk på å flytte etikk ut av den etablerte institusjonen er dermed ikkje noko som kan gjenfinnast i datamaterialet. Tendensane i den siste fasa tyder

derimot på det motsette; etikk har vorte meir integrert inn i fondsforvaltninga. Dette kan ein basere på fleire observasjonar frå desse siste åra.

Fyrst kan ein seie at ein har oppnådd ein viss stabilitet ut frå fråværet av press; Med unntaket av Strategirådet sin rapport, og Solberg-regjeringa si oppfølging av denne, har det vore fremja lite nytt politikkinnhald i siste periode. Dette indikerer dermed ei nokså klår tilslutning til dei etiske praksisane, slik dei er utforma i dag. Dette kan også tilsvare Oliver (1992:566) si påpeiking av treghet som ei moderering av prosessen. Med lite, nye forslag kan ein derfor antyde at prosessen har sakka ned frå den forrige perioden si hurtigare spreining og implementering. For det andre ser ein at omfanget i omtalen av etikk har gått ned dei siste åra. Dette ser ein i figur 5.1, som viser at dette har føregått samtidig med at den totale dokumentasjonen har auka nokså sterkt kring fondet. Den spesifikke omtalen av etikk har då gått ned, og utgjort endå mindre av denne totale dokumentasjonen. Uttrykket “etikk” kan dermed sjåast som nokså integrert inn i omgrepsapparatet, om ein vurderar dette ut frå kor mykje det kjem fram frå den totale dokumentasjonen kring fondet. Samtidig som at dei etiske praksisane er nokså uforandra, så vert “etikk” dermed gradvis mindre omtalt, noko som kan indikere at det vert teke meir for gitt i institusjonen. For det tredje kunne ein sjå frå periode 3 at den omfattande evalueringa i fondsforvaltninga i stor grad var bidragsytande til ein samla konsensus kring etikk i fondsforvaltninga. Denne konsensusen, eller fråværet av konflikt, er til dømes synleg i dei nøytrale og tilrådande haldningane som etterfølgde evalueringa (jf. figur 5.4). Denne auka konsensusen, og derfor også oppslutninga som evalueringa gav i periode 3, er noko ein kan sjå vart vidareført inn i periode 4. Dette skjer også i tiltakande grad, om ein ser det ut frå ein meir tilrådande og nøytral tone dokumenta. Dette tydeleggjer også den læringsprosessen kring etikk som denne evalueringa fremja; ein såg etter strategiar som kunne fremje etiske praksisar, som då vart udelt positivt motteke av forvaltningsorgana. For det fjerde kan ein sjå denne stabiliteten i sjølve uttalingane. Her var ein oppteken av ei “trygg forvaltning” (Statsministerens kontor 2013:25), som indikerer fokus på kontinuitet og regelmessigheit, og utan forventa eller føreståande radikale skifter i forvaltninga. Dette kan tilsvare Oliver (1992:566) si påpeiking om forutsigbarhet som ei moderering av ei mogleg deinstitusjonalisering. Dette kan også vere ei signalisering om eit påbyrja “status quo”, som representerer ein større stillestand i prosessen. I tillegg fekk ein også nokre mindre endringar, men som også representerte ytterligere etiske avgrensingar, slik som utelukking av selskap knytt til kolproduksjon frå 2016. Ei tilslutning til ytterligere etiske avgrensingar gjaldt også i NBIM, som allereie var godt i gong med utsal frå kolproduserande selskap, også før vedtaket trådte i kraft. Hovudmomentet var å vere ein “ansvarlig eier” med forventningar til

verksamheitene om å vere “etisk akseptable” (NBIM 2015b:9). Avslutningsvis omtalte regjeringa også at; “Hensyn til styring av selskaper, miljø og samfunnsforhold er integrert i forvaltningen” (Meld. St. 23 (2015-2016):64), noko som gjev ei klår manifestering av ei slik rutinisering av praksisen.

Til slutt kan ein sjå den tiltakande stabiliteten som eit klårt uttrykk for eit systemisk modus, som svarar til Lawrence, Winn og Jennings (2001) sitt konsept om stabilitet. Med eit klårt mindre omfang i politikkinnhaldet, ein mindre andel dokument, eit mindre omfang i diskusjonen i dokumenta, ein meir indirekte omtale i diskusjonen av “etikk”, indikasjonar på tregheit og forutsigbarhet samt eit nesten utelukkande fråvær av negativt press, kan ein seie at etikk no vart handtert som ein klårare integrert del av fondsforvaltninga. Oppfatninga om eit slikt systembasert modus som bidragsytande til høg stabilitet er dermed noko ein både kan observere og stadfeste. Ein kan likevel sjå at det framleis er noko aktivitet og utforming av nytt politikkinnhald kring etikk i fondsforvaltninga, slik som Strategirådet og dei siste endringane i retningslinjene manifesterte. Om ein følgjer antakelsen om at institusjonar og politisk handling er gjensidig utelukkande, fordi regelen har vorte fullstendig sedimentert og rutinisert (Torfing 2005b:169), kan ein dermed ikkje seie at det har skjedd ei full institusjonalisering av “etikk” som ein norm eller regel i SPU. Dette er også gjeldande om ein ser ei fullstendig institusjonalisering som ei oppretthalding av stabilitet over lengre tid, slik teorikapittelet greia ut om. Sidan desse siste åra ikkje representerar ein særskilt lang tidsperiode, samt at dette har føregått nært i tid, kan ein dermed vanskeleg sjå at dette representerer ei full institusjonalisering, slik ei nemning om “sedimentering” vil tilseie. Som følgje av manglande og tydelege indikasjonar på deininstitusjonalisering vert hypotese H5 likevel avkrefta.

6.6 Oppsummering av analysa

Dette kapittelet har forsøkt å forklare variasjonar i etikk-omtalen i fondsforvaltninga som undersøkinga har avdekkja, ut frå ei overordna ny-institusjonell tilnærming. Inndelinga i fire tidsperiodar har tydeleggjort at prosessen har fulgt ei nokså langtekkelig, men også vellukka adaptering; Etikk vart fyrst avvist, men så introdusert til fondsforvaltninga i periode 1, deretter spreidd, vidt diskutert og implementert i periode 2 og 3, og til slutt i stor grad stabilisert og mindre omtalt i periode 4. Ein kan derfor konkludere med at integreringa av etikk i Statens pensjonsfond utland har vore ein omstendeleg, men også ein nokså suksessfull endringsprosess. Omstendeleg, sidan det ein kan sjå som store endringar i dag har vorte utført gjennom mange vedtak, utgreiingar og prosessar, samt involvering av mange organ og

aktørar, og då over mange år. Endringsprosessen har også vore suksessfull, sidan adaptasjonen har skjedd som ei betydeleg haldningsendring innad i forvaltninga, frå ei avvising til ei nokså full tilslutning. Skilnaden mellom dei tidlegaste og dei siste uttalingane kring etikk er dermed noko som tydeleggjør denne kontrasten. For å utdjupe dette, samt oppsummere analysa i sin heilskap, kan ein nytte den historisk-institusjonelle tilnærminga sitt konsept om ei langsgåande tilnærming, samt uttrykket “institusjonell kontekst”. Dette for å seie noko om særtrekka ved denne prosessen.

6.6.1 Langsgåande tilnærming

Ut frå eit historisk-institusjonelt perspektiv kan ein forstå prosessen i sin heilskap som ei nokså saktegåande tilnærming, avbrote av eitt kritisk vegval, på eit avgjerande tidspunkt (Nielsen 2005b:238). Slik som teorikapittelet nemnte kan saktegåande tilnærmingar skuldast kjenneteikn ved politiske institusjonar sjølv. Ein har ei høg tettleik av andre institusjonar, sakene har gjerne stor kompleksitet og ein vedtek politikk ut frå omsyn til kollektivet (Pierson 1998, referert i Nielsen 2005b:245). At ein allereie hadde rutiniserte omgjevnadar, i form av ei høg tettleik av andre institusjonar, kan gjenfinnast i dei fleste av diskusjonane frå dei ulike tidsperiodane. Dette kan ein sjå ut frå ei allereie stabil og regelbunden fondsforvaltning, samt kring Stortinget og i regjering. Dette vart også sett som ein faktor som sette ned farta på spreinga. Aktørane som var avhengig av ein “prosess”, samt Bondevik 1 sine tiltak som ikkje vart vedteke i sin heilskap i Stortinget, er berre nokre døme på ei slik regelbunden avgrensing kring aktørane. Vidare er slike prosessar saktegåande i offentlege organ fordi ein gjerne handterer saker med stor kompleksitet. Kompleksiteten i å innføre etiske omsyn har vore eit gjennomgåande trekk ved heile denne prosessen. Her var vanskar med å operasjonalisere etikk eit viktig argument mot dei etiske praksisane, og då særskilt dei etiske retningslinjene. Til slutt vil slike politiske institusjonar vere saktegåande fordi ein vedtek politikkinnhald på vegne av kollektivet. Dette alvorret var synleg allereie dei fyrste åra, då ein vurderte oljeinntektene ut frå; “[...] de mulighetene den gir og de problemer virksomheten kan skape” (Meld. St. 25 (1973-1974):5). Dette er også synleg frå den siste tida, der NBIM har framheva at: “For oss handler det om å forvalte folkets finansielle verdier på en ansvarlig og god måte“ (NBIM 2015b:11). Innføringa kan dermed sjåast som saktegåande fordi ein har vore svært medviten på dei bindande implikasjonane som politikkinnhaldet ville medføre. Dette var også noko som kan seiast å ha forlenga institusjonaliseringa av dei etiske praksisane.

Til slutt vil også langtekkelege adapteringar forsterkast om dei nye normane konflikterer med dei gjenlevande (Nielsen 2005b:244). Dette inneberer å seie at prosessen har føregått over lang tid, fordi ein gradvis har avløyst gamle normer med dei nye. Dette er også særskilt kjenneteiknande, ettersom ein nokså hyppig har kontrastert normen om ein utelukkande finansiell investor opp mot introduseringa av dei etiske praksisane. Konseptet om ei langsgåande tilnærming, og den saktegåande prosessen som dette uttrykket impliserer, er i seg sjølv ei stadfesting av at “det er vanskelig men ikke umuligt at skifte sti” (Nielsen 2005b:244). Sjølv om ein hadde desse etablerte, dominerande normene om utelukkande finansiell styring då etikk vart introdusert, så vart det “[...] til syvende og sist ikke det avgjørende”, slik informanten uttalte. Denne stien vart då avbrote på eitt viktig tidspunkt, der forvaltninga vart konfrontert med sine grunnleggjande målsetjingar med den operative drifta. Dette vart også forsterka av omstendigheiter utanfor fondsforvaltninga, slik som fredsprisen, signeringa av FN sin landminekonvensjon, opposisjonen på Stortinget, samt den auka merksemda i den øvrige offentlegheita. Dette gjorde til at ein uttalte at; “Slike eksempler viser at det er nødvendig å sette ytterligere etiske rammer for Petroleumsfondets virksomhet” (Meld. St. 2 (2000-2001):112). At ei slik saktegåande tilnærming har vore gjeldande, gjennom konflikterande, avløysande normer, avbrutt av eit kritisk vegval, og grunna i særtrakk ved den offentlege forvaltninga av SPU sjølv, er derfor nokså kjenneteiknande for denne prosessen.

6.6.2 Institusjonell kontekst

Konseptet om ein “institusjonell kontekst” er nyttig for å framheve at endringane ikkje føregjekk i eit institusjonelt tomrom (Torfing 2005b:173), isolert frå tidlegare og samtidige reglar, rutiner og hendingar. Dette er noko analysa allereie har vore innom; at integreringa av “etikk” som ein del av SPU som institusjon har vore sterkt prega av den rådande institusjonelle konteksten som var gjeldande før og undervegs medan etikk vart tilført institusjonen. Dette kan derimot også vere ei forklaring på ei siste utvikling som denne analysa endå ikkje har vore innom; den siste fasa sitt særskilte utadretta og internasjonale preg på SPU.

Dei tidlege politikaane som handterte og diskuterte dei veksande oljeinntektene var fyrst oppteken av å spare inntektene til framtidige generasjonar. Dette var dermed den konteksten fondsforvaltninga “arva” frå dei tidlegaste diskusjonane. Slik som ein ser frå omtalen i dag vert nettopp etiske retningslinjer, Etikkrådet og ansvarlege eigarskapsutøvingar grunngeve som langsiktige strategiar. Her er det langsiktige perspektivet på SPU noko som

til slutt også fremja “etikk”, som i dag har vorte konkretisert til klårt politikkinnhald og operasjonaliserte investeringspraksisar. Såleis kan dette også forklare fondet sitt noverande trendsetjande og internasjonale preg; den institusjonelle konteksten SPU vart forma innanfor fremja til slutt det ein no ser som eit unikt fond, i verdssamanheng, ført fram av underliggande normer og forventningar som til slutt munna ut i eksplisitte og uttrykte anarkjenningar. Ein kan såleis seie at den unike plasseringa fondet no har fått innanfor gruppa av etablerte, monetære investorartypar i høg grad skuldast eigenskapar ved SPU sjølv. I møte med ein knapp ressurs var dei tidlegaste diskusjonane prega av å skulle handtere særskilte inntekter, noko som utløyste ideen om sparing til framtidige generasjonar, og som ein gjenkjenner i dag som eit omsyn til fondets langsiktige finansielle og ikkje-finansielle verknadar. Dette tilseier at konteksten kring fondsforvaltninga sjølv har vore ein viktig fremjar av etiske investeringspraksisar. Ei slik endogen forklaring på institusjonell endring (Mahoney og Thelen 2010:3), der ein ser at institusjonen har innverka begge veger, er dermed noko som også kan seiast å ha prega denne historia. Såleis er SPU unikt, målt i pengeverdiar, men også i bruken av etiske praksisar, fordi ein har reprodusert reglar og normer innanfor sine egne institusjonelle og kontekstuelle rammer. Ein kan derfor konkludere SPU si langtekkelege institusjonalisering av etikk med ei påpeiking av at “institutioner dannes ikke ud af ingenting” (Torfing 2005b:173).

7.0 Konklusjon

7.1 Innleiing

Denne oppgåva har vore eit forsøk på foreining og forståing av framveksten av eitt særskilt interessant samfunnsfenomen, innanfor eit anna særskilt unikt tilfelle: Etikk, som ein samla betegnelse på kontroversielle, men stadig meir utbreidde sosiale investeringsaktivitetar, og Statens pensjonsfond utland, som eit enormt, statleg investeringsinstrument, med ei langtekkeleg og skiftande haldning til slike etiske investeringsaktivitetar. Dette temaet har vore interessant og relevant av fleire grunnar. For det fyrste, sidan utviklinga av SPU, og den generelle utviklinga av etiske investeringspraksisar, har hatt mange og samanfallande tendensar. Dei tidlege aktivitetane ein kunne identifisere som etiske investeringar bar til dømes sterkt preg av normative vurderingar, både frå investorane sjølve, men også frå fleire og ulike fagdisiplinar. I og i kring SPU var også ei slik normativ vurdering av etiske praksisar svært synleg. Dette kom mellom anna fram i uttalingar om korleis fondet “burde” framstå, i diskusjonar av ulike investeringsstrategiar. Denne underliggende normative dimensjonen kan ein også gjenkjenne i dei etiske retningslinjene som fondet opererer med i dag, som inneheld fleire og klåre referansar til dei tidlege moralske og religiøst-motiverte investorane. Det andre likskapstrekket ein kan sjå er den framandgjeringinga som etikken fyrst møtte, både innad i SPU, men også blant dei fyrste vurderingane av etiske investorar. Frå ei tidleg vurdering frå eit “shareholder”-perspektiv kunne ein til dømes sjå etikken som ei ytre hindring mot investoranes søken etter avkastning, og marknaden skulle derfor vere fri frå slike verdiladde vurderingar. I SPU gjorde dette seg gjeldande med uttalingar om at slike omsyn best kunne handterast utanfor fondet, slik som i “miljøpolitikken” og “bistandspolitikken”, samt påpeikinga av at ein ikkje hadde kompetanse på desse felt innad i forvaltninga på denne tida. Etikk var derfor tydleg sett som utanfor ansvarsområdet til den finansielle forvaltninga, i begge tilfeller. Til slutt kan ein sjå likskapen i veksten og spreinga av etisk, finansiell forvaltning. Både noverande investeringspraksisar og SPU sine aktivitetar har enda i ei høg profesjonalisering og marknadsggjering av slike etiske vurderingar. Aktivitetar som aktiv eigarskapsutøving, med forventningar til selskapa ein er aksjonær i, samt “screening” og “best-in-class”, er berre nokre av dei omgrepa og høgt operasjonaliserte uttrykka ein kan gjenfinne begge stadar.

Om ein ser på denne oppgåva sine konklusjonar kunne analysa slutte at etiske omsyn har innteke ei nokså stabil form i fondsforvaltninga, men at det framleis ikkje fullstendig integrert, eller teke for gitt, slik ei institusjonell forklaring vil tilseie. Dette kan fyrst og fremst

grunnast i det korte tidsrommet som denne stabiliseringa har fått verke innanfor. Det kan også grunnast i at forvaltninga framleis aktivt diskuterer dei etiske omsyna sitt funksjonelle innhald og plassering. Ein kan også sjå dette utanfor fondsforvaltninga, der fondet si noverande etiske innretning endå skapar diskusjonar og merksemd. Dette viser til dømes demonstrasjonane til støtte for eit uavhengig Etikkråd i 2014 (Senel [NRK] 2014), reaksjonane knytt til fondet sine aksjar i den omstridte “Dakota Access Pipeline” i 2016 (Larsen [NRK] 2016), og den elles kontinuerlege merksemda kring fondet sitt moglege økonomiske tap, som følgje av etiske restriksjonar på investeringsuniverset (NTB [Aftenposten] 2014; NTB [Aftenposten] 2016). Ein kan likevel sjå sterke antydningar til at etikk vert teke for gitt, fyrst og fremst i ei nedadgåande omtale dei siste åra, som tilseier at etiske omsyn også vert meir implisitt handtert av forvaltningsorgana. Ein kan også sjå det i haldningane, som nesten utelukkande går i retning av å vere nøytrale eller tilrådande i diskusjonane. Til slutt kan ein sjå det i forvaltninga sine noverande karakterstikkar på fondet i sin heilskap. Her er ord som “bærekraftig”, “langsiktig” og “ansvarlig” nettopp regelen, meir enn unntaket.

7.2 Oppgåvas bidrag

Oppgåva sitt bidrag kan oppsummerast empirisk, metodisk og teoretisk. Empirisk kan ein seie at oppgåva skil seg frå eit instrumentelt perspektiv gjennom tydleggjinga av at prosessen, og dermed også preferansane for etikk, har variert. Preferansane har dermed vorte handtert som ein gradvis sosial konstruksjon, og då det som har variert i fondsforvaltninga i denne undersøkinga. Såleis er denne “meta-preferinga” noko som tydleggjer at grunnlaget for etikk og profitt ikkje er konstante storleikar. Til slutt kan ein også nemne verdien av å sjå på eit nasjonalt investeringsfond, då enkelte på dette feltet har etterlyst undersøkingar av effekten av slike fond. Eitt forsøk har vorte gjort her; gjennom eit institusjonelt perspektiv kan effekten sjåast som at ein innovasjon har vorte gradvis reprodusert, lært og innteke ei regelliknande form, over eit lengre tidsrom, og med klåre implikasjonar på fondet si noverande forvaltning og aktivitetar.

Frå ein metodisk ståstad har denne oppgåva vist at etikk ikkje nødvendigvis treng å handterast ut frå prestasjonen til etiske investeringar. Omtaler som har tilrådd etiske praksisar i kritiske faser har vorte lite grunngjeve ut frå motivasjonar til auka finansiell prestasjon, og dermed som ei strategisk søken etter avkasting. Det har heller vore det motsette: Gjentekne motargument om potensielt mindre profitt har likevel gjeve rom for fleire og stadig større etiske avgrensingar på porteføljen. Ei økonomisk-deterministisk tilnærming ville derfor ikkje

kunne forklart denne framveksten, slik også Lewis og Cullis (1995:406) konkluderer med i sin artikkel.

Til slutt kan ein sjå på det teoretiske bidraget. Her har oppgåva har teke utgangspunkt i ny-institusjonell teori, som har vist at institusjonen har innverka begge veger. Her har den gjeldande institusjonen, i form av SPU, både vore det som forklarte og som har vorte forklart, i denne historia. Ei slik endogen forståing av institusjonell endring er dermed noko som framhever at preferansane for etikk ikkje har vorte føretrukke i eit “tomrom”, uavhengig av tidlegare og noverande reglar og normer.

7.3 Vidare utvikling

Eurosif sin siste rapport frå 2016 gjev ein viktig indikasjon på etiske omsyn sin noverande og potensielle framtidige status på den europeiske finansmarknaden. Observasjonane her kjem frå europeiske investorar sine eigne uttalingar av kva som vurderast til å vere framtidige hindringar eller fremjarar av etiske investeringspraksisar. Den største hindringa for vekst er i følge rapporten bekymring for etikkens negative innverknad på avkastinga (Eurosif 2016:54). Dette kan dermed avhenge av eit instrumentelt perspektiv, der ein undersøker slike strategiar sine potensielle lønsame moglegheiter. Det kan også avhenge av større, overordna studiar, såkalla metaanalyser, slik som også Eccles (2011:25) etterlyser. Dette er særskilt sidan feltet kring det instrumentelle perspektivet er prega av slike sprikande indikasjonar. Samstundes viser også rapporten til Eurosif at den fremste veksten i etiske investeringspraksisar er forventa å verte utløyst av etterspurnad frå dei største etablerte investorane i Europa (Eurosif 2016:54), og då at desse kan drive etterspurnaden etter etiske investeringsobjekt framover. Sidan gruppa av store etablerte investorar er noko som også omfattar det norske SPU, så kan denne oppgåva sine konklusjonar om at fondet har hatt ei nokså ekstensiv spreining, og deretter ei nokså klår stabilisering av etiske omsyn, sjåast som eit svar til den etterspurnaden Eurosif sjølv etterlyser blant europeiske, institusjonelle investorar i rapporten.

7.4 Framtidig forskning

I tilfelle med Statens pensjonsfond utland kunne ytterligare undersøkingar inkludert ikkje-statlege aktørar si rolle i forvaltninga av fondet. Som det vart nemnt i introduksjonen var interesseorganisasjonar heilt sentrale i den kritiske innovasjonsfasa i fondsforvaltninga si historie. Det same gjeld internasjonale forum og nettverk, som har vore nemnt fleire gonger i dei undersøkte dokumenta. Såleis representerer desse ikkje-statlege aktørane, og dermed eit

meir eksternt og utadretta perspektiv på fondsforvaltninga, eit nokså utforska moment i denne oppgåva.

Når det gjeld investorar meir generelt, kunne ei større undersøking sett vidare på forhold som denne oppgåva berre har vore kort innom; institusjonelle trekk ved investorar som gjer dei særskilt passande eller upassande til å trekkje inn etiske omsyn i investeringar. Ei komparativ undersøking, av til dømes statlege versus ikkje-statlege investorar, kunne ha avdekkja slike interessante skilnadar. Sidan denne oppgåva konkluderte med at integreringa fann stad som ein særskilt saktegåande prosess, skuldande eigenskapar ved SPU sjølv, kunne ei slik komparativ undersøking avdekkja det statlege eigarskapet sin innverknad på denne prosessen, meir inngående. Til slutt kunne ein også undersøkt meir finansielle investorar opp mot meir etisk-orienterte investorar. Her kunne ein intervjuteknikk ha avdekkja korleis desse har tileigna seg ulike strategiar, men også korleis desse uttrykkjer sine rolleforståingar (Lewis og Cullis 1990:408). Ei slik undersøking kunne derfor avdekkja interessante skilnadar mellom desse investortypene, og korleis dei sjølve tilnærmar seg sine preferansar. I det heile representerer den komparative metoden ein særskilt fruktbar inngang til vidare kunnskap kring denne omdiskuterte, men stadig større førekomsten av etikk på finansmarknaden.

Kjelder

- Backer, L. C. (2009) "Sovereign Wealth Funds as Regulatory Chameleons: The Norwegian Sovereign Wealth Funds and Public Global Governance Through Private Global Investment" i *Georgetown Journal of International Law* (2009) Vol. 41, No. 2 (s. 101-192)
- Baker, H. K. og Nofsinger, J. R. (red.) (2012) *Socially Responsible Finance and Investing. Financial Institutions, Corporations, Investors, and Activists*. New Jersey: John Wiley and Sons, Inc
- Black, J., Hashimzade, N. og Myles, G. (2012) *Oxford Dictionary of Economics*. 4. utgåve (1997). Oxford: Oxford University Press
- Blackburn, J., DelVecchio, B., Fox, I., Gatenio, C., Khayum, O. og Wolfson, D. (2008) "Sovereign Wealth Funds. Do Sovereign Wealth Funds Best Serve the Interests of their Respective Citizens?" [Researchpaper] University of Chicago, Graduate School of Business
- Boulding, K. E. (1969) "Economics As A Moral Science" i *The American Economic Review* (1969) Vol. 59, No. 1 (s. 1-12)

- Bremmer, I. [Foreign Affairs] (2009) "State Capitalism comes of age" [Internett]. Henta 10.04.17 frå <https://www.foreignaffairs.com/articles/united-states/2009-05-01/state-capitalism-comes-age>
- Budde, S. J. (2008) *Compelling Returns. A Practical Guide to Socially Responsible Investing*. Hoboken, New Jersey: John Wiley and Sons, Inc.
- Budsjett-innst. S. 2 (2000-2001). *Innstilling fra finanskomiteen om Revidert nasjonalbudsjett 2001*.
- Budsjett-innst. S. 2 (2001-2002). *Innstilling fra finanskomiteen om Revidert nasjonalbudsjett 2002*.
- China Investment Corporation (2015) "Annual Report" [Internett]. Henta 25.08.16 frå <http://www.china-inv.cn/wps/wcm/connect/62e332fc-8ddd-4eb9-b21c-b5cc3585e82a/CICAnnualReport2015.pdf?MOD=AJPERES&CACHEID=62e332fc-8ddd-4eb9-b21c-b5cc3585e82a>
- Cowton, C. J. (1998) "The Use of Secondary Data in Business Ethics Research" i *Journal of Business Ethics* (1998) Vol. 17, No. 4 (s. 423-434)
- Cowton, C. J. (1999a) "Accounting and Financial Ethics: From Margin to Mainstream?" i *Business Ethics: A European Review* (1999) Vol. 8, No. 2 (s. 99-107)
- Cowton (1999b) "Playing by the Rules: Ethical criteria at an Ethical Investment Fund" i *Business Ethics: A European Review* (1999) Vol. 8, No. 1 (s. 60-69)
- Cowton, C. J. og Haase, M. (2008) *Trends in Business and Economic Ethics*. Berlin: Springer
- Dacin, T. M. og Dacin, P. A. (2008) "Traditions as Institutionalized Practice: Implications for Deinstitutionalization" i R. Greenwood, C. Oliver, K. Sahlin og R. Suddaby (red.) (2008) *The SAGE Handbook of Organizational Institutionalism*. London: Sage Publications (s. 327-350)
- Donaldson, T. og Preston, L. E. (1995) "The Stakeholder Theory of the Corporation: Concepts, Evidence, and Implications" i *the Academy of Management Review* (1995) Vol. 20, No. 1 (s. 65-91)
- Eccles, N. (2011) "New Values in Responsible Investment". I W. Vandekerckhove, J. Leys, K. Alm, B. Scholtens, S. Signori, H. Schäfer (red.) (2011) "Responsible Investment in Times of Turmoil", *Issues in Business Ethics*. Vol. 31. Dordrecht/Heidelberg/London/New York: Springer (s. 19-34)
- Eurosif (2016) "European SRI Study 2016" [Internett]. Henta 02.02.17 frå <http://www.eurosif.org/wp-content/uploads/2016/11/SRI-study-2016-HR.pdf>

- Finansdepartementet (2011) "The Norwegian Government Pension Fund Global's adherence with the Santiago principles" [Internett]. Henta 04.08.16 frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/brosjyre/2011/gapsurvey_global.pdf
- Gerring, J. (2007) *Case Study Research: Principles and Practices*. New York: Cambridge University Press
- Grønmo, S. (2004) *Samfunnsvitenskapelige Metoder*. 4. opplag. Bergen: Fagbokforlaget
- Hall, P. A. og Taylor, R. C. R. (1996) "Political Science and the Three New Institutionalisms" i *Political Studies* (1996) Vol. 44, No. 5 (s. 936-957)
- Harrison, N. E. og Mikler, J. (2014) *Climate Innovation. Liberal Capitalism and Climate Change*. Hampshire/New York: Palgrave Macmillan
- Hegnar.no (2014) "Tøm Oljefondet og bruk pengene på skattelette" [Internett]. Henta 05.04.17 frå <http://www.hegnar.no/Nyheter/Boers-finans/2014/12/Toem-Oljefondet-og-bruk-pengene-paa-skattelette>
- Hertrich, C. (2013) *Asset Allocation Considerations for Pension Insurance Funds. Theoretical Analysis and Empirical Evidence*. Stuttgart: Springer Gabler
- Hirschman, A. O. (1970) *Exit, Voice, and Loyalty. Responses to Decline in Firms, Organizations, and States*. Cambridge: Harvard University Press
- Hirschman, A. O. (1984) "Against Parsimony: Three Easy Ways of Complicating Some Categories Of Economic Discourse" i *Bulletin of the American Academy of Arts and Sciences* (1984) Vol. 37, No. 8 (s. 11-28)
- Ho, V. H. (2010) "Enlightened Shareholder Value": Corporate Governance Beyond the Shareholder-Stakeholder Divide" i *The Journal of Corporation Law* (2010) Vol. 36, No. 1 (s. 59-112)
- Holden, S. (2016) *Makroøkonomi*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Innst. 200 S. (2013-2014) *Innstilling fra finanskomiteen om forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2013*.
- Jensen, T. Ø. (2010) "Passivisert stat og politisert marked: Utviklingstrekk i marked og styring" i O. J. Madsen og S. A. Andersen (red.) *Markedets Fremtid* (2010). Oslo: Cappelen Akademiske (s. 79-112)
- Jonker, J. og Pennink, B. (2010) *The Essence of Research Methodology. A Concise Guide for Master and PhD Students in Management Science*. London/New York: Springer
- King, G., Keohane, R. O., og Verba, S. (1994) *Designing social inquiry: Scientific inference in qualitative research*. Princeton: Princeton University Press

- Kitzmueller, M. og Shimshack, J. (2012) ”Economic Perspectives on Corporate Social Responsibility” i *Journal of Economic Literature* (2012) Vol. 50, No. 1 (s. 51-84)
- Knill, C. Og Tosun, J. (2012) *Public Policy. A new Introduction*. Hampshire/New York: Palgrave Macmillan
- Kurtz, L. (2008) ”Socially Responsible Investment and Shareholder Activism” i A. Crane, D. Matten, A. McWilliams, J. Moon og D. S. Siegel (red.) *The Oxford Handbook of Corporate Social Responsibility* (2008). Oxford: Oxford University Press (s. 250-277)
- Kurtz, L. (2012) ”Stakeholder Analysis” i J. R. Nofsinger og H. Baker (red.) (2012) *Socially Responsible Finance and Investing: Financial Institutions, Corporations, Investors, and Activists*. New Jersey: John Wiley and Sons, Inc (s. 17-38)
- Larsen, D. R. [NRK] (2016) “SV: -Både DNB og Oljefondet må snarest mulig trekke seg ut av ”Dakota Access Pipeline”” [Internett]. Henta 08.12.16 frå https://www.nrk.no/sapmi/sv_-_bade-dnb-og-oljefondet-ma-snarest-mulig-trekke-seg-ut-av-_dakota-access-pipeline_-1.13205401
- Lawrence, T. B., Winn, M. I. og Jennings, P. D. (2001) “The Temporal Dynamics of Institutionalization” i *The Academy of Management Review* (2001) Vol. 26, No. 4 (s. 624-644)
- Leisinger, K. M. (2009) “The Role of Corporations in Shaping Globalization with a Human Face” i J. Straus (red.) (2009) *The Role of Law and Ethics in the Globalized Economy*. Vol. 10. Berlin: Springer (s. 27-45)
- Lewis, A. Og Cullis, J. (1990) ”Ethical Investments: Preferences and Morality” i *The Journal of Behavioral Economics* (1990), Vol. 19, No. 4 (s. 395-411)
- Lewis, J. og Nicholls, C. M. (2014) ”Design Issues” i J. Ritchie, J. Lewis, C. M. Nicholls og R. Ormston (red.) (2014) *Qualitative research practice. A Guide for social science students and researchers* .2. Utgåve. London: Sage
- Lyons, G. (2007) “State Capitalism: The Rise of Sovereign Wealth Funds” i *Law and Business Review of the Americas* (2008) Vol 14, No. 1 (s. 1-62)
- Mahoney, J. og Thelen, K. (2010) “A Theory of Gradual Institutional Change” i J. Mahoney og K. Thelen (red.) *Explaining Institutional Change. Ambiguity, Agency, and Power*. Cambridge: Cambridge University Press (s. 1-37)
- Maxwell, J. A. (2013). *Qualitative research design: An interactive approach*. 3. Utgåve. California/London/New Dehli/Singapore: Sage Publications
- McKinsey and Company (2011) ”Statlig Eierskap” [Internett]. Henta 08.08.16 frå

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/nhd/vedlegg/rapporter2011/statligeierskap.pdf>

- Meld. St. 25 (1973-1974). *Petroleumsvirksomhetens plass i det norske samfunn.*
- Meld. St. 2 (1996-1997). *Revidert nasjonalbudsjett 1997.*
- Meld. St. 61 (1996-1997). *Om eierskap i næringslivet.*
- Meld. St. 12 (1997-1998). *Kredittmeldinga 1996.*
- Meld. St. 1 (1997-1998) *Nasjonalbudsjettet 1998.*
- Meld. St. 2 (1997-1998). *Revidert nasjonalbudsjett 1998.*
- Meld. St. 2 (1998-1999). *Revidert nasjonalbudsjett 1999.*
- Meld St. 37 (1998-1999). *Tillegg til St meld nr 46 (1997-98) om Olje og gassvirksomheten; oljemarkedspolitik, rammebetingelser, Investeringsutvalgets rapport og kostnadsoverskridelsene i Åsgårdkjeden.*
- Meld. St. 1 (1999-2000). *Nasjonalbudsjettet 2000.*
- Meld. St. 36 (2000-2001). *SND: Ny giv, ny vekst, nytt næringsliv.*
- Meld. St. 2 (2000-2001). *Revidert nasjonalbudsjett 2001.*
- Meld. St. 1 (2002-2003). *Nasjonalbudsjettet 2003.*
- Meld. St. 8 (2002-2003). *Kredittmeldinga 2001.*
- Meld. St. 19 (2002-2003). *En verden av muligheter- globaliseringens tidsalder og dens utfordringer*
- Meld. St. 2 (2003-2004). *Revidert nasjonalbudsjett 2004.*
- Meld. St. 37 (2003-2004). *Kredittmeldinga 2003.*
- Meld. St. 38 (2003-2004). *Om petroleumsvirksomheten.*
- Meld. St. 1 (2004-2005). *Nasjonalbudsjettet 2005.*
- Meld. St. 2 (2005-2006). *Revidert nasjonalbudsjett 2006.*
- Meld. St. 1 (2006-2007). *Nasjonalbudsjettet 2007.*
- Meld. St. 13 (2006-2007). *Et aktivt og langsiktig eierskap.*
- Meld. St. 1 (2007-2008). *Nasjonalbudsjettet 2008.*
- Meld. St. 1 (2008-2009). *Nasjonalbudsjettet 2009.*
- Meld. St. 7 (2008-2009). *Et nyskapende og bærekraftig Norge.*
- Meld. St. 20 (2008-2009). *Om forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2008.*
- Meld. St. 10 (2009-2010). *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2009.*
- Meld. St. 1 (2010-2011). *Nasjonalbudsjettet 2011.*
- Meld. St. 15 (2010-2011) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2010.*
- Meld. St. 1 (2011-2012). *Nasjonalbudsjettet 2012.*

- Meld. St. 19 (2011-2012). *Noregs deltaking i den 66. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 65. generalforsamlinga i FN.*
- Meld. St. 1 (2013-2014). *Nasjonalbudsjettet 2014.*
- Meld. St. 19 (2013-2014). *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2013.*
- Meld. St. 1 (2014-2015). *Nasjonalbudsjettet 2015.*
- Meld. St. 23 (2015-2016). *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2015.*
- Meld St. 29 (2014-2015). *Globalisering og handel. Muligheter og utfordringer for Norge i handelspolitikken.*
- Meyer, J. W. og Rowan, B. (1977) "Institutionalized Organizations: Formal Structure as Myth and Ceremony" i *American Journal of Sociology* (1977) Vol. 83, No. 2 (s. 340-363)
- Milne, R. [Financial Times] (2013) "Proposals to Shake up Norway's Oil Fund" [Internett]. Henta 18.02.17 frå <https://www.ft.com/content/5b353c10-4ada-11e3-8c4c-00144feabdc0>
- Milne, R. [Financial Times] (2014) "Norway Scraps Oil Fund Ethics Committee" [Internett]. Henta 18.02.16 frå <https://www.ft.com/content/92cef506-bbe3-11e3-84f1-00144feabdc0>
- Monk, A. (2009) "Recasting the Sovereign Wealth Fund Debate: Trust, Legitimacy, and Governance", i *New Political Economy* (2009) Vol. 14, No. 4 (s. 451-468)
- Morgan, D. L. (2008) "Sample" i L. M. Given (red.) (2008) *The SAGE Encyclopedia of Qualitative Research Methods*. Vol. 1. California: SAGE Publications, Inc.
- Nielsen, K. (2005a) "Introduktion: Institutionelle Tilgange Inden for Samfundsvidenskaberne" i K. Nielsen (red.) (2005) *Institutionel Teori. En Tværfaglig Introduktion*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag (s. 11-44)
- Nielsen, K. (2005b) "Institutionel Forandring" i K. Nielsen (red.) (2005) *Institutionel Teori. En Tværfaglig Introduktion*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag (s. 233-260)
- Norges Bank Investment Management (1998a) "Konsekvenser for forvaltningen av petroleumsfondet av å innføre spesielle etiske retningslinjer" [Internett]. Henta 25.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2011-og-eldre/1997-2000/konsekvenser-for-forvaltningen-av-petroleumsfondet-av-ainnfore-spesielle-etiske-retningslinjer/>
- Norges Bank Investment Management (1998b) "Statens petroleumsfond - hovedtall for forvaltningen 1996- 1998" [Internett]. Henta 25.01.17 frå https://www.nbim.no/globalassets/reports/2000_1999_-1998/1998-hele.pdf

- Norges Bank Investment Management (1999a) “Årsrapport 1999” [Internett]. Henta 25.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/rapporter/2011-og-eldre/1999/arsrapport-1999/>
- Norges Bank Investment Management (1999b) “Konsekvenser for forvaltningen av petroleumsfondet dersom spesielle miljøhensyn blir lagt til grunn ved valg av investeringsstrategi” [Internett]. Henta 25.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2011-og-eldre/1997-2000/konsekvenser-for-forvaltningen-av-petroleumsfondet-dersom-spesielle-miljohensyn-blir-lagt-til-grunn-ved-valg-av-investeringsstrategi/>
- Norges Bank Investment Management (2000) “Årsrapport 2000” [Internett]. Henta 27.01.17 frå https://www.nbim.no/globalassets/reports/2000_1999_1998/2000-arsrapport-norsk.pdf
- Norges Bank Investment Management (2001) “Forslag til endring av forskrift for forvaltning av statens petroleumsfond” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2011-og-eldre/2001/forslag-til-endring-av-forskrift-for-forvaltning-av-statens-petroleumsfond-/>
- Norges Bank Investment Management (2003) “Høring - NOU 2003: 22 Forvaltning for fremtiden” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2011-og-eldre/2003/horing---nou-200322-forvaltning-for-fremtiden/>
- Norges Bank Investment Management (2004) “Alternative modeller for Miljøfondet” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2011-og-eldre/2004/alternative-modeller-for-miljofondet-/>
- Norges Bank Investment Management (2006) “NBIM forvaltningsrapport 1. kvartal 2006” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/globalassets/reports/2006/2006-q1-nor.pdf>
- Norges Bank Investment Management (2007) “Årsrapport 2007” [Internett]. Henta 27.01.17 frå https://www.nbim.no/globalassets/reports/2007/nbim_07-arsrapport.pdf
- Norges Bank Investment Management (2008) “Brev i anledning høringen om de etiske retningslinjene for forvaltningen av Statens pensjonsfond - utland” [Internett]. Henta 08.02.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2011-og-eldre/2008/brev-i-anledning-horingen-om-de-etiske-retningslinjene-for-forvaltningen-av-statens-pensjonsfond--utland/>

- Norges Bank Investment Management (2010) “Årsrapport 2010” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/globalassets/reports/2010/norsk-arsrapport-2010-24-mars-printed.pdf>
- Norges Bank Investment Management (2014) “Ansvarlig forvaltning 2014” [Internett]. Henta 27.01.17 frå https://www.nbim.no/globalassets/reports/2014/responsible-investment-report/ansvarligeierskap_2014_no_web.pdf
- Norges Bank Investment Management (2015a) “Årsrapport 2015” [Internett]. Henta 27.01.17 frå https://www.nbim.no/contentassets/70de238e3f6747228b76a99ec24c53ed/arsrapport_2015_web2.pdf
- Norges Bank Investment Management (2015b) “Ansvarlig forvaltning 2015” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/contentassets/96608d5f04eb4a138fa88f8fdf937b70/20160211-ansvarlig-forvaltning-2015.pdf>
- Norges Bank Investment Management (2015c) “Investeringer og virkemiddelbruk i kullselskaper” [Internett]. Henta 27.01.17 frå <https://www.nbim.no/no/apenhet/brev-til-finansdepartementet/2015/investeringen-og-virkemiddelbruk-i-kullselskaper/>
- Norges Bank Investment Management (2016) “Årsrapport 2016” [Internett]. Henta 02.02.17 frå <https://www.nbim.no/contentassets/41460fa6a42b4bd4a758429b90f80da2/statens-pensjonsfond-utland---arsrapport-2016.pdf>
- Norsif (2017) “Hva er ansvarlig og bærekraftig investeringsvirksomhet?” [Internett]. Henta 02.03.17 frå <http://norsif.org/ressurser/#ansvarligeinvesteringer>
- NTB [Aftenposten] (2014) “Etikk kostet oljefondet 5 milliarder i år” [Internett]. Henta 02.04.17 frå <http://www.aftenposten.no/norge/Etikk-kostet-oljefondet-5-milliarder-i-ar-71326b.html>
- NTB [Aftenposten] (2016) “Blåste i tobakken - tapte milliarder” [Internett]. Henta 02.04.17 frå <http://www.aftenposten.no/norge/Blaste-i-tobakken---tapte-milliarder-53278b.html>
- Norges Offentlige Utredninger 2003:22. *Forvaltning for fremtiden. Forslag til etiske retningslinjer for Statens petroleumsfond.*
- Norges Offentlige Utredninger 2004:7. *Statens forretningsmessige eierskap. Organisering og forvaltning av eierskapet.*
- Norges Offentlige Utredninger 2016:20. *Aksjeandelen i Statens pensjonsfond utland.*
- Oliver, C. (1992) “The Antecedents of Deinstitutionalization” i *Organization Studies* (1992), Vol. 13, No. 4 (s. 563-588)

- Hansen, Ø. J. og Rasen, B. [Olje- og energidepartementet/Oljedirektoratet] (red.) (2012) "FAKTA 2012- Norsk Petroleumsvirksomhet" [Internett]. Henta 02.05.17 frå http://www.npd.no/Global/Norsk/3-Publikasjoner/Faktahefter/Fakta2012/Fakta_2012_web.pdf
- Prp. St. 1 (1996-1997). *Om endringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden for 1997 under enkelte kapitler under Sosial- og helsedepartementet.*
- Prp. St. 1 (2001-2002). *Statsbudsjettet medregnet folketrygden.*
- Prp. St. 1 (2002-2003). *For budsjetterminen 2003.*
- Prp. St. 34 (2003-2004). *Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003.*
- Prp. St. 1 (2004-2005). *For budsjetterminen 2005.*
- Renneboog, L., Horst, J. T. og Zhang, C. (2008) "Socially Responsible Investments: Institutional Aspects, Performance, and Investor Behavior" i *Journal of Banking and Finance* (2008) Vol. 32 (s. 1723-1742)
- Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra SPU. *Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra Statens pensjonsfond utland av 18.12.14 nr.1793*
- Ringdal, K. (2001) *Enhet og Mangfold. Samfunnsvitenskapelig Forskning og Kvantitativ Metode*. 3. Utgåve. Bergen: Fagbokforlaget
- Rogers, E. M. (2002) "Diffusion of Preventive Innovations" i *Addictive Behaviors* (2002) Vol. 27 (989-993)
- RORG-samarbeidet (2015) "Ti år med etiske retningslinjer (oljefondet)" [Internett]. Henta 07.04.17 frå <http://www.rorg.no/Artikler/3218.html>
- RORG-samarbeidet (2017) "Mediedebatten" [Internett]. Henta 07.04.17 frå <http://www.rorg.no/Artikler/260.html>
- Rose, P. (2008) "Sovereigns as Shareholders", i *North Carolina Literary Review* (2008–2009) Vol. 83 (s. 84–150)
- Schäfer, H. (2012) "Sustainable Finance- A Conceptual Outline" [Working Paper] University of Stuttgart, Faculty of Business and Social Science
- Senel, E., NRK (2014) "Protesterte mot nedleggelse av Etikkrådet" [Internett]. Henta 21.09.14 frå http://www.nrk.no/norge/_-styrk-heller-etikkradet_-1.11649814
- Sovereign Wealth Fund Institute (2008) "Linaburg-Maduell Transparency Index Released" [Internett]. Henta 19.02.17 frå <http://www.swfinstitute.org/swf-research/linaburg-maduell-transparency-index-released/>
- Sovereign Wealth Fund Institute (2016) "What is a SWF?" [Internett]. Henta 02.02.17 frå <http://www.swfinstitute.org/sovereign-wealth-fund/>

- Sovereign Wealth Fund Institute (2017) "Sovereign Wealth Fund Rankings" [Internett].
Henta 05.05.17 frå <http://www.swfinstitute.org/sovereign-wealth-fund-rankings/>
- Sparkes, R. (2002) *Socially Responsible Investment. A Global Revolution*. West Sussex: John Wiley and Sons, Ltd
- Sparkes, R. og Cowton, C. J. (2004) "The Maturing of Socially Responsible Investment: A Review of the Developing Link with Corporate Social Responsibility" i *Journal of Business Ethics* (2004) Vol. 52 (s. 45-57)
- Statens pensjonsfond-loven. *Lov om Statens pensjonsfond av 21.12.05 nr.123*.
- Statsministerens kontor (2013) "Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre og Fremskrittspartiet" [Internett]. Henta 08.08.16 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/a93b067d9b604c5a82bd3b5590096f74/plattform.pdf>
- Statsministerens kontor (2016) "Oversikt over dokumenttyper" [Internett]. Henta 08.08.16 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokument/oversikt-over-dokumenttyper/id2341785/>
- Syse, H. (2011) "Why Responsible Investing?" I W. Vandekerckhove, J. Leys, K. Alm, B. Scholtens, S. Signori, H. Schäfer (red.) (2011) "Responsible Investment in Times of Turmoil", *Issues in Business Ethics*. Vol. 31. Dordrecht/Heidelberg/London/New York: Springer (s. 211-220)
- Sørenes, K. M. [Dagbladet] (2015) "Vil dele opp Oljefondet" [Internett]. Henta 02.02.17 frå <http://www.dagbladet.no/nyheter/vil-dele-opp-oljefondet/60811982>
- Thomas, G. (2011) "A Typology for the Case Study in Social Science Following a Review of Definition, Discourse, and Structure" i *Qualitative inquiry* (2011) Vol. 17, No. 6 (s. 511- 521)
- Torfing, J. A. (2005a) "Institutionelle Teorier Inden for Politologi" i K. Nielsen (red.) (2005) *Institutionel Teori. En Tværfaglig Introduktion*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag (s. 45-64)
- Torfing, J. A. (2005b) "Institutionaliseringsprocesser" i K. Nielsen (red.) (2005) *Institutionel Teori. En Tværfaglig Introduktion*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag (s. 165-180)
- Vandekerckhove, W., Leys, J., Alm, K., Scholtens, B., Signori, S. og Schäfer, H. (red.) (2011) "Responsible Investment in Times of Turmoil" i *Issues in Business Ethics* (2011) Vol. 31. Dordrecht/Heidelberg/London/New York: Springer
- Van Der Zee, E. (2012) "Sovereign Wealth Funds and Socially Responsible Investing: Do's and Dont's" i *European Company Law*, Vol. 9, No. 2 (2012) (s. 141-150)

- Zerubavel E. (1981) *Hidden rhythms*. Chicago/London: The University of Chicago Press
- Zucker, L. G. (1987) "Institutional Theories of Organization" i *Annual Review of Sociology* (1987) Vol. 13 (s. 443-464)
- Østbye, H., Helland, K., Knapskog, K. og Larsen, L. O. (2007) *Metodebok for mediefag*. 3. Utgåve. Bergen: Fagbokforlaget

Vedlegg

Vedlegg 1:

Kodebok

Kodebok nytta for den kvantitative dokumentanalyses av dokument frå regjeringa og NBIM sine elektroniske databaser. Variablane vart også nytta som kategoriar i den kvalitative dokumentanalyses.

| | Variabel | Variabelverdiar |
|----|----------|--|
| V1 | År | ÅÅÅÅ |
| V2 | Type | 1=Proposisjon 2=Melding 3=Rapport, regjering 4=Lover og reglar 5=Brev, regjering 6=NOU 7=Rettleiing og brosjyre 8=Plan og strategi 9=Anbod 10=Arbeidsnotat 11=Konsesjon 12=Rapport, NBIM 13=Forvaltarperspektiv 14=Diskusjonsnotat 15=Brev, NBIM |
| V3 | Opphav | 1=Finansdepartementet 2=Statsministerens kontor 3=Arbeids- og sosialdepartementet 4=Nærings- og fiskeridepartementet 5=Kommunal- og moderniseringsdepartementet 6=Klima- og miljødepartementet |

| | | |
|----|--|--|
| | | 7=Landbruks- og matdepartementet 8=Samferdselsdepartementet 9=Utanriksdepartementet 10=Olje- og energidepartementet 11=Justis- og beredskapsdepartementet 12=Kunnskapsdepartementet 13=Kulturdepartementet 14=Helse- og omsorgsdepartementet 15=Forsvarsdepartementet 16=Barne- og likestillingsdepartementet 17=Ekstern (Utredningar, bestilte rapportar, lovavdeling) 18=NBIM |
| V4 | Direkte eller indirekte omtale | 0=Ikkje nemnt/Ikkje relevant 1=Indirekte 2=Direkte |
| V5 | Omfang | 0=Ikkje nemnt/Ikkje relevant 1=1-5 2=6-10 3=11-15 4=16-20 5=20< |
| V6 | Haldning | 0=Ikkje nemnt/Ikkje relevant 1=Sterkt frårådande 2=Frårådande 3=Nøytral/balansert 4=Tilrådande 5=Sterk tilrådande |
| V7 | Grunngjeving for frårådande/sterkt frårådande haldning | 0=Ikkje nemnt/ikkje relevant 1=Politisk grunngjeving 2=Funksjonell grunngjeving 3=Sosial grunngjeving |

Vedlegg 2:

Intervjuguide

Ein temabasert intervjuguide som vart utarbeida i førekant, og nytta som eit utgangspunkt under samtaleintervjuet. Intervjuet føregjekk over telefon.

Informant 1: Aktør frå Stortinget

| | Tema | Stikkord/spørsmål |
|-----------------|--------------------------------------|--|
| Bakgrunn | Bakgrunns-informasjon om informanten | <u>Formelle roller:</u> <ul style="list-style-type: none"> ● Roller på Stortinget ● Roller i komitear på Stortinget ● Roller i partiet |
| Hovuddel | SPU | <u>Fondets oppstart:</u> <ul style="list-style-type: none"> ● Prosessar kring den fyrste operative drifta av SPU <ul style="list-style-type: none"> ○ Kva diskusjonar hadde dykk rundt opprettinga i Stortinget? ○ Kva oppfatningar gjorde seg gjeldande rundt opprettinga, og den vidare operative drifta? ● Oppfatningar kring SPU <ul style="list-style-type: none"> ○ Hadde dykk diskusjonar kring fondsmodellen? <ul style="list-style-type: none"> ■ Alternative modellar? |
| | Innovasjon av etikk | <u>Etikkens oppstart:</u> <ul style="list-style-type: none"> ● Fyrste kjennskap til etikk <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis gjorde du deg kjent med etiske investeringspraksisar? ● Fyrste diskusjonar på Stortinget <ul style="list-style-type: none"> ○ Kva føregjekk av diskusjonar kring etikk på Stortinget? ● Kjennskap til etiske retningslinjer <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis meinte dykk at desse skulle utformast? ● Kjennskap til andre etiske praksisar <ul style="list-style-type: none"> ○ Vurderte dykk andre etiske eller sosiale strategiar? <u>Bakgrunn for forslag i Stortinget:</u> <ul style="list-style-type: none"> ● Bakgrunnen for forslaga ● Støtte eller motstand til forslaga <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis opplevde du responsen i og ikring Stortinget? ● Eventuelle andre som fremja forslag <ul style="list-style-type: none"> ○ Var det andre diskusjonar enn dei som fulgte etter dykkar forslag? |
| | Spreiing av etikk | <u>Framdrift i saken om minekonvesjonen:</u> <ul style="list-style-type: none"> ● Prosessens start og vidare forløp <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis føregjekk prosessen? ● Involverte aktørar <ul style="list-style-type: none"> ○ Kven tok del i prosessen? ● Reaksjonar <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis vart saken motteke? |

| | | |
|---------------------|-----------------------|---|
| | | <p><u>Under/etter saken om minekonvensjonen:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ● Oppslutning kring etiske retninglinjer <ul style="list-style-type: none"> ○ Var det eit skifte i reaksjonane? ○ Korleis opplevde du desse reaksjonane? ○ Korleis vart det motteke på Stortinget? |
| | Legitimering av etikk | <p><u>Stabilitet kring etikk:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ● Var du/dykk opptekne av å halde på oppslutninga kring dei etablerte etiske verktøya? ● Fremja dykk ytterligare forslag? ● Kom det andre forslag i Stortinget? |
| | Press på etikk | <p><u>Dei siste endringane av dei etiske verktøya:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ● Strategirådets rapport <ul style="list-style-type: none"> ○ Endring i ansvarsfordelinga mellom NBIM, Etikkrådet og Finansdepartementet |
| Oppsummering | | <p>Etterlatt inntrykk og nyare utvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Overordna inntrykk av prosessane i Stortinget ● Overordna inntrykk av SPU <ul style="list-style-type: none"> ○ Overordna inntrykk av SPU dei siste åra |

Vedlegg 3:

Førespurnad om intervju

Sendt ut til informantane som ein førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt. Innhaldet er basert på NSD- Norsk senter for forskningsdata sin “Veiledende mal for informasjonsskriv” (kjelde: http://www.nsd.uib.no/personvernombud/hjelp/informasjon_samtykke/).

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt

Bakgrunn

Føremålet med prosjektet er å undersøke forvaltninga av Statens Pensjonsfond Utland sitt arbeid med å introdusere etikk til fondets investeringsaktivitetar. Studien skal særskilt sjå på korleis etikk har vorte presentert til fondets forvaltning, og deretter integrert og utvikla til dagens styringsmodell. Undersøkinga utgjer ein del av mi masteroppgåve ved Universitetet i Bergen og institutt for administrasjon og organisasjonsvitskap.

Di deltaking i undersøkinga er relevant for å kaste lys over korleis dagens styringsmodell har vorte utarbeida. Utveljinga av deltakar har føregått som ei vurdering av dokument i og ikring fondets forvaltning. Det er dermed antatt at du som deltakar sit på kunnskap som kan belyse dette temaet ytterligare.

Kva inneberer deltaking i studien?

Datainnsamlinga i undersøkinga føregår som ei større analyse av dokument kring fondets forvaltning. I tillegg vil det gjennomførast enkelte samtaleintervju med sentrale informantar som kan belyse funna frå dokumenta. Intervjua føregår over telefon, og antas å vare i 30-50 minutt. Spørsmåla vil omhandle di rolle i forvaltninga av SPU, samt dine inntrykk av korleis sentrale prosessar har gått føre seg i og ikring fondet. I tillegg til informasjon om prosessane vil det også bli spurt om du kjenner til informantar som kan tenkjast å belyse temaet eller spørsmåla ytterligare. Informasjonen vert registrert i form av lydopptak og notat undervegs.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysingar vert handtert konfidensielt. Desse skal lagrast på privat data så lenge prosjektet føregår. Funna frå studien skal delast med rettleiar og ei forskingsgruppe på instituttet, og presenterast for instituttet for øvrig. Masteroppgåva vert publisert i sin heilskap i forskingsdatabasen Bergen Open Research Archive (BORA) etter endt levering.

Di deltaking i prosjektet vil kunne gjenkjennast i publikasjonen, i form av opplysingar knytt til din noverande og/eller tidlegare stillingstittel, eventuelle noverande og/eller tidlegare verv og partitilhøyrighet. Det vert ikkje publisert ytterligare informasjon knytt til deg og din person for øvrig.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 01.06.17. Vidare bruk av studien kan knytast til større prosjekt om Statens Pensjonsfond Utland, men då vil eg sjølv stå for behandlinga av informasjonen som er innhenta. I mellomtida vil dataa lagrast på privat maskin. Det føreligg ikkje noko umiddelbare planar for vidare bruk av datamaterialet etter endt masteroppgåve.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan kor tid som helst trekkje ditt samtykke utan å oppgje noko grunn. Dersom du trekkjer deg, vil alle opplysningar om deg bli anonymisert.

Om du har spørsmål til studien, ta kontakt med student Ragnhild Bjørvik Fugle på epost [redacted] eller tlf [redacted], eller rettleiar Thor Øivind Jensen på epost [redacted] eller tlf [redacted].

Studien er meldt til Personvernombodet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Helsing Ragnhild Bjørvik Fugle